



# Årsmelding 2018 med rekneskap



Sunnhordland Maraton 2018

Foto: Svein Andersland

# Formenn i laget

Leif Tonning	1914–15
Magnus Jansen	1916–17
Bjarne Dahl	1918–19
Harald Nordenborg	1920–25
Magne Mugås	1926
Harald Nordenborg	1927–28
Tor Haugland	1929–30
Harald Nordenborg	1931
Ludvig Ytterdal	1932–33
Halvdan Hystad	1934–36
John Fadnes	1937–39
Reidar Hystad	1940
John Fadnes	1945
John Engelsen	1946–47
Reidar Hystad	1948
John Fadnes	1949–51
Trygve Grøsvik	1952–53
Amund Engelsen	1954
Svein Barmen	1955–58
Trygve Grøsvik	1959–61
Johann Belsvik	1962–67
Eyvind Haugland	1968–79
Gudmund Sørensen	1980–83
Eyvind Haugland	1984–86
Harald Karlsson	1987–95
Hans Aaserud	1995–98
Jarle Myklebust	1999–00
Marit Sætre Cuickshanks	2001–02
Henning R. Iversen	2003–11
Magne Jostein Mikkesson	2012–15
Nina H. Sleen	2016–



# Årsmelding 2018 med rekneskap

1914  2018

# ÅRSMELDING 2018

**Dagsorden årsmøte den 4. april 2019.**

1. Opning.
2. Godkjenning av stemmeberettiga
3. Val av ordstyrer og møtereferentar.
4. Valg av to representantar til underskrift av protokoll.
5. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
6. Årsmelding frå hovedstyret.
7. 1. Årsmelding frå gruppene.
8. 2. Årsmelding frå allianseidrettslag.
9. Godkjenning av årsregnskap frå hovedstyret og gruppene.
10. Innkomne forslag.
11. Godkjenning av hovedlaget og gruppene budsjett 2019.
12. Fastsette kontingent for 2020.
13. Godkjenning av gruppestyra.
14. Valgkomiteen si innstilling.
15. Heidersmerker.
16. Avslutning.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Leiar: Nina H. Sleen

Nestleiar: Torger Tvedten

Unge Aktive: Oda Kyvik Skard

Styremedlemmar: Kjartan Grov, Anne Sissel Mugaas og Terje Aas

Styret har hatt åtte styremøter i perioden der gruppeformennene har vore invitert til eit utvida styremøte i etterkant av hovudstyremøte 4 av dei. Dette tiltaket har fungert godt, og frammøte frå dei ulike gruppene har vore svært bra.

Styret i hovudlaget har jobba mykje med å få på plass ein ny strategi plan med utgangspunkt i samlinga med Arne Njøten i Hordaland idrettskrets.

Leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune vart vedteke i kommunestyret i november 2015. Avtalen er på ti år og omfattar alle anlegga på Vikahaugane, Langelandsbanen og Åsbanen. Stord Idrettslag betalar ei samla årleg leige på kr 1.300.000. Me disponerer anlegga frå kl. 15.00 til kl. 22.00 på kvardagar og i helgene. Me har rett til framleige i denne tida og disponerer inntektene dette gir. Vidare har me alle inntektene av reklamesal på anlegga.

Stord kommune har ansvar for drift og vedlikehald i areale inne og skal ha driftspersonell på anlegget i vår aktivitetstid. Avtalen inneber at Stord Idrettslag også skal gjera litt vedlikehald på anlegga.

Avtalen inneholder også leige av om lag 20 timer trening i Nordbygdochallen. Stord Fotball har eigen avtale som omhandlar banane på Vikahaugane, Langeland og Ås.

Organiseringa som eit allianseidrettslag der Stord Fotball, Stord Orientering og Stord Svømming er sjølvstendige klubbar i alliansen, fungerer no godt. Leiarane i desse laga er inviterte til dei utvida styremøta og stiller aktivt opp.

For historia blir årsmeldingane for allianseidrettslaga inkludert i denne årsmelding under seksjon 6.2 Årsmeldinga under denne seksjonen vert handsama som ei orienteringssak.

## 2. MEDLEMSTAL OG HOVEDOPPGÅVER.

Dagleg leiar har fortsett arbeidet med å få betre oversikt over medlemsmassen i Stord IL, og arbeidet vil fortsetta for fullt i 2019.

Innkrevjing av medlemskontingent har vore Dagleg leiar sitt ansvar i 2018. Dette har fungert svært godt.

Basert på rapportar frå gruppene og allianseidrettslaga har Stord Allianseidrettslag no 2156 medlemmer pr. 31.12.2018, av desse er det 846 jenter og 772 gutter mellom 3 og 19 år.

Hovudstyret vil i tida som kjem halda fram arbeidet inn mot laget sine grupper og allianselag for å gi fleire born og unge eit tilbod. Hovudlaget har jobba med beredskapsplan i 2018.

## 3. HØGDEPUNKT

Denne delen er delt i to avsnitt, der siste delen omhandlar allianseidrettslaga.

### Handball

I seriespillet har handballgruppen hatt påmeldt 57 lag. Damelaget enda på ein 9.,plass i 2. divisjon våren 2018. Herrelaget på ein 6. plass.

Svært gledeleg at fleire spelarar er tekne ut til regionslag for aldersbestemte lag og Jørgen Lunde Flotve inne i varmen på ungdomslandslaget.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Stord United er ein fantastisk gjeng som viser stor idrettsglede i alle sine kampar. Handballfestivalen vart arrangert for 29. gong. Det vart igjen en suksess med 404 lag og rundt 4.000 deltagarar + lagleiare og foreldre. Dette er det desidert største arrangementet i Stord Idrettslag. Arrangementet gjekk som vanleg knirkefritt under leiing av «Team Kjartan».

### Hafocup:

En populær turnering for skuleklassar der ein spelar 10 min fotball og 10 min handball.

Mini-HAFO 1.-3 trinn, Barne-HAFO 4-7 trinn og Ungdoms-HAFO 8-10 trinn.

Gruppa jobbar godt og har ein sunn økonomi.

### Friidrett

Friidrettsgruppa har også i 2018 markert seg positivt i Stord Idrettslag.

Det største sportslege høgdepunktet har Tom Erling Kårbo og Pernille Epland stått for, med kvart sitt NM-gull. Pernille 10 000m og Tom Erling 3000m hinder.

Tom Erling deltok også i Europameisterskapet i Berlin, der han løp 3000m hinder, kor han endte på 11. plass i finalen.

I aldersbestemte klassar har utøvarar frå Stord markert seg svært godt både i krets- og nasjonal samanheng.

Gruppa har etter kvart etabler ein del arrangement som dei tradisjonen tru gjennomfører kvart år. Parkløpet, Tine stafetten, Sentrumsstaffen, Bruløpet, Stord leikane, Stordløpet vart arrangert for 41. gong og Motbakkeløpet samlar dei som likar melkesyre i beina.

Bru- og Halvmaratonløpet har også ei fin stigning i deltakara.

Sunnhordland maraton vart ein stor suksess da det vart arrangert for første gong våren 2018.

Gruppa jobbar godt og har ein sunn økonomi.

### Turn

Gruppa har i 2018 auka tal på medlemmer, særleg blant dei yngste. Gruppa har eit brent utval av aktivitetar/ greiner å tilby sine medlemmer.

Gruppa kan vise til gode resultat innan fleire greiner i kretssamanheng. Juniortroppen blei kretsmeister i teamgym våren 2018.

Tradisjonen tru var det turngruppa som organiserte 17. mai arrangementet.

I 2018, som tidlegare år, var det halde Juleoppvisning før jul på Vikahaugane. Stor stemning og mykje folk i hallen.

Det vart brukt pengar på oppgradering av utstyr som kjem alle til gode.

Gruppa jobbar godt og har ein sunn økonomi.

### Ski

Skigruppa arrangerte rulleski kurs for born/ ungdom som har tilhald ved mottaket på Heiane, rulleskirenn og krinssamling og Tysdagstrimmen er fortsett ein populært aktivitet.

Det vert jobba svært godt i barne- og ungdomsgruppa. Denne gjengen markerar seg godt i renn både i og utanfor fylket vårt.

Gruppa sine medlemmar har også i år delteke i ei rekke nasjonale og lokale renn :

Ungdommens Holmenkollrenn, Hovedlandsrennet, KM, Haukelirennet, Helterennet, Birkebeinarrennet, Helterennet og Vasaloppet blant veteranane.

Løypemaskinen er i full drift, noko som gir ein svært god kvalitet på løypene. All løypekjøring føregår på dugnad og er til fri bruk for ålmenta.

Gruppa jobbar godt og har ein sunn økonomi.

### Skeiser

Skeisegruppa markerar seg godt i det norske skeisemiljøet. Samanliknar ein personlege rekordar pr. 01.01.2019 viser dette svært stor framgang for fleire løparar, og særskilt mellom dei yngre er det mange lovande løparar. Det er stas at me har fleire lovande jenter med i gruppa, spesielt Dina Storelid har vist svært gode resultat.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Gledeleg av året er at mange har tatt steget opp i Elitegruppa i 2018.  
Gruppa jobbar godt og har ein sunn økonomi.

### Volleyball

Damelaget spelte i 2. divisjon i sesongen 2018/2019. Herrelaget spelte i 3 divisjon.  
Det har vore god aktivitet på laga i dei yngre rekkjene.  
Ivar Utbjøe Andersland og Eirik Åsmul klarte sølv i U19, eit steg opp frå fjoråret.  
Gledeleg med fleire uttak blant aldersbestemte medlemmer til å representera fylke for  
aldersbestemte lag.  
Av arrangement må nemnast Kværner Hobby Volley-turneringa som vert arrangert kvar vår  
og haust.  
Gruppa jobbar godt og har ein sunn økonomi.

### ALLIANSELAGA

#### Fotball

Stord Fotball sitt unge herrelag spelte i 3. divisjon.  
Eit ungt damelag spelte i 3. div i 2018, på ein imponerande måte.  
Klubben har representert på regionalt og nasjonalt nivå.  
Einar Iversen gjekk i løpet av fjordårets sesong til Everton og har vore på landslag samling for  
aldersbestemte lag, tilbakemeldingane på prestasjonane hans er gode.  
Ida Holm Neseit vart teken ut til landslagssamling og det er mange unge lovande spelarar på  
gute og jente sida som er på kretslagssamlingar.  
Det har vore jobba godt og målretta i ungdomsavdelinga og barnefotballgruppa. I 2018 har  
Stord Fotball delteke med 53 lag i serien og tel ca. 500 medlemmar. Dette gjer klubben til ein  
av dei største i Hordaland.  
Viktige rekrutteringstilbod er Talentskulen, Jenteløftet, Teknikkskulen og Akademiet.  
Putte festivalen vart gjennomført for 29. gong.

#### Orientering

Det har også i år vore god deltaking på lokalløp og turorientering har også i år vore eit  
populært tilbod.  
Kretsløp, Kristonløpet, sprintløp, nybyrjarkarusell, Romjulsløpet og ranking løp vart  
arrangert.  
Sportsleg har allianselaget hevda seg svært godt i fleire konkurransar i år.  
Gruppa jobbar godt og har ein sunn økonomi.

#### Symjing

Symjarane i alle grupper har hatt fin sportsleg framgang i 2018. Me har hatt deltakarar på NM  
senior og junior. Vidare har fleire symjarar delteke på Bergen Swim Festival, Stavanger Open  
og i Nordsjøstemnet.  
Symjeklubben arrangerte Svømmeskule i vinterferien og haustferien og Tryggivann 2018. Nordsjøstemnet  
hadde gruppa med deltakare, med svært gode resultat.  
Gleda var stor i gruppa då det i 2018 vart installert nye startblokker i bassenget.  
Gruppa jobbar godt og har ein sunn økonomi.

#### Alle grupper og allianselag:

Det er all grunn til å glede seg over det omfattande arbeidet som vert lagt ned i barne- og  
ungdomsidrett. Det er her me skapar breidda som gjer at me seinare kan utvikla toppar i dei  
enkelte idrettane. I eit godt samarbeid med Idrettsfag på Stord Vidaregående skule har me fått  
fram ein flott treningskultur som kan måla seg med det beste i landet.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Likevel skal hovudregelen i arbeidet vårt vera:

***Å skapa ei meiningsfylt fritid for alle på alle nivå.***

### 4. ØKONOMI

Alle gruppene har lukkast med sine mål for økonomistyringa, og alle gjekk med overskot i 2018.

Styret i Hovedlaget legg fram året sitt rekneskap som viser eit driftsresultat for 2018 med eit driftsresultat på **kr 1 697 484** og årsresultat på **kr 1 725 829**

Total omsetning utgjer **kr. 15 309 603**

Desse tala omfattar ikkje dei tre gruppene som er gått ut som sjølvstendige idrettslag i alliansen.

Styret i Hovudlaget vil understreka at alle regnskap er ført i samsvar med god rekneskapskikk i nært samarbeid med laget sin revisor, KPMG.

Hovudlaget har fortsatt sin avtale med Aktiva for føring av rekneskap, noko som ein er nøgd med.

Budsjettdisiplin og styring, med fokus på auka inntekter er alltid sentrale tema for idrettslaget. Interne rutinar i rekneskapsføring er i 2018 vorte mykje betre. Dette skuldast i hovudsak tett oppfølging av hovudlaget sin rekneskapsførar Aktiva og KPMG.

### 5. SAMFUNNSREKNESKAP

Styret i Hovudlaget utarbeida i 2003 for fyrste gang eit samfunnsregnskap for å synleggjera den innsatsen som idretten bidrar med i samband med å skapa ei meiningsfylt fritid og gode opplevingar for born og ungdom.

Styret har fortsett dette arbeidet sidan oppstartinga, og den samla innsatsen frå våre leiarar, oppmenn, trenarar og ikkje minst dugnadsarbeidande medlemmar utgjer ein formidabel verdi i overkant av **70 MNOK**.

Styret har ved ei rekke høve presentert denne innsatsen ovanfor både politikarar, presse og sentrale delar av Norges Idrettsforbund. I budsjettdebatten i Stord kommune hausten 2015 fekk me gjennomslag for støtte til dagleg leiar på kr. 200 000. Dette gjaldt også for 2018. Me er med på å skapa eit levedyktig samfunn med gode oppvekstvilkår, og ei meiningsfylt fritid for oss alle i kommunen vår.

Styret i hovudlaget vil retta ei stor takk til alle som er med og gjer dette mogleg.

### 6. ANLEGGSSUTVIKLING

Stord IL bevilga 150 000,- for å få ein langsiktig arealutnyttings plan for Vikahaugane i samarbeid med Stord kommune.

I langtidsbudsjettet for Stord kommune vart det sett av betydelege midlar til renovering av Stord Idrettspark. Hovudstyret med tidlegare leiar tok aktivt del i planlegginga og gjennomføringa av dette arbeidet. Stord Idrettslag er svært spent på kva som kjem til å skje med Rackethallen.

Dette er ein viktig arena for breddeaktiviteten i handballgruppa.

Fotballgruppa tok opp privat lån i 2015 for å få realisert garderobebygget og sekreteriathuset på Vikahaugane. Her er me fortsatt i dialog med Stord kommune for å få ei kommunal støtte til å redusera lånegjelda. Dette er eit rimeleg krav, all den tid skulane nyttar desse nye fasilitetane på dagtid gratis.

Turngruppa investerte i ein del nytt utstyr som kjem alle til gode.

Skeisegruppa jobbar framleis med å få tak over skeisebanen. Det ligg føre eit prosjekt som er godkjent av departementet. Målet var å greia å få på plass ei finansiering i løpet av 2018.

Dette arbeidet vert jobba vidare med i 2019.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Skigruppa har i 2018 fortsett arbeidet med å få fram planar for opprusting/ny veg til Heio, samt skissert nytt stadionanlegg på nedre Heio. Her har det blitt gjort litt med vegen opp mot Heio etter at kommunen fekk midlar frå staten.

Stord kommune må på banen når det gjeld vegen. Vidare er det vist betre veg frå eksisterande ski stadion og fram til Lundseter kraftstasjon.

Idrettslaget med spesielt Fotballgruppa i spissen har behov for meir areal og håpar ein kan få brukt arealet bak lagerskura på Stadion. Dette arbeidet må ein ha fokus på i 2019.

Stord Symjing og idrettslaget er svært spent på kva som vil skje med basseng situasjonen framover og at me håper løysninga vil vera tilfredstillande for vidare drift både under og etter at arbeidet med utbedring/bygging pågår.

### 7. HEIMESIDER/ SOSIALE MEDIER

Hovudstyret har i samarbeid med AREGO utvikla internetsider for Stord Idrettslag.

Utfordringa er å oppdatera sidene slik at medlemmer og andre får informasjon om kva som skjer i laget. Her er det for stor skilnad mellom gruppene.

Dette vert eit arbeid dagleg leiar i laget skal jobba vidare med.

For å følgja med i tida innan sosiale medier er Stord IL no aktive på Facebook. Her legg dagleg leiar, styret og medlemmer av gruppene ut link til artiklar, informasjon om cup, stemner, resultat osv.

### 8. TILLITSVALDE

Stord Idrettslag, på same måte som andre lag som driv dugnads arbeid, har ei utfordring i å rekruttera tillitsvalde til dei einskilde funksjonane i gruppene og i hovudlaget.

Det er eit sterkt ynskje å få fleire unge til å delta aktivt i ulike verv/ styreverv. Hovudstyret oppmodar dei andre gruppene i laget til å prioritera etablering av ungdomsstyre.

Hovudlaget vil takke samlege trenrarar og oppmenn for den fantastiske jobben dei legg ned i løpet av året. Utan dykk ville ein ikkje klart å drive eit så stort og flott idrettslag!

### 9. ARBEIDSMILJØ

Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet blant dei tilsette i gruppene er godt. Det er likevel i periodar svært høg aktivitet, noko som kan føra til utfordrande belastingar for dei tilsette.

Å jobbe i eit idrettslag er ein spesiell jobb. Det vert ofte forventa meir enn kva ein kan få til innan normal arbeidstid. Det kan også lett verta ein litt ”einsam” jobb da kollegiale er lite. Hovudstyret oppfordrar alle som har tilsett om å vera oppmerksame på det.

### 10. YTRE MILJØ

Hovudlaget sitt styre er ikkje kjend med at laget, i si verksemd, påverkar det ytre miljø på ein negativ måte. Ingen av laget sine aktivitetar medfører utslepp til jord eller luft. Hovudlaget vil likevel arbeida aktivt for å redusera biltrafikk til og frå anlegga våre, og oppmodar alle medlemmer til å nytta sykkel eller ta i bruk beina til og frå trening og kampar.

For styret i Stord IL, Hovedlaget

Nina H. Sleen

Leiar

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1 - ÅRSMELDING FRÅ GRUPPENE



**Sak 6.1** Årsmelding fra gruppene.

**Sak 6.1.1** Håndballgruppa

**Sak 6.1.2** Friidrettsgruppa

**Sak 6.1.3** Turngruppa

**Sak 6.1.4** Skigruppa

**Sak 6.1.5** Skeisegruppa

**Sak 6.1.6** Volleyballgruppa

**Sak 6.1.7** Idrettsmerket

**Sak 6.2** Årsmelding fra allianseidrettslag.

**Sak 6.2.1** Stord Fotball

**Sak 6.2.2** Stord Orientering

**Sak 6.2.3** Stord Symjing



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

---



# ÅRSMELDING

Stord Idrettslag Handballgruppa 2018

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Årsmelding Stord Idrettslag Handballgruppa 2018



#### Styret 2018

- Leiar: Aksel Sæther
- Økonomi: Irene Røyrvik Loftheim
- Sportsleg leiar: Ørnulf Botnen
- Sport Senior: Øyvind Nyhammer
- Utstyrssvarleg: Tonje Aamot Haga
- Medlemsansvarleg: Einar Balle
- Arrangementsansvarleg: Line Vad
- Sosialt ansvarleg: Ellen Salomonsen

Styret har hatt jamlege styremøter i 2018. Det har òg vore ei rekke oppmannsmøter for å sikra best mogleg informasjonsflyt og samarbeid i klubben.

#### Økonomi

Regnskap ligg vedlagt. Resultatet for 2018 er vesentleg betre enn i 2017. Hovudsakleg skuldast dette at 2017-tala var prega av samanslåing mellom Breidde og Elite, i tillegg til at me pussa opp handballkontoret dette året. I 2018 har inntektene frå Handballfestivalen gått litt ned, medan andre inntekter og også dei totale bokførte sponsorinntektene har gått opp. Me har hatt eit år med stor aktivitet i laga med mange ungdomslag i Lerøy- og Bring-kvalifisering, og fleire lag har delteke på utanlandsturneringar.

Me har i 2018 investert i minibuss til klubben – noko som har vore ein stor suksess og til nytte for mange av laga og spelarane våre. Målet om å få på plass ein heiltidstilsett trenarressurs i Stord Handball har ikkje lukkast så langt, men det vert arbeida med. Difor vil me fortsetta arbeidet med å halda kostnadane nede slik at det er rom i budsjettet for ei tilsetting når rett person dukkar opp.

#### Medlemstal

Me har delteke i ordinært seriespel (frå J/G10 og til og med senior), minihandball for dei yngste, NM for senior, BRING-kvalifisering og Veteran-NM.

Alder	6-12	13-19	20+	Totalt
Jenter /Damer	164 (225)	99 (97)	62 (63)	325 (385)
Gutar / Menn	85 (91)	53 (46)	63 (64)	201 (201)
Sum	<b>249 (316)</b>	<b>152 (143)</b>	<b>125 (127)</b>	<b>526 (586)</b>

(Tal i parentes er for 2017)

#### Ansatte

Stord Handball har Ann-Helen Hareide tilsett i 40% stilling på Handballkontoret. Ann-Helen gjer ein svært viktig jobb med å halda orden på drifta. Ann-Helen har ansvar for dei vanlege kontoroppgåvane, mellom anna det som går på faktura, omberammingar, dommarrekningar, minibuss, logistikk rundt eigne heimearrangement i hallen og ei rekke andre praktiske gjeremål i den daglege drifta.

### Minibuss

Før sommaren fekk klubben på plass sin eigen minibuss. Denne anskaffinga har vore prega av ein lang avgjerdss prosess, og då er det svært gledeleg å sjå at bussen vert nytta mykje av dei laga som har ein sjåfør tilgjengeleg i trenarapparat eller foreldregruppa.



*Minibussen er ein Ford Transit som tek 17 personar inkludert sjåfør. Bussen er levert av Sunnhordland Bil, profilert av Byrået og skodd med dekk frå Stord Dekkservice (Dekkpartner).*

Det er ein svært sosial måte å reisa til bortekamp på, samstundes er det billegare, tryggare og meir miljøvenleg enn å køyre tre privatbilar. I tillegg har det vore ei god investering for seniorlaga, som kan nytta vår eigen buss i staden for å betala leige til eksterne aktørar. Frå hausten av har me og opna for at eksterne aktørar skal kunna leiga bussen når den ikkje er i bruk av handballgruppa.

### Strategiplan

Styret i Stord Handball sette i 2017 ned eit utval med oppdrag i å utarbeida ein strategiplan for Stord Handball fram mot 2022. Våren 2018 vart Sportsplanen sluttført. Me har sett oss høge mål for dei neste åra, og klubben jobba hausten 2018 for å få på plass en fulltidsressurs som skal hjelpe oss å nå desse måla. Klubben klarte diverre ikkje å få på plass denne ressursen i 2018, og kjem til å jobba vidare for å få dette på plass i 2019.

### Sosialt Utval

Sosialt Utval vart ved inngangen av 2018 ein del av styret i Stord Handball og det er tydeleg at klubben har fokus på miljø og samarbeid i aktiviteten i og rundt klubben. Fleire og fleire lag nytta seg av sosialt utval til å løysa utfordringar knytt til sosiale problemstillingar, bevisstgjering av roller i laga og til å bidra i arbeid av førebyggjande karakter. Posten er ny og kan vera så mangt, og sosialt utval ynskjer å bli brukt endå meir til både det dei vaksne og det dei unge i og rundt laga har behov for innspel på. Det vert jobba med å utarbeida en rutine for at Sosialt Utval skal vera representert på foreldremøte til laga i klubben. Ellen Salomonsen sit som sosialt ansvarleg i styret i Stord Handball og leiar Sosialt Utval.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Handballskule

Rema 1000 Handballskule i regi av Stord Handball gjekk føre seg tre dagar i vinterferien og tre dagar i haustferien. Handballskulen hadde aktivitet frå kl. 09.00 til kl. 15.00 med lunsjservering. I vinterferien var det 50 born som var påmeldt, mens i haustferien var det 60 born som var påmeldt, og me måtte dessverre sei nei til eit par born. Det var born i alderen 6 til 11 år som var påmelde.



*Ein herleg bukett handballspelarar frå haustens handballskule.*

Me hadde våre eigne herre- og damespelarar som instruktørar, i tillegg til 4-6 spelarar frå ungdomsavdelinga som ekstra ressurs. Dette viste seg å vera ei god oppskrift for gjennomføring, då desse ungdommane vart eit bindeledd mellom instruktørane og borna.

Desse dagane får mange ivrige handballspelarar i aksjon. For handballgruppa er handballskulen ein viktig del av rekrutteringsarbeidet til klubben, derfor ser me oss nøgde med både tal på deltakarar og interessa som blir vist for arrangementet.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

### Morgontrening

Før sommaren hadde klubben tilbod om morgontrening både på Vikahaugane og i Nordbygdo. Dei eldste hadde sin morgenøkt på Vikahaugane på torsdag, medan dei yngste trente tirsdagar i Nordbygdohallen. Øktene vert gjennomført mellom kl. 06.45 – 07.45 begge stader, og følgde stort sett skuleruta. Jonas Sjölin hadde ansvaret på Vikahaugane, medan Ørnulf Botnen styrte øktene i Nordbygdo.

Etter sommaren fall tilboden for dei eldste på Vikahaugane vekk, og all morgontrening vart då samla i Nordbygdohallen under Ørnulf Botnen si leiing. Han har fått fast assistanse på kvar økt av Kari Braathen. Som i dei føregåande åra har oppmøtet for dei yngste utøvarane på morgontreninga i Nordbygdo vore stabilt og lege på rundt 18 – 22 utøvarar stort sett kvar gong før sumaren. Etter sumaren blei gruppa endra til å innehalde utøvarar i årsklassa 2005, 2006 og nytt frå hausten utøvarar fødd i 2007.

Innhaldet i øktene har som tidlegare vore retta inn mot teknisk utvikling og ein har sterkt fokus på utvikling av basisteknikk i form av kast og mottak, skot og finter. Det er i tillegg ein del basis samhandling med to spelarar stort sett og enkle spelesituasjonar som vert øvd på for å sette teknikkane ein har øvd inn under press. Øktene inneheld lite eller ingen fysisk trening og det er ikkje speltrening på desse treningane.

Tilboden er tilpassa alderstrinn og på hausten har gruppa vore delt opp i 2005-06 samla på ei økt og i 2007 for seg sjølv. For å sikre at alle får utvikling på sitt nivå har ein altså toteilt turnus kor dei eldste og yngste i gruppa kjem annankvar gong. Før sumaren kunne utøvarar fødd 2006 hospitere opp i eldste gruppa om dei hadde kome langt nok teknisk i si utvikling. Etter sumaren har me haldt dei to gruppene skilt (2005-06 og 2007). Dei eldste er naturleg nok kome lengre reint teknisk i sin basis. Me ser at alle spelarane utviklar seg uavhengig av startnivå og alder.



*Ørnulf Botnen gjev sine instruksar til morgenfriske ungdommar*

Klubben vil kontinuerleg vurdere dette tiltaket, og om det er mogleg å gjeninnføra morgontrening på Vikahaugane slik at det vert eit geografisk nærmare tilbod til dei som soknar til Leirvik/Langeland/Sagvåg.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Keeperløftet

Me vidareførte KEEPERLØFTET med Jakob Saghaug på våren 2018. Dette var vekentlege treningar for målvaktar frå 12 til 16 år med einskilt fokus på individuell teknikk. Samstundes har Mikael Søgaard følgd opp dei eldste målvaktene, og hatt særskilt fokus på gutesida, kor han og har vore involvert på fast basis i G2003/2004-gruppa.

Diverre har me på hausten ikkje klart å oppretthalda tilbodet til dei yngste målvaktene. Klubben ser på denne jobben som særskilt viktig, og jobbar for å få på plass eit heilskapleg tilbod til målvaktene i klubben frå 10 år og opp til senior.

### Handballfestivalen

Handballfestivalen 2018 vart avvikla 18.-21. mai, som vanleg i pinsen. Påmeldinga var stor også i år og me ser at stadig fleire lag melder seg på i god tid. Me ser at me kan krevja tidleg påmelding og at me får gjort litt grundigare planlegging – det er veldig kjekt! 403 lag var påmeldte og det vart avvikla totalt 1.165 kamper på fire dagar.

Me nytta hallar og utebanane på Vikahaugane, i tillegg til hall i Prestegardsskogen Idrettspark. Mange stader vart nytta til innkvartering og over 3.000 personar var innlosjert rundt omkring på skular og liknande. Over 4.500 spelarar var i sving i pinsen.



*Når banneret er på plass så er heile handball-familien i fullt arbeid på og kring Vikahaugane!*

Handballfestivalen hadde aldri vore det same utan alle medlemmene og alle andre som er med og jobbar dugnad! Medlemmene i Stord Handball, friviljuge, samt andre innleigde lag og organisasjonar på Stord er med på denne store dugnadsjobben som no tel om lag 11.000 dugnadstimar til saman. Dette er eit samarbeid som fungerer veldig bra! Me takkar alle for super innsats i alle ledd!

### HAFO

HAFO blei som vanleg gjennomført med BarneHAFO og MiniHAFO på hausten og UHAFO rett før vinterferien. Lag frå Stord-skulane og Fitjar deltok. UHAFO (for ungdomsskulane) blei arrangert i februar med 22 deltagande lag. Nordbygdo blei her beste skule. MiniHAFO (for 1.-3. trinn) hadde 22 påmeldte lag, medan BarneHAFO (4.-7. trinn) samme helg talde 30 lag og rundt 350 deltakarar. Rommetveit blei beste skule og fekk ein sjekk på 5.000 kroner.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

---

### **Eksterne turneringar**

Laga våre har som vanleg vore aktive på turneringsfronten. Det er spesielt kjekt å sjå at ein gamal tradisjon, Rødspætte Cup, vart nytta som påskeferie til fleire av laga. J2004, G2002 og G2004 var i Fredrikshavn og spela denne turneringa i 2018. J2002 reiste til Göteborg og Partille Cup (verdas største handballturnering) på sommaren. J2003 var på Generation Handball i Viborg i august. Dette er samarbeidsturneringa til Stord Handball, kor me utvekslar gávekort på deltaking med dei på Handballfestivalen. Blant dei yngre laga er Kongeparken Cup i Stavanger fortsatt svært populær, og laga frå J2005-07 og G2005-07 tok turen sørover.

### **BRING**

I september spelte både J2002 og G2002 kvalifisering til BRING-serien, den nasjonale serien for J/G 16. Jentene var i Runarhallen kor dei diverre enda med tap mot Molde, Langhus og Runar. Med dei tre tapa måtte jentene vende snuten heimover utan noko meir BRING-spel. Gutane var i Elverumshallen og spelte kvalifisering mot Melhus/Gimse, Elverum og Kabelvåg. Etter siger mot Kabelvåg og tap mot Melhus/Gimse og Elverum var det klart for ekstrakvalifisering i oktober i Giskehallen i Sandnes. Her ble det siger mot Haugaland, men diverre tap mot Sandnes og Sotra. Dermed måtte gutane sjå BRING-toget gå utan dei om bord denne gangen.

### **Minihandball**

I sesongen 18/19 har 5 gutelag og 17 jentelag delteke i Minihandball. I dei årsklassane der det er mogleg spelar laga i Sunnhordlandsserie, men klubben har og lag både på jente- og gutesida som må reisa til Bergen for å få kamptilbod. For sesongen 18/19 vart det innført kortbane handball for J/G 9. Ein kortbane måler 26 x 20m og skal fremja motivasjon og involvering ved mange ballberøringar og stor aktivitet. Det er denne sesongen starta opp lag for jenter fødd i 2011 og gutter fødd i 2011 og 2012.

### **Ungdomshandballen**

Klubben har hatt stor aktivitet i ungdomsavdelinga også i 2018. I strategiarbeidet som blei slutført våren 2018, er ein av målsettingane til klubben sett til at ein skal ha lag med i alle årsklassar og i begge kjønn. Det kan sjå ut som om veksten no i yngre klassar kan skape ein bredde som gjev denne effekten utover i klubbens aldersklassar.

I klubben har ein no utarbeidd ein strategiplan med både kjerneverdiar og normer som skal styra strategiarbeidet vårt. Strategiarbeidet sine rammer blei meir eller mindre fullført i løpet av hausten. Utover det kom ein også veldig etterlengta sportsplan på plass på våren i 2018. Ein er no meir i gong med å implementere arbeidet ultimo 2018 i form av naudsynte tiltak og verkemiddel i ungdomsavdelinga, blant anna eit endra Sportsleg Utval med mykje større breidde/tal i samansetting av folk og mandat. Klubben har klokketru på at dette arbeidet skal vera med å ta klubben mange steg vidare reint sportsleg i tillegg til å gjera klubben meir velorganisert på alle plan. Sportsleg Utval er såvidt starta arbeidet på tamten av 2018 og vil etter planen i 2019 jobba mykje med å få klubben organisert etter sportsplanens tanke.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Ungdomshandballen forts.

Det har vore eit godt år reint sportsleg kor me har sett framgang i mange av våre lag i aldersklassane 12 – 16 år, både på jente- og gutesida. Laga har jobba godt både reint handballteknisk og med det fysiske basisgrunnlaget. Ein anar utifrå plassering på tabellane i både A- og B- puljane til jul at alle laga våre i J/G 12 – 16 er på rett spor i så måte. Det er også slik at hausten 2018 var det lag frå vår klubb inne på A-puljenivå (A1 el. A2) i seriespel i Region Vest på alle alderstrinn frå 12 – 16 år på både jente- og gutesida i klubben. Me ser at det å jobbe målretta over tid er riktig politikk og tenkjer at målretta teknisk utvikling av spelarane våre gjev resultat og det skal alltid vera primær rettesnor for jobben me gjer med ungdomane våre. 2019 er året me trur at nokre av våre lag kan hevde seg heilt i topp i regionen og at fleire lag vil følgja på etterkvart. Det blir difor veldig spanande for oss alle framover. Klubben har auka representasjon på region tiltak som SUM, RUM, Spissa Gruppa, Bylag med fleire no. Det er ein naturleg konsekvens av god jobbing.

Klubben ser generelt at vegen me har lagt ut på er krevjande sportsleg for dei eldre ungdomane våre og det medfører at ein har eit sterkt ynskje om at fleire både erfarne og nye trenrarar i klubben vår skal ta trenarutdanning for å sikra ungdomane god kvalitet i treningsarbeidet. Klubben vil legga til rette for utvikling av trenrarar som har ambisjonar. Spørsmålet om tilsetting av trenrarar på høgare nivå i ungdomsavdelinga har også vore reist i styret som ein naturleg konsekvens av ei slik utvikling og er ei målsetting å få til. Ei anna side med det er at me ser at me våren 2018 faktisk ikkje klarte å skaffa kvalifiserte trenrarar til alle laga våre på eldre ungdom. Stord Handball meiner alvor med målsettinga om igjen å delta jamleg i Bring- og Lerøyserien med aldersbestemte lag og må då få inn rett kompetanse på trenarsida.

Alt snakket om å nå eit visst nivå sportsleg kan likevel fort ta vekk breiddefokuset i klubben. Ein ynskjer i Stord Handball å vera ein klubb for ALLE og har no innført kjerneverdiane VILJE, SAMHALD, RESPEKT som også reflekterer tanken om å vera eit tilbod for alle som vil spela handball uansett nivå.

Me vil vise VILJE til å skapa denne ramma og sørja for å gje eit trenings- og kamptilbod til alle som vil spela handball hos oss. Me vil visa SAMHALD som klubb uavhengig av nivå i gruppene våre. Det går fint an å vera saman mykje på trening sjølv om ein ikkje spelar på same nivå i serien. Og alle spelarane våre skal visast akkurat same RESPEKT uavhengig av kor god ein er i handball på notidspunktet. Me veit at folk utviklar seg ulikt og mange kan bli god til slutt. Tålmod i treningsarbeidet er difor viktig for å gje alle som har lyst ein sjanse til å nå sitt potensiale på ein handballbane. Det ein veit er at for at folk skal bli god er det enkle faktum at dei har nokon å trena SAMAN med det viktigaste av alt!

I 2018, som i 2017, såg me at overgangen til seniorhandball i klubben er ei kritisk fase der opplegget for å ivareta våre yngste utøvarar på senior som vil satsa er krevjande. Både herre- og damelag har siste året hatt ei smalare seniorstamme i laga sine og har vore avhengige av at våre beste ungdomsutøvarar tek steget hurtig opp for aktivt å bli ein del av desse laga. Det kan vera tøft å kombinera med naudsynt basistrenings og det å delta på eigne lag samstundes i ungdomsavdelinga. Me synest likevel at desse ungdomane har gjort ein svært god jobb på våre to beste seniorlag og tatt store steg i året som var.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

---

### Ungdomshandballen forts.

Klubben har også ei breiddemålsetting i senior som skal ivaretakast. Klubben ser ut for å ha klart dette ganske bra i form av eit bra speletilbod på H4 og D5 for både dei med høgare og lågare ambisjonar. For dei som har lyst å utvikla seg har desse laga gitt rikeleg med utfordringar. H4 har hatt det betre etter sumaren då dei nok fekk spele på eit passeleg nivå i 4. div i høve til før sumaren i 3.divisjon. Det å oppleve siger og tap er betre enn berre tap for desse ungdomane. Slik sett er det meir rom for utvikling i stallen på herresida no og fleire her vil ta steget opp til eit stabilisert H2 neste sesong. På damesida ser me at nokre unge talentfulle jenter frå J16 hausten 2018 har blitt dratt inn i damestallen til D2 som slit med breidda i sin stall. Desse har teke nivået bra og er gode bidragsytarar inn i damelaget no. Med eit generasjonsskifte på gong i damelaget er dette naudsynt også neste år.

Før sumaren 2018 køyrt opplegget vidare som i 2017 med målvakttrening for dei yngste målvaktene opp til 14-15 år vektentleg i regi av Jakob Saghaug. Dei eldste oppimot/i senior har hatt Mikael Søgaard som trenar. Det har der handla om oppfølging meir mot prestasjonsutøvaren(senior) med fokus også på fysiske krav til målvaktene på dette nivået.

Etter sumaren har opplegget vore meir direkte knytt til Mikael Søgaard og vore meir behovsprøvd. Planen er å koma litt meir i gong med dei yngre målvaktene igjen i 2019, sidan erfaringane med dette er gode. Jakob Saghaug hadde avgrensa tid hausten 2018 grunna jobbsituasjon og tiltaket for yngre blei då sett på pause. Erfaringa er ganske enkelt at målvaktene våre blir betre skulert teknisk/fysisk/taktisk og at slik trening er veldig verdifull. Dei får ein brei base og blir trygge i mål, noko som er godt synleg i kamp på dei som har vore med på dette.

Klubben har stort sett vore heldig seinare år på yngre lag med foreldre trenarar som har god bakgrunn som spelarar sjølv i klubben vår eller andre stader. Det fungerer stort sett bra i yngre lag, sjølv om ein ikkje alltid har garanti for kompetansen hos desse trenarane. Straks spelarane blir 11 – 12 år gamle aukar krava til kompetanse hos trenarane ein god del, spesielt om ein har mål som klubben vår har sett i sportsplanen om sportsleg utvikling i aldersklassane. Det er ikkje alltid det er like lett å skaffe kvalifiserte trenarar til dette blant foreldre. Klubben ynskjer å sende folk på trenarkurs kvart år, det viser seg likevel i praksis vanskeleg å få foreldre trenarane til å hive seg på slike kurs i tilrekkeleg grad.

Situasjonen våren 2018 var at ein til dømes ikkje klarte å finne ein kvalifisert trenar til blant anna J15 - laget og måtte ty til ein intern ad hoc-løysing der. Andre lag i klubben har og måttat jobba for å finna mest mogleg optimale løysingar med det ein har tilgjengeleg av ressursar. Klubben har heldigvis ein del nøkkelpersonar som tek på seg mykje arbeid i fleire grupper og slik går det rundt på tilfredstillande vis også i dei litt eldre ungdomslaga.

Ein ynskjer som klubb å henta inn ekstern trenarressurs på fulltid for betre å ivareta dei eldste laga våre. Våren 2018 starta ein arbeidet med å henta inn slik ressurs. Trenar er ikkje tilsett enno, prosessen vil fortsetta også i 2019 inntil rett person er på plass i klubben.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Spelarutvikling

Me har i løpet av 2018 hatt ei rekke spelarar på dei ulike utviklingstiltaka til Region Vest og NHF. Me ynskjer å ha med så mange spelarar som mogleg på desse tiltaka, og dekker alle reiseutgifter til desse samlingane – slik at økonomi ikkje skal vera ein faktor for dei uttatte spelarane. Me har og ein god dialog med Region Vest i samband med desse tiltaka, noko som gjer at me som klubb vert høyrd når uttaka skal gjerast.

#### SUM (SoneUtviklingsMiljø - 13 år):

Dette er spelarane sitt første møte med regionale samlingar. Klubben får eit tal plassar basert på kor mange serielag som er påmeldte frå klubben. I 2018 har Stord hatt desse på SUM-samlingar:

Dina Dale, June Hystad, Lea Marie Derås, Madalina Ioana Landa, Maria Agasøster Botnen, Matilde Steensohn-Olsen, Mia Mikkelsen Sæther, Tomine Tvedten, Tuva Gram Økland, Astrid Mosaker, Eline Torkildsen Skorpen, Ingrid Nøstvåg Lim, Kaja Fatland Stokka, Laurence Koppang Skartland, Liva Salomonsen, Marte Petterteig, Thea Breidvik Røstbø, Eiliv Solbakken, Håkon Tranøy Loftheim, Jon Aksel Bruun-Nygård, Juan David Borgenvik Hansen, Nicholas Kaldråstøy Valenza, Ola Matre Hagenes, Theodor Haugland Kvernenes, Fabian Nakken Nicolaisen, Karl Lukas Jonsson, Lukas Skåtevik Skjønberg og Odd-Martin Grov.

#### RUM (RegionalUtviklingsMiljø – 14 til 17 år):

Dette er samlingar for spelarar i Sone 8 som vert gjennomført i samband med våre dametreningar. I 2018 har me hatt desse på RUM-samlingar: Alice Grov, Andrea Sjo Holm, Astrid Lillefosse, Celina Hauge Vatna, Ida Presthaug Vatna, Linnéa Grov Nøkling, Maria Secrieru, Mathilde Brekke Fosse, Mathilde Saghaug, Nora Aas Eriksen, Oda Kyvik Skard, Thea Traa Ludvigsen og Tuva Dahle Nilsen.

#### SPISET GRUPPE (14 år):

Dette er det første regionale tiltaket kor ein har uttak frå regionen si side. Her byrjar det med ei uttakssamling kor klubbane melder inn spelarar. Følgjande spelarar har delteke på desse samlingane i 2018: Helena Hagen Leseth, Johanna Regine Hidle Sæther, Madalina Ioana Landa, Mia Mikkelsen Sæther og Selma Skår Lande, Asadadam Bathatho, Ivar Engelsen, Kristian Grundvold Nøstvåg, Sander Gjøsæter, Andreas Koløy, Eiliv Solbakken, Heine Moe Larsen, Herman Hammer Aadland, Håkon Tranøy Loftheim, Jon Aksel Bruun-Nygård, Juan David Borgenvik Hansen, Lars Engevik Hatlevik, Nicholas Kaldråstøy Valenza, Ola Matre Hagenes og Theodor Haugland Kvernenes.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

**Spelarutvikling forts.**

**BYLAG (15 år):**

Bylaget er det første regionale laget som skal takast ut. På våren 2018 hadde me Andrea Sjo Holm med på samlingar for jentene, medan Jørgen Lunde Flotve, Lars Erik Eide, Ulvar Akselsen og William Julin Hidle Sæther var på samlingar for gutane. Me er svært stolte over at me fekk Jørgen og William med på laget som tok sølv i NM for Bylag i Stavanger!



*Gutane frå Bergen tok sølv i NM for Bylag i 2018 som vart spela i Stavanger i mars.  
Jørgen heilt til venstre i bakarste rekke og William framfor Jørgen i midtre rekke.*

På hausten 2018 har det vore samlingar for spelarar som skal utgjera Bylaget i 2019. Me har hatt desse gutane med i haust: Asadadam Bathatho, Kristian Grundvold Nøstvåg, Nicolai Loftheim Strandos og Sander Gjøsæter. På jentesida har me hatt Anna Koløy, Mali Røvde Litlabø og Mathilde Saghaug med på samlingar.

**REGIONSLAG (17 år):**

Regionslaget representerer Region Vest i NM for regionslag. I 2018 hadde me Jon Vatna Tømmervik med på samlingar. Me kan vera stolte av at Jon og vart teken ut til å representerere Region Vest i NM i Sotra Arena i mai.

**REGIONALE LANDSLAGSSAMLINGAR (RLM):**

Det vert og kjørt regionale landslagssamlingar for årsklassane. I 2018 har me hatt Oda Kyvik Skard med på LK00/01, Jon Vatna Tømmervik på LM00/01, Andrea Sjo Holm på LK02/03 og Jonas Sørheim, Jørgen Lunde Flotve, Kristian Grundvold Nøstvåg, Ulvar Akselsen og William Julin Hidle Sæther på LM02/03.

**LANDSLAGSSAMLING (LM 02):**

Me er svært stolte av at Jørgen Lunde Flotve har vore inne i landslagsvarmen for LM02. I 2018 har han representert Noreg på samlingar og turneringar i Skien, Montargis (Frankrike) og Ikast (Danmark). Jørgen står med to offisielle kampar med flagget på brystet, og me håpar det skal bli mange fleire!

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Damelaget

Damelaget til Stord har dei siste åra opplevd store svingingar i 2. divisjon og det var før sesongen knytt stor spenning til kva prestasjonsnivå laget ville halda seg på. Med nokre sentrale spelarar som melde overgang til Viking, viste hausten i 2018 å bli tøffare enn forventa før sesongstart. Laget har også blitt råka av fleire alvorlege skadar, som korsband og brotskadar. I skrivande stund kjempar ein om å halda plassen, noko som kan sjå utfordrande ut.

Det vil dei kommande åra vera viktig for damelaget at rekrutteringa i klubben er på eit tilfredsstillande nivå. Ein ser at det gror godt på damesida i klubben, og seniorlaget har dei siste åra fått positivt påfyll i troppen frå eigne rekker. Eit slikt påfyll er avgjerande for utviklinga av klubben. Ein kan ikkje basera satsinga på eksterne ressursar, slik må komma innanfrå. I årets sesong har jenter født i 2002 bidrøye positivt ved fleire høve.



*Stord Damer 2. divisjon sesongen 2018/2019*

I forkant av sesongen, var klubben på trenarjakt for damelaget. Det viste seg å vera vanskeleg for klubben å finna ein ny trenar, og ein er såleis takksam for at Bjarte Straume Epland valde å bli med på ein ny sesong. Bjarte er ein person som har vore viktig for utviklinga av damehandballen på Stord dei seinare åra.

Tore Hammer har i år som i fjar stått for den fysiske delen av treninga, ein jobb som er svært viktig innanfor handball. Damelaget har gjennom nokre sesongar klart å byrja på oppbygging av ein trening- og haldningskultur i klubben, noko som kan vera avgjerande på sikt.

Franny Maria Bøthner har også gjennom 2018 gjort ein framifrå innsats rundt laget, og har ei sentral administrativ rolle. Ein er prisgjeven slike ressursar for at ein klubb skal kunne fungera.

Damelaget har også eit lag i 5. divisjon som ligg på 4. plass i skrivande stund. Laget består hovudsakeleg av unge lovande spelarar, og har Tor Christian Sæbø som lagleiar. Ein slik utviklingsarena er viktig for at unge spelarar skal kunna få utvikla seg og testa nye nivå. Såleis vil ein kunna hausta viktig erfaring og ta denne med seg tilbake til kvarldagen i sine respektive aldersbestemte lag.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

### Herrelaget

Stord Handball har dei siste åra opplevd eit generasjonsskifte på herresida i klubben. Ei slik endring byr ofte på utfordringar i form av rutine og kultur, noko klubben må sikra i tida framover. Tidlegare Stordspelar Ingemar Olsson overtok som hovudtrenar for herrelaget hausten 2018. Ingemar har lang erfaring som spelar og har bidrege til ei positiv utvikling i av laget. Tidlegare Stordtrenar Jonas Sjølin, har tatt ansvaret for herrelaget si fysiske trening.



Stord Herrer 2. divisjon sesongen 2018/2019

Forutan Ingemar i trenerrolla, har klubben styrka stallen med Lars Løken. Dette har bidrege positivt, både på og utanfor banen. Det er vidare ikkje gjort fleire anskaffingar av spelarar, men heller eit løft av G16 (2002) opp i herreavdelinga. I så måte har ein lagt til rette for utvikling av motiverte og svoltne ungdommar, samtidig som ein har komplementert A-lagsgruppa. Herrelaget vil dei neste åra ikkje gå til anskaffingar av eksterne ressursar, men leggja ekstra vekt på utviklinga innan eigne rekkrer.

Det er nokre år sidan sist, men Jørgen Flotve har endeleg tatt Stord tilbake på ungdomslandslaget. Jørgen har hatt ei fin utvikling gjennom sesong og representert klubben på ein positiv måte på landslagssamlingane. Han er også eit førebilete når det gjeld haldningar og trening.

Rundt laget har Ann-Helen Hareide gjort ein god innsats som «oppdame», og held ungdommane i øyrene, samtidig som ho får tilrettelagd for at laget skal kunne fokusere på det sportslege. Ann-Helen har i tillegg oppgåve som administrator av Handballkontoret. Lisa Nyhammer er laget sin kiropraktor og behandler både dame- og herrelaget, samt legg til rette for skadeførebyggjande trening. Lisa har vore med klubben i fleire år, og har god dialog med spelarane for å sikra det medisinske tilbodet.

Herrelaget har dei siste åra gått den tunge vegen ned frå elitedivisjonen til 2. Divisjon. Ein ser at det i framtida må arbeidast med utviklinga av egne spelarar for å kunna oppretthalda eit høgare nasjonalt nivå. I tida framover vil klubben arbeida med ei slik utvikling gjennom det sportslege utvalet som klubben har. Ein er såleis overtydd om at langsiktig og kontinuerleg arbeid i ungdomsavdelinga, er den einaste måten ein kan kjempa klubben opp igjen i divisjonssystemet på.

Stord har også eit lag i 4. divisjon, som hovudsakeleg består av unge lovande spelarar. Klubben er overtydd om at matching på eit høgast mogleg nivå bidrar positivt til utvikling, og såleis høgast vinst på sikt. 4. divisjonslaget vert leia av Even Flotve, Rune Loftheim, Sigbjørn Almås og Olav Bauge.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Stord United (Gullserien)

Stord United (Gullserien) har hatt ein god og innhaldsrik sesong. Haustsesongen byrja med at to nye trenarar kom til laget. Me blei alle fort trygge på kvarandre og er blitt ein god og samansveisa gjeng. Eit så godt utgangspunkt gjev godt grunnlag for vidare suksess. Laget har vist god framgang og spelargleda er enorm. Spelarane visar i tillegg ei fantastisk idrettsglede og positivitet.



*Ein fantastisk gull-gjeng som Stord Handball er veldig stolte av!*

Me var på landsturnering i Bergen som fyrste kickoff på sesongen der me hadde både tap og sigrar. Det viktigaste av alt var at me lærte kvarandre å kjenna, hadde det kjekt til og med fokus på og å kunna glede seg over motstandarane sine prestasjonar. Me har hatt kampar både i Haugesund, Husnes og på Os og visar oss sjølve som eit lag med godt samhald og opptatt av Fair Play. Første halvdel av sesongen avslutta me med pizzasamling, quiz og julekos på Sjøhuset.

Denne sesongen har me lenge vore 10 spelarar men i starten av 2019 blei me 11 og fleire er i kontakt om å villa byrja. Dette er me svært positive til. Me har sjølv sagt også sportslege ambisjonar, og målsettinga er klar. Me skal bli betre for kvar trening og spelargruppa er samstemt i at me går i rett retning.

Trenarar for årets sesong er Sigurd Sævareid, Henriette Thorsen og André Skogvold. Lagleiarar for laget er Aina Skogvold, med Unni Dalsbotten som supersupporter og «altnuligdama». Odd Ståle Larsen har fungert som sikker bussjåfør i perioden.

### Trenarkurs

Me ser at det er utfordrande å finna tidspunkt for våre trenarar å ta kurs, og me må sjå vidare på korleis me kan tilpassa kurs, og ikkje minst korleis me kan motivera våre foreldretrenarar til å ta desse kursrekkena for kompetanseheving generelt i klubben. Det er likevel svært gledeleg at Ørnulf Botnen er godt i gang med Trener 3-kursa og med det vil bidra til å heva kompetansenivået på trenarsida i klubben.

### Dommarar

Det vert fortsatt jobba godt med dommarutvikling på Stord. Dette året klarte me for første gang på mange år å gjennomføra Dommer 1-kurs på Stord, noko me er veldig nøgde med!



*Anna Økland Larsen, Franny Bøthner, Kaja Skåtevik Skjønberg og Vilde Bjørk Mo er no godkjende Dommar 1.  
Dei kan med det dømme kampar opp til og med J/G 14.*

Stord Handball har i år fått Stian Andersen med i dommarstanden. Stian er 27 år gammal og har denne hausten dømt fleire eliteseriekampar for damer, blant anna oppgjøret mellom Vipers og Molde. I tillegg gjer Bjørn Lindgård ein stor innsats og dømmer mange kampar i regionen, både i ungdoms- og seniorhandballen. Thor Gunnar Bakke dømmer mykje for klubben, og er no fast dommar i 2. divisjon. Me er og veldig stolte av Camilla Olsen og Veronica Essajee, som i 2018 nådde sitt mål, og tok steget opp i 1. divisjon!

Franny Bøthner har i år som i fjar vore klubben sin dommaransvarleg, og gjort ein svært god jobb for å utvikle dommarmiljøet i Stord Handball. Me håpar at våre fremste dommara no kan fungere som førebilete som førar til at fleire av dei unge i klubben vil ta steg som dommarar dei neste åra.



*Her er dei flinke ungdommane våre klare til dømming i Handballfestivalen.*

Målet for 2019 er å ta vare på dei flotte unge dommarane me har i klubben, og å bidra til at det totale antall dommarar i Stord Handball får ein stabil auke dei neste åra.


# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Digital kamprapportering

Digital rapportering av kampar har tidlegare berre vore gjennomført på seniornivå og dei eldste klassane i ungdomshandballen (J/G15). I 2018 vart den digitale rapporteringa innført som einaste måte å føre kamprapport på ned til og med J/G 10, noko som gjer at kamprapportar på papir ikkje lenger finst i handballen.



Klubben har kjøpt inn to iPad'ar som me ser er hensiktsmessige å nytta i sekretariatet, og me har fortløpende gitt opplæring til foreldre og ungar som har hatt vakter i sekretariatet. Det er framleis ein del utfordringar med lag som ikkje har lagt inn spelarstallane sine når dei kjem til kamp, men me byrjar no å sjå enden på innkjøringsproblema. Ikkje minst er det svært foreldrenevenleg å kunna sitta heime og følga kampane til sine håpefulle med LIVE-oppdateringar på Regionen sine nettsider.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

### Vegen vidare

Stord Handball viser i år til ei botnsolid drift, ei organisering som fungerer veldig bra i det daglege, og god aktivitet i ungdomsgruppa med mange positive eldsjeler som legg ned ein uvurderleg innsats kvar veke. Klubben er evig takknemleg overfor trenarar, oppmenn og alle andre som gjer Stord Handball i stand til å gje tilbod om ein fantastisk idrett til så mange.

Når det er sagt, er me inne i ein mellomperiode, kor me som klubb har gått i frå å ha både elite- og eit breiddeaktivitet. Me har sagt at me ynskjer å løfta klubben til gamle høgder, og å få seniorlaga våre tilbake i toppen av norsk handball. Samstundes har me erkjent at den einaste berekraftige måten dette kan la seg gjera på, er å bygga opp ungdomsavdelinga Stein for Stein. Me er heilt avhengige av å ha ein raud tråd gjennom heile klubben som kvalitetssikrar alt arbeid som vert gjort i hallane frå dei er 10 år og eldre. Me satsar no på å starta dette arbeidet fullt i 2019 med at me forhåpentlegvis kan få på plass ressursar som kan hjelpe oss med denne jobben.

Me er naturleg nok nøgde med eit rekord-resultat for 2018, samstundes som me veit at me går tøffe økonomiske år i møte når me no trappar opp den sportslege satsinga. Me veit at dette er ei svært kostnadskrevjande målsetting, og me har fullt fokus på å nå måla til klubben innanfor fornuftige og berekraftige økonomiske rammer.

Styret i Stord Handball, Stord 04.03.2019

Aksel Sæther  
(Styreleiar)



Irene R. Loftheim

Line Vad

T. aa. Haga

Tonje Aa. Haga

Ellen Salomonsen

Ørnulf Botnen

Einar Balle

Einar Balle

Øyvind Nyhammer

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



\*\*\*\*\*

### ÅRSMELDING 2018

#### FRIIDRETTSGRUPPA SIL

#### STYRET

Styret i friidrettsgruppa for 2018 har vore

Styreleiar	Runar Øvrebø
Sportsleg leiar og sektor økonomi	Nils Hetlefålt
Sektor anlegg og utstyr	Asle Skulstad
Styremedlem	Mats Tonnig
Styremedlem-arrangement	Reidar Nesse
Styremedlem	Tom Erling Kårbo
Ungdomskontakt	Arne Jordåen

Det har i 2018 vore halde 10 styremøter.

#### MEDLEMMENE

Fridrettsgruppa hadde pr. 31.12.2018 totalt: 120 medlemmer (2017=96) fordelt på:

	<u>&lt;12 år</u>	<u>13-16 år</u>	<u>&gt; 17 år</u>	<u>SUM</u>
Kvinner	18	14	6	38
Menn	26	15	41	82
SUM	44	29	47	120

Medlemstalet for friidrettsgruppa har gått opp for 2018 og er på 120 medlemmer, i 2017 var me 96 medlemmar. Me må stadig vere flinke i å rekruttere nye til å begynne i friidrett. Vi har sjansar gjennom sentrumstafetten, Fredstafetten og Tinestafetten. Her har vi ein gyllen sjanse til å nå målgruppa vår. Det er framleis god oppmøte blant dei yngste i gruppa vår.

Fridrettsgruppa har registrert 11 krinsdommarar, 8 krinsdommaraspiranter, 2 hoppaspiranter, 1 kretsstartaraspirant og 3 forbundsdommarar (FD) p.r. 31.12.2018. Friidrettsgruppa slit med å få tak i kvalifiserte trenrarar innanfor nokre øvingsgrupper, slik at me klarar ikkje å ha eit optimalt tilbod i alle øvingsgruppene. I 2018 har fleire av ungdomsutøvarane våre teke del i treningane for dei yngste som trenrarar. For at friidrettsgruppa skal få ytterlegare framgang og tilby utøvarane sine gode treningsbetingelsar, må det satsast på utdanning av nye trenrarar og vidareutdanning av dei eksisterande. I tillegg er me avhengig av samarbeid med andre lokale klubbar, Bremnes IL og Fitjar IL, som kan tilby hjelp i øvelsar som me ikkje er godt nok forspent på.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

---

### **SEKTOR ØKONOMI**

Året 2018 har gitt eit positivt resultat på vel 33000,- kroner. Klubben har etter forholda ein god økonomi, noko som viser att i balansen. Med den aktiviteten som gruppa har no, er det viktig at gruppa ser på nye forhold til å skaffe seg inntekter slik at me i framtida klarer å oppretthalda ei god satsing både på topp og bredde med ein sunn økonomi. På sikt er det eit potensiale å hente inntekter frå arrangementet Sunnhordland maraton og Fossatrappo Opp. Med Sunnhordland maraton har me truffet det arrangementet som famner om store grupper med mosjonistar og som gjer at det vert ein folkefest i sentrum. Driftsutgiftene for 2018 har vore på vel 801000,-.

Sjå vedlagt rekneskap og budsjett.

### **SEKTOR ARRANGEMENT**

I 2018 har friidrettsgruppa gjennomført følgjande større arrangement:

	<u>DATO</u>
Hallstemne	26.01.2018
Parkløpet/KM terrengløp	14.04.2018
Fredsstafetten	02.05.2018
Sunnhordland maraton	05.05.2018
TINE-stafetten	08.05.2018
Stord Rett Opp	27.05.2018
Bruløpet	06.06.2018
Stordleikane	10.-12.08.2018
Stordløpet	02.09.2018
Fossatrappo Opp	22.09.2018
Romjulsstemne	28.12.2018

I tillegg har me arrangert seriestemne på bane og fleire hoppstemner innandørs.

Stordleikane vart arrangert i august med ein liten auka i deltakinga, men med ein nedgang i dei eldste årsklassane enn kva det har vore dei siste åra og det skyldast kollisjon med andre større stemner.

Stordløpet gjekk av stabelen for 41.gong i år, og er eit tradisjonelt skogsløp. Bru-og halvmaratonløpet har ein fin stigning i deltakarar og med den nye joggebølga som er i samfunnet i dag så er dette eit løp som har eit mykje større potensiale. Motbakkeløpa Stord rett opp og Idrift Challenge:Fossatrappo Opp som vert arrangert siste helga i mai og i slutten av september har mange løparar, men det er plass til fleire i den flotte fjellheimen her på Stord. Nyvinninga Sunnhordland maraton vart arrangert første laurdagen i mai og det vart ei flott løpsoppleveling i sentrum, Landåsen og rundt Ådlandsvatnet som utgjorde løypa for deltakarane som var i aksjon. Totalt var det over 500 fullførande løparar som gjorde dette til ein stor suksess.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



### SEKTOR IDRETT

Friidrettsgruppa har mange gode prestasjoner å sjå tilbake på i 2018. Klubben har vore representert på følgjande internasjonale meisterskap og landskamper:

- Europameisterskapet i Berlin med Tom Erling Kårbo på 3000m hinder, kor han endte på 11.plass i finalen.
- EM terrengløp i Tilburg i Nederland med Tom Erling Kårbo som endte på 36.plass
- Nordisk innandørslandskamp i Uppsala, Sverige med Tom Erling Kårbo på 1500m der han endte på 2.plass og Pernilla Eugenie Epland på 3000m som endte på 5.plass
- Jacob Vaula representerte Noreg i U-18 EM i Györ i Ungarn på 100m.
- I senior NM i Byrkjelo fekk klubben 2 gull og 2 bronse. Pernilla Eugenie Epland sprang inn til klubbens første NM gull i seniorklassen på bane ved å vinna 10000m og ho sprang og inn til bronse på 5000m. Tom Erling Kårbo vann 3000m hinder og sprang inn til bronse på 5000m.

### Senior/Junior

I senior-NM i Byrkjelo 17-19.8 2018 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Tom Erling Kårbo (29)	3000m hinder	Nr. 1	8,58,49
	5000m	Nr. 3	14,25,69
Lars Lunde (21)	10000m	Nr. 13	31,19,46
Pernilla Eugenie Epland (28)	5000m	Nr. 3	16,21,38
Pernilla Eugenie Epland (28)	10000m	Nr. 1	34,04,98

I innandørs NM i Bærum Idrettspark 3.-4.2 2018 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Tom Erling Kårbo	1500m	Nr. 2	3,49,02
Lars Lunde	1500m	Nr 10	3,59,06
	3000m	Nr. 9	8,22,30
Pernilla Eugenie Epland	3000m	Nr. 3	9,30,58
Tone Sandtorv Brakedal	60m	Nr	8,10
	60m hekk	Nr. 7	9,27 (9,15 i forsøket
	Lengde utan tilløp	Nr. 1	2,65m (junior)

I NM terrengløp, korte løyper, på Osterøy 7.4.2018 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

MS	3 km	19. Vegard Havn
G-16	2 km	15. Max Bloch
G-15	2 km	4. Erlend Kringeland
KS:	2 km	4. Pernilla Eugenie Epland

I NM terrengløp, lange løyper, på Bratsberg i Trondheim i Sogn 14.10.2018 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

KS	6km	5. Pernilla Eugenie Epland
----	-----	----------------------------



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

G-15            4km    4. Erlend Kringeland

I NM halvmaraton i Stavanger 03.11.2018 oppnådde Stord sin utøver følgjande resultat og plassering:

MU-23        ½-maraton    1. Lars Lunde 1:09:31  
KS              ½-maraton    21. Katrine Hillestad 1:34:06

I NM ultraløp på Undheim 17.03.2018 oppnådde Stord sin utøver følgjande resultat og plassering

MS              100km        2. Kim Berland Laitinen    8:18:51

På junior-NM på Bislett 24.26.8.2018 oppnådde Stord sin utøver følgjande resultat og plasseringar:

MJ-19           Jacob Vaula    100m              Nr. 2 10,96 (11,08- h 2; 11,00- sf 2)  
                    200m              Nr. 3 22,38 (22,89 – h2; 22,68 – sf 2)

Følgjande vann krinsmeisterskap i 2018:

MS	Erik Nilsen Onarheim	3 km terrengløp
MS	Sondre Egeli Øvrebø	Diskos
MS	Lars Lunde	5000m



Figur 1 Tom Erling Kårboe i aksjon under EM terrengløp i Tilburg i Nederland, kor han sprang inn til 36.plass

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Bilete 2: Pernilla Eugenie Epland på 5000m under NM i Byrkjelo, kor ho sprang inn til bronse

Figur 2 Pernilla Eugenie Epland i aksjon på 5000m under NM i Byrkjelo, kor ho sprang inn til bronse

I den landsdekkjande serien for kvinner vart Stord nr. 31 i 3.divisjon med poengsummen 9883 (17 res) (2017= 10483poeng 23.plass (20 res)).

I den landsdekkjande serien for menn vart Stord nummer 2 i 2.divisjon, med poengsummen 17804 (25 res) (2017=17065 poeng 5.plass (25 res)) og rykker med det opp i 1.divisjon.

### Veteraner:

I NM terrengløp, korte løyper, på Osterøy 7.4.2018 oppnådde Stord sine utøvar følgjande resultat og plassering:

MV 35-39    3 km    2. Johannes Thomsen

Krinsmeister i terrengløp på Stord 14.april:

MV 35-39    3 km    1. Johannes Thomsen

I krinsserien vart herrelaget nr 5. i 1 divisjon med 10024 poeng på 17 resultat (2017= 9303 (15)) og rykker ned i 2.divisjon

### Jenter/Gutar

I Ungdoms-NM i Steinkjerhallen 10-11.3 2018 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

Jacob Vaula (16)	60m	Nr. 4	7,15 (7,18 h-2)
	200m		23,34( h-4)

I Ungdoms-NM i Overhalla 31.8-2.9 2018 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Jacob Vaula (17)	100m	Nr. 1	11,20 (11,55 h-1)
	200m	Nr. 2	22,56 (23,11 h-1)



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

Julian Skimmeland Aasheim (15)	300m hekk	Nr. 1	39,69
	Tresteg	Nr. 1	12,90
	Høgde	Nr. 2	1,82
	100m hekk	Nr. 2	13,81
Erlend Hatlem Kringeland (15)	1500m hinder	Nr. 4	4,45,91
	800m	Nr. 11	2,07,27
	2000m	Nr. 14	6,14,64



Bilete 3 Julian Skimmeland Aasheim (15) og Jacob Vaula (17) vann begge gull på IM 15-19 i Overhalla. Julian på 300m hekk og tresteg medan Jacob på 100m.

Følgjande vann krinsmeisterskap i 2018:

Johan Sander Berg Larsen (13)	Terrengløp 800m
Mina Braathen Kannelønning (11)	Terrengløp 600m
Mathilde Alfarnes Amundsen (12)	Terrengløp 600m
Erlend Hatlem Kringeland (15)	Terrengløp 1000m
Max Bloch (16)	Terrengløp 1000m
Sofie Skard (14)	Høgde utan tilløp

Ariel Christensen (13) og Sofie Skard (14) representerte Hordaland i krinskampen for 13- og 14 åringar mot Sogn og Fjordane, Rogaland, Vest- og Aust Agder 8.-9.september på Osterøy

Ariel Christensen (13)	200m	Nr. 9	29,52
	60m	Nr. 8	8,89
Sofie Skard (14)	60m hekk	Nr. 2	10,15
	Høgde	Nr. 2	1,54
	Tresteg	Nr. 10	9,25

Ariel Christensen (13) og Sofie Skard (14) representerte Hordaland i krinskampen for 13- og 14 åringar mot Sogn og Fjordane 9.-10.6 juni i september

Ariel Christensen (13)	60m	Nr. 3	8,72
Sofie Skard (14)	Høgde	Nr. 1	1,57
	60m hekk	Nr. 2	10,05

### Krinsserien

Jentene sitt 1.lag kom på 4.plass i 1.divisjonen med poengsummen 33434 poeng på 40 resultat (2016= 32545 (40 res)) og held dermed plassen i 1.divisjon.

Gutane sitt 1.lag kom på 8.plass i elitedivisjonen med poengsummen 47737 på 57 resultat (2016= 41848 poeng (50 res)) og rykker dermed ned til første divisjon i 2018.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



### Trenarar:

Gutar/jenter < 11 år	Vegard Havn, Arne Jordåen, Nils Hetlefåt.
Gutar/jenter (12-15 år)	Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetlefåt
Gutar/jenter (> 16 år)	Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetlefåt

### Utmerkingar

På "premiefesten" vart følgjande utmerkingar utdelt:

"Beste gut"	Julian Skimmeland Aasheim
"Beste jente"	Sofie Skard
"Mest allsidige gut"	Erlend Hatlem Kringeland

Gullmerket (over 1000 tyrvingspoeng) vart utdelt til følgjande utøvarar for sine resultat:  
Julian Skimmeland Aasheim (15) for 39,41 på 300m hekk, Erlend Hatlem Kringeland (15) for 4,45,69 på 1500m hinder og Jacob Vaula (17) 10,93 på 100m.

### Lagsrekordar

Tone Sandtorv Brakedal	Lengde utan tilløp	2,65	3/2
Pernilla Eugenie Epland	1500m	4,32,30	2/5
	1500m	4,27,48	27/5
	1500m	4,24,20	12/8
	3000m	9,33,37	9/5
	3000m	9,30,89	16/6
	3000m	9,30,16	28/6
	3000m	9,19,58	18/7
	5000m	16,21,92	5/7
	5000m	16,21,38	17/8
	10000m	34,04,98	19/8
Jacob Vaula	100m	10,93	17/6
	200m	22,38	26/8
Tom Erling Kårbo	3000m hinder	8,29,49	1/6
	3000m hinder	8,29,41	9/6

### SAMANDRAG:

2018 vil gå inn i historia som eit jubelår for Stord-friidrett. Høgdepunkta kom tett. Nyskapningen Sunnhordland Maraton fekk ein pangstart og skapte liv i Leirvik sentrum første helga i mai.. Flotte løyper i vakker natur, og god stemning langs løype gav deltakarane eit minne for livet. Blide fjes og fest frå start til mål. Dette gav oss inspirasjon og Sunnhordland Maraton vil bli både større og betre i 2019. I lag med lokalavisa Sunnhordland gav dette oss eit kick til å satse vidare for å utvikle dette løpet, og gje eit trimtilbod for heile regionen. Vi ser fram til 1000 deltagarar og ny fest i sentrum 4. mai.

Tom Erling Kårbo fekk oss til å feire og heise flagget då han under EM i Berlin sikra finaleplass, og til slutt ein sterk 11. plass på 3000 meter hinder. Vår hinderkonge følgde og opp med ny NM-tittel på same distanse i Byrkjelo.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

---

2018 vil og bli hugsa for Pernilla Epland sitt store gjennombrot. Under NM i Byrkjelo opna ho med bronse på 5000 meter. Før ho med ein imponerande sluttspurt knuste alle mostand og vann NM-gull på 10000meter. Med slike prestasjonar sikra og Pernilla seg oppdrag for det norske landslaget. Tysnes-jenta har opna 2019 forrykande med nytt NM-gull under innandørs NM i Haugesund på 3000 meter. På ny var det spurten som avgjorde.

Jakob Vaula har og sett Stord på kartet. Med det norske flagget på brystet fekk Stord sin raskaste mann representere Norge under U-18 EM i Ungarn. Jakob har hatt flott framgang på både 60 og 100 meter med persar på 7.00 og 10.93. Jakob er klar til å sprengje nye grenser i løpet av 2019.

Julian Skimmeland Aasheim og Erlend Kringeland er utøvarar som er viser at framtida er lys for Stord-friidrett.

Vi var langt nede då kastburet blei tatt av vinden sist vinter. Men med god leiing av Reidar Nesse i tett samarbeid med Stord kommune stod eit nytt og flott kastbur på plass til Stordleikene. Med slitarane Harald Engevik og Øyvind Ingebrigtsen kom vi vel i hamn etter mange harde dugnadstimar.

Stord friidrett har lagt bak seg ein ny travel sesong med mange arrangement. Alt frå Parkløpet, Tinestafett, Sentrumsstafett, Fredsstafett, Stord rett opp, Bruløpet, Stordleikene og Stordløpet, i tillegg til to hallstemner og mindre arrangement. Med andre ord så ligg ikkje Stord Friidrett på latsida. Det stiller store krav til ei lita gruppe. Difor er vi no glade for å ha tilsett Tom Erling Kårbo i ei prosjektstilling. Det vil gje styret ei god avlasting. Han sitt og inne med mykje kompetanse både på sport og økonomi.

Vi er og glade for den støtta vi får frå våre lojale samarbeidspartnarar. Det gir oss eit godt grunnlag til å satse vidare.

Takk og til alle som stiller opp som funksjonærar på våre arrangement. Med Sunnhordland Maraton som vårt største arrangement treng vi fleire hender og hjelpe frå andre grupper i Stord IL for å kunne klare å kome i mål. Vi gler oss til 2019. Det ligg både spenning og forventingar før oss i styret. Men den utfordringa er vi klare til å ta.

Runar Øvrebø  
Styreleiar Stord-IL friidrett

# ÅRSMELDING 2018

## STORD IDRETTSLAG – TURNGRUPPA

### STYRET 2018

Leiar: Jon Eirik Kvalnes

Nestleiar: Alice Aasheim

Kasserar: Kjartan Grov

Skrivar: Synnøve S. Koløen

Medlem: Jan Roar Hovland, André Skjønberg, Marte Eldøy Ottesen

Ungdomsrepresentant: Nina Aalvik

Vara:

Styret har hatt fem styremøte i 2018, i tillegg gjer styret mykje av arbeidet utan å ha eigne møter. Det er ei målsetting at styret skal møtast kvar månad.

### INNLEIING

Stord IL turngruppa har hatt eit innhaldsrikt år på fleire område. Me har vokst oss store, og har per desember 2018 nær 500 aktive medlemmer i alle aldrar. Turnaktiviteten finn ein i både gymsalar på barneskulane og på Vikahaugane sportssenter. Turnhallen vår ber preg av mykje bruk, og me opplever at areal og godt brukt utstyr er ei utfordring som vil koma dersom turngruppa skal halde fram med aktivitet og vekst. Me ser ei stadig aukande interesse for turn blant jenter, og dei siste åra har talet på jenter mellom 6 og 12 år dobla seg. Samstundes ser me at mange gutter og jenter i ungdomsalderen sluttar på turn, både i breiddeparti og satsingsparti som troppsgymnastikk eller apparat-turn.

Tilbodet vårt er, og har vore, basert på at breidde skapar topp og topp skapar breidde. Med ei så stor auke i medlemstal, fordrar det også at me har fokus på å oppretthalda god kvalitet i det tilbodet me gir. Trenarane våre er i stor grad rekruttert frå eigne rekker, og dei fleste er gymnastar som tar på seg instruktør-roller. Dette har vore ei viktig ordning, og me forsøker i stor grad å behalda kompetansen i Turngruppa. Me er særskilt takksame for den gode innsatsen trenarane våre gjer med gymnastane. Alle trenarane våre har trenaravtalar og vert honorert for innsatsen gjennom eit lønssystem som tryggar rammene både for klubb og instruktør.

I 2018 var turngruppa arrangør for 17.mai på Stord. Dette er eit arrangement me har hatt ansvaret for mange gonger før, og turngruppa vil takka alle som bidrog til ei flott feiring på Stord i 2018 og. Me ser fram til neste gong, i 2021.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

### MEDLEMSOVERSIKT/STATUS

Stord turn har ved utgangen av 2018 **489** registrerte medlemmer. Me har i tillegg **102** personar på venteliste til dei ulike barnepartia. Dette er svært populære grupper, og grunna kapasitet på halltid og trenarar, har me ikkje klart å gi tilbod om turntrening til alle som ønskjer det. Dette tykkjer me er beklageleg, men ser ingen openbar løysing på utfordringa for dei komande åra.

Medlemsoversikt Stord IL turngruppa					
Kjønn og alder	2018	2017	2016	2015	2014
Jenter 0 - 5	64	54	39	24	32
Jenter 6-12	143	163	127	93	82
Jenter 13-19	30	8	22	9	17
Jenter 20-25	1	1	1		
Gutar 0 -5	53	57	42	26	32
Gutar 6-12	66	65	68	71	93
Gutar 13-19	10	8	27	16	16
Gutar 20-25	1	0	1	2	
Gutar 26+	55	50	54	49	60
<b>Total</b>	<b>489</b>	<b>476</b>	<b>447</b>	<b>359</b>	<b>385</b>

Medlemsregisteret til turngruppa er ivaretatt av mySoft. Alle medlemmer har fram til no vore registrert i to system, turngruppa sitt og hovudlaget sitt. Frå januar 2020 har NGTF vedteke å leggja ned mySoft som medlemssystem, og me kjem frå mai 2019 til å vera ferdig med turngruppa si overføring til KlubbAdmin, som Stord IL nyttar. Medlemmer i turngruppa beheld sin plass fram til den vert sagt opp, det same gjeld dei som er på venteliste. Me prøver i stor grad å fylla opp plassane på partia undervegs i sesongen.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



### TRENARSITUASJON

Turngruppa vil takka alle instruktørane våre for eit flott år, med mange positive attendemeldingar frå gymnastane våre. Det er kjekt å sjå stor aktivitet i turnhallen og gymsalane når treningane pågår.

Turngruppa har stor utskifting i trenargruppa kvart år, då fleire av trenarane våre lyt takka for seg av ulike årsaker som utdanning, militær og jobb. Turngruppa har difor vurdert løysingar for stabil trenarressurs. Det resulterte i skriftelege trenaravtalar, eit ordna system for løn, tilbod om kompetanseheving og andre fordeler. Mot slutten av 2018 har me 23 instruktørar og hjelpetrenarar fordelt på 24 tilbod. Resultatet i 2018 er med dette ei meir stabil trenargruppe og mindre fråfall. I tillegg har me fått to gode tilbod til dei som trenar konkurranseturn.

På «Foreldre og barn»-gruppene våre, har me framleis eit system der foreldra deltek i treningane. Me er takksame for at dei er med i treningane, og håpar det bidreg til samarbeid og samspel mellom born og voksen. Gruppene er viktige for rekrutteringa til turngruppa sine barnegrupper.

I barnepartia har me i stor grad nytta troppsgymnastar som hjelpetrenarar. Desse er veldig viktig for å halda ro og orden i partia, samt å bidra til innstilling til element. Hjelpetrenarane våre får tilbod om å delta på kurs, og me håpar at desse vert med som hovudtrenarar etter kvart som dei vert eldre.

Eldsjeler som stadig er å sjå i hallen, er framleis ein stor ressurs i turngruppa. Desse hjelper til der det trengs, dei har eigne barneparti og trør alltid til dersom det er behov for det ved opp- og nedrigging, rydding og anna. Me er svært takksame for det arbeidet dei gjer.

Apparat- og Troppsgymnastane våre har dei siste åra blitt delt inn i grupper i høve nivå, alder med meir. Dette har ført til meir effektive treningar, og me har fått plass til fleire gymnastar i gruppene. Dei syner ei flott utvikling og med dyktige trenarar har me tru på at desse kan få flotte år som konkurranseturnarar. Turngruppa har utvida trenarstaben, og det er to hovudtrenarar på apparat-turn og tre i troppsgymnastikk.

**Styret ynskjer å takka alle instruktørar for ein fantastisk innsats på alle nivå i laget.**



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

---

### AKTIVITETAR/ ARRANGEMENT/ DUGNADAR/ MØTER:

- Seriekonkurranse vart arrangert på Stord i mars
- 17.mai på Stord vart i 2018 arrangert av turngruppa
- Turngruppa bidreg med dugnad til Handballfestivalen
- Sommarleir for troppsgymnastikk skulle arrangerast på Stord i juni, men vart avlyst
- Tre trenarsamlingar
- Juleoppvisninga på Vikahaugane vart arrangert 9.desember
- Romjulsleir på Vikahaugane i regi av NGTF

### HEIDERSTEIKN

Henning Nielsen vart tildelt heidersmerke i gull på årsmøtet til hovudlaget i 2018.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



### TRENINGSTILBOD OG TRENAROVERSIKT HAUST 2018

Parti	Instruktørar	Stad
Foreldre og barn 3-4 åringar, 3 grupper	Alice Aasheim, Jon Eirik Kvalnes, Ida Frugård Lunde, Merete Nygård, Henriette Jørgensen og Ingebjørg Berland	Leirvik, Hystad og Langeland skule
Foreldre og barn 5 åringar	Julie Lekven, Hildegunn Gram	Leirvik skule
Turn jenter 1.-2. klasse	Kaja Skjønberg, Maja Sadowska, Marielle F Kvalnes, Hedda Myklebust	Turnhallen
Turn jenter 3. klasse	Kaja Skjønberg, Maja Sadowska, Marielle F Kvalnes, Hedda Myklebust	Turnhallen
Turn jenter 4. klasse	Kaja Skjønberg, Maja Sadowska, Marielle F Kvalnes	Turnhallen
Turn gutter 1.-2. klasse	Kristian Lunde, Lars Mugaas, Lars Mugaas Hegland, Paul Skjønberg og Henning Nielsen. I tillegg har Karl Grov vore med som hjelpetrenar	Turnhallen
Turn gutter 3.-4. klasse	Kaja Skjønberg, Maja Sadowska, Marielle F Kvalnes, Jostein Aadland	Turnhallen
Trampett/tumbling guttar/jenter 5.-10.klasse	Miriam Matre, Tiril Simonsen, Lars Aasheim og Karl Grov.	Turnhallen
4 parti fordelt etter alder		
Vaksenparti		
Stemnedamene	Rullering	Turnhallen
Herrer mosjon	Kristian Lunde og Lars Mugaas	Vikahaugane og Hystad skule
Aerobic/step/zumba	Aslaug Grov Almås	Vikahaugane
Konkurranseparti		
Apparat turn, aspirant, rekrutt	Jan Roar Hovland, Andreas Aas. I tillegg har Tobias Mortensen vore med som hjelpetrenar	Turnhallen
Troppsturn rekrutt <13 år	Lars Mugaas Heggland, Karoline Frederich og Lars Aasheim	Turnhallen
Troppsturn junior >13 år	Lars Mugaas Heggland, Karoline Frederich og Lars Aasheim	Turnhallen

### Foreldre og barn, Leirvik, Hystad og Langeland

Foreldre/barn tilbodet til turngruppa har dei siste åra hatt noko ulikt tilbod. Dette tilbodet avhenger mykje av kva foreldre som tar på seg trenarrolle, og kor mange barn som vert påmeldt. I 2018 har me hatt tre 3-4-årsgrupper og to 5-årsgrupper. Dei har hatt treningane sine på Hystad, Leirvik og Langeland skule. I oppstarten var det ventelister også på desse tilboda, men etter oppretting av ei ekstra gruppe på Hystad har me klart å gi tilbod til dei fleste som ønskjer å drive med turnleik. Me har venteliste på gruppa på Langeland skule.

På treningane er det fokus på turnleik og grunnleggjande motoriske evner. Alle ungane deltek saman med foreldra sine, og dette skapar også ein samarbeidsarena og eit samspel som er positivt på fleire områder. Enkle øvingar som framleangs rulle, balanseøvingar og hopp på springbrett er på planen. Samstundes nyttar me mykje tid på å gjera ungane trygge i uvante posisjonar, ved til dømes å stå på hovudet, ta baklengs rulle med meir.

Foreldre/barn-gruppene har ei trening i veka.



(Langeland skule 3-4-årsgruppa)

### Jenter turn 1.-4. klasse

Våre store grupper er blant jentene. Gruppene mellom 1. og 4.klasse er delt mellom jenter og gutter. Dette har vore gjort sidan gutane trenar i større grad grunnleggjande mot apparat-turn, medan jentene trenar meir på troppsgymnastikk. Gruppene tel 25 gymnastar på det meste, og det er lange ventelister på alle jentegrupper. Jentene i 1. og 2. klasse trenar saman, medan 3. og 4.klasse har eigen treningstid.

På treninga er hovudøvingane på trampett, tumbling og frittståande-feltet. Treninga inneholder ei god blanding av turnleik, med innøving av enkle og grunnleggjande turnelement som framover og baklengs rulle, slå hjul, salto, flikkflakk med meir. Gruppene våre mellom 1. og 4.klasse er den største rekrutteringa me har til konkurranse-gruppene våre.

Utfordringa til trenarane på alle gruppene er areal til å ha gode treningar. Difor har turngruppa i 2018/2019 leigd ekstra areal i løpebanen i nyehallen. Dette har frigjort noko rom til å ha oppvarming, airtrack og anna trening i arealet. Det er stor aktivitet i turnhallen kvar ettermiddag, og kombinasjonen konkurransesatsing og breiddeparti er ikkje alltid enkelt.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



### Gutar turn 1.-4. klasse

Gutane har i 2018 vore delt inn i 2 grupper, grunna lågare påmelding enn jentene. I haust var det 25 deltagarar påmeldt i begge gruppene, men nokre har blitt med i konkurranse-gruppene, andre har av ulike årsaker slutta, og nye har kome inn. Gutegruppene har ikkje ventelister.

Gruppene er populære, og me startar opp med dugleikstrenings. Me legg opp til enkle grunnøvingar som rulle framover og bakover. Handståande, baning av flikkflakk, hopp over bukk og kasse. Førebuande satstrening til salto framover. Det er stor nivåskilnad på gutane, ikkje berre at det kan vera eitt års skilnad, men nokre har det «med seg» når det gjeld stil og fiksering av kroppen, medan andre strevar med dei lettaste øvingane. Difor prøver me setja grupper saman etter nivået slik at dei som går raskast fram får meir krevjande. Me hadde enkle øvingar på matte og hopp som me viste fram på juleoppvisninga

Gutar 3. og 4.klasse byggjer vidare på det dei har lært dei første åra, og fortset styrkeprogram og innlæring av grunnelement. I gutegruppa for 3.-4.klasse har det vore meir bruk av tumbling og trampett.

Nokre av gutane har fått tilbod om å trena med konkurransegruppene våre, både troppsgymnastikk og apparattturn.

### Jenter/ gutar tumbling/ trampett 5. – 10. klasse

5.-10. klasse er delt i fire grupper etter klassetrinn. Fokus i treningane er tumbling og trampett. Alle gruppene er med jenter og gutar saman. Det har vore ei utfordring med veldig få gutar i forhold til jenter, og i 5.klassegruppa er det berre to gutar. Gutane seier sjølv og visar at dei trivst godt, sjølv med mange jenter! Det visar seg gjentatt i dei andre gruppene at det er få gutar som vel å mælda seg på turn i denne alderen. Det gjorde at me hausten 2018 vedtok å ta inn alle gutane som var på venteliste og gi dei tilbod om trening. Ventelistene har difor ingen gutar i denne alderen.

I byrjinga i haust tok me ein runde og spurte alle gymnastane kva mål dei hadde for hausten. Me prøvar å leggja til rette slik at mange mål kan bli oppfylt! Dette inneberer teknikk, styrke og øving i elementet. Etter jul spurte me det same spørsmålet, og måla som går igjen hjå mange er flikkflakk, stift og baklengssalto.

For å få variasjon i treninga plar me å ha forskjellige oppvarmingsmetodar, og så noko som gymnastane får lov til å velja sjølv. Ettersom me er 3-4 trenarar på gruppene, delar me gruppene inn og lagar 2 eller 3 stasjonar. I løpet av treninga får dei vore gjennom alle tre stasjonane. Tøyning og styrke er også ein viktig del av treninga deira, både for å førebyggje skader og få betre flyt i turninga.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

### Stemnedamene

12 medlemmer av turngruppa til Stord Idrettslag trener saman kvar måndag klokka 20 – 21 i turnkassen. Det er liten golv plass der, men sidan me er så få går det greitt. Dersom det er behov for meir trening/terping, låner me `gamle hallen` nokre søndagar i eit par timer. Me driv med programtrening etter fast oppsett, og kvart år er det nye program som må lærast, alt etter kva stemne me skal delta på.

Fire av damene har delt instruktør-jobben, og dette fungerer godt.

2018 var eit aktivt år for stemnedamene. Me bestemte oss for å vera med på «Golden Age» festivalen i Pessaro i Italia. Den blir arrangert annakvart år på forskjellige stader. Den fann stad i september, og treninga på tilhøyrande tabell starta våren 2018. Det var felles-tabell med ein del andre lag i Hordaland. Det gjorde at me måtte på felles trening ilag med dei andre laga. Fellestreninga vart lagt til Alversund skule. Lang vei å reise for 2 timars trening, men nyttig.

Dette året deltok me på juleoppvisninga. Det er 5 år sidan sist gong. Me har fått mange gode tilbake meldinger på det.

Stemnedamene er ein positiv gjeng med høg alder og godt humør. Me ser lyst på det meste og er velvillige til å yte hjelp og delta på dugnader.

### Herrer mosjon

Turngruppa har to grupper innan herrer mosjon. Eitt på Hystad skule og eitt i gamlehallen på Vikahaugane sportssenter. Lars Mugaas og Kristian Lunde er drevne instruktørar, og gruppene tel 47 påmeldte deltakarar.

Partia har 2 treningskveldar i veka, og ligg på mellom 18 – 24 på kvar trening. Øvingsutvalet spenner seg frå oppvarming, balansetrening, styrke i ankel-, legg-, lår-, sete- mage- og ryggmuskulaturen i tillegg til bøye- og strekkmuskulaturen i armane. Ein legg stor vekt på ryggøvingar som mange har bruk for, og arbeider med økter med strikkar til styrketreninga og. Etter styrketreninga kjem ei god økt med uttøyingsøvingar, der ein startar nede ved beina og gjer øvingar som tek for seg stort sett heile skjellettmuskulaturen.

Med god oppvarming ligg alt til rette for god trening, og ulike ballspel. Treninga vert ofte avslutta med ein volleyballkamp.

Turngruppa oppmoder alle som ønskjer å utfordra seg sjølv på ei god treningsøkt om å vera med, dette er ordentlig god trim.

### Aerobic, zumba og step

Kvar måndag og onsdag fyller om lag 60 damer frå 16 år og oppover gamlehallen med aerobic og step - styrketrening og kondisjon. Treningane er særskilt populære, og gruppa er nokså stabil. Det er enno plass til fleire.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



### Konkurransetropp i troppsgymnastikk

For konkurranseforma troppsgymnastikk, har me i 2018 arbeidd vidare med grunnlaget som ein har jobba med dei siste åra. Me har etablert eit god trenarteam med Lars Mugaas Hegland, Lars Aasheim og Karoline Frederich, og troppen består av om lag 20 aktive gymnastar i klassane aspirant, rekrutt, junior og senior. I troppsgymnastikk vert det konkurrert i apparata trampett, tumbling og frittståande.

Troppen vart i slutten av 2017 introdusert med nytt apparat for dei, frittståande. Allereie i mai 2018 hadde både rekrutt og junior sterke plasseringar i konkurranse på gymfest i Vest. Reglement og nye måtar å treна turn på har vore ei positiv utfordring for gymnastane. Trenarstaben har delt på oppgåvene på ein god måte, og med ei positiv haldning til nye utfordringar, er det mogleg for turngruppa å halde på tilbodet om troppsgymnastikk i åra framover. Fleire av senior- og junior-gymnastane våre er allereie så smått i gang med vikartimar som trenar for kvarandre og rekrutt-troppen.



I tumbling og trampett fortset troppen sin gode framgang. Grunnlaget ligg i gode mogleiker for kvalitetstreningar med riktig utstyr og god planlegging. I frittståande må gymnastane bli kjend med nye omgrep som vansker, musikalsk tilnærming og posisjoner. Gymnastane har synt at dei tek utfordringa svært godt.

For å få til gode treningar, er ein heilt avhengig av gymnastar som ønskjer å utvikla seg. Under trening vert det forventa at gymnastane stiller førebudd, har korrekte klede og gir beskjed dersom dei vert fråværande. Brot på reglement og fråvær kan føre til at gymnastane ikkje kan stilla i konkurransar. Difor har alle gymnastane fått samtale med trenarane der ein snakkar om forventningar, målsettingar og kva som må liggja til grunn for å fortsetja satsinga med konkurranseturn.

Gymnastane jobbar med ulike vanskar og element, ut frå sine føresettingar. Nokre har gjort store framskritt siste året, og turngruppa kjenner seg trygg på at troppen går ei kjekk tid i møte. Det vert jobba mykje med mental trening og korleis eit lag fungerer som eit team. Juniortroppen har slitt med sperrer, nervøsitet, angst for å feile og frykt for å falle i lang tid. Refleksjonsskjemaer, anerkjennelse av følelser, lagarbeid og jevnlige samtaler er difor ei svært sentral del av treningen. Kvart semester skal frittstående oppvarmingane vera innovd i



løpet av dei to første aktive vekene. Det vert krevd av gymnastene at dei møter på trening, reflekterer over tidlegare økter og øver på dei fire oppvarmingane som skal nyttast i komande semester. Oppvarmingane blir filma, og det vert venta at gymnasten tar seg tid til å fordjupa seg i semesterets tema. Det same kan skje dersom ein gymnast ikkje føreburr seg og på denne måten trekk ned troppen. Alle gymnastar blir nøyne informert om dette ved semesterstart og velgjer sjølv om dei vil vera med eller ikkje.

(Juniortropp – kretsmeister i teamgym 2018)

Vidare utvikling går på å gjera gymnastane trygg på konkuransar og vant med å stå på «scenen» (spesielt junior). Nervøsitetten må reflekterast vidare over og fokus under press blir svært sentralt i året som kjem. I frittståande er det dynamikk og dynamisk utføring som står sentralt i timeplanen samtidig som vanskane skal utviklast. Araber strak salto er eit mål, både for rekrutt/junior/senior, men ikkje alle utøverane er klar for dette akkurat no. Fysisk er utøverne svært dyktige, men mentalt er me eit stykke bak dei andre laga. Sjølvfølelsen er låg og trua på seg sjølv forsvinner raskt ved små utfordringar eller motbakkar. Som trenar er dette noko me jobbar med kontinuerlig.

Troppen har svært sterke konkurrenter i ein sport som stadig utviklar seg, men i løpet av 12 månader har gymnastane stått på pallen over ti gonger, blant anna som kretsmeistrar i klassen Teamgym junior kvinner i november.

Troppen jobbar målretta vidare og har etablerte målsettingar som lag og enkeltgymnastar.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Konkurransegruppa i troppsgymnastikk har i 2018 bestått av:

Fornavn	Etternavn	Fødselsår	Klasse
Mia *	Endal	2010	Aspirant
Erle *	Birkeland	2010	Aspirant
Pia *	Vaula	2008	Rekrutt
Ida Synnøve Flatås *	Kvalnes	2007	Rekrutt
Hedda *	Myklebust	2007	Rekrutt
Anna Ytreland	Gardner	2007	Rekrutt
Seline Molde *	Ottesen	2007	Rekrutt
Malin Frugård	Junge	2007	Rekrutt
Ingrid *	Sagen-Roland	2007	Rekrutt
Mathilde *	Nordtveit	2006	Rekrutt
Camilla *	Silden	2006	Rekrutt
Karl *	Grov	2005	Junior
Elena *	Valvatne	2005	Junior
Tørres Koløen	Birkeland	2004	Junior
Torbjørn Ottesen *	Horneland	2004	Junior
Tora Eik *	Breirem	2004	Junior
Tiril Husebø	Storetvedt	2004	Junior
Marielle Flatås *	Kvalnes	2004	Junior
Linnea	Nesbø	2004	Junior
Thea Elise *	Paulsen	2003	Junior
Eline Røstbø *	Treeck	2003	Junior
Carina *	Stautland	2003	Junior
Tiril *	Simonsen	2002	Junior
Jakob	Gjøsæther	2002	Junior
Miriam *	Matre	2001	Junior/Senior
Beate Sørvik *	Torkelsen	2001	Junior/Senior

Dei som er merka med \* er framleis aktive ved utgongen av 2018.

Troppen har delteke på desse konkurransane/aktivitetane:

Konkurranse /Aktivitet	Stad	Dato
Gymfest i Vest for barn	Sotra Arena	Mai
Gymfest i Vest for ungdom	Sandsli	Juni
Kretskonkurranse	Åsanehallen	Februar
Kretskonkurranse	Askøy	April
Kretskonkurranse	Sotra Arena	September
Kretsmeisterskap	Haukelandshallen	November

Gymnastene stilte også på troppsgymnastikk samling for rekrutt, junior og senior i oktober.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

### Konkurranseturn - Apparattturn

Apparattturn har hatt fin og framgangsrik aktivitet i 2018 både for satsing- og nybegynnerparti. Det har vore arbeida med kompetanseheving på trenarsida i år. Men, aller viktigst i 2018 er at me har fått etablert eit godt nybegynnerparti med ivrige utøvarar som no trenar med god kvalitet. Apparattturn er eit parti som rekrutterer aspirantar frå gutepartia i 1.-4.klasse.

Me har i 2018 jobba for vidare utvikling av den «nye» apparatgruppa, og har stått ovanfor eit vanskelig generasjonsskifte, både innan trenarkrefter og utøvarar frå 2017. Dette arbeidet byrja no å visa igjen, og me ser på 2019 som eit veldig spennande år for konkurranser og resultater.

Me nyttar oss og av eksterne trenarressursar. Dette arbeidet er me heilt avhengig av at må fortsetta og videreførast i 2019.

Me oppretta og eit mellomparti i starten av 2018. Mellompartiet er eit tilbod for dei som vil trenar apparattturn på eit lettare nivå for dei som ligg mellom nybegynnerparti og satsingparti. Partiet har veldig stort potensiale til å bli eit utfyllande stabilt og viktig parti, men i desember 2018 såg me oss nødt til å midlertidig fordela utøvarane på nybegynner og satsingparti pga. mangal på trenar for mellompartiet. Dette må me prøva å jobba vidare med i 2019, saman med organisering av god kvalitativ hall-tid for alle parti som no til tider er ei større utfordring.

Desse gruppene vil totalt kunna betjena ca 20 utøvarar på ein god måte.  
Ved utgang av 2018 er me **13** utøvarar fordelt på nybegynnerparti og satsingsparti.

Det er blitt laga eit treningsprogram og treningsplan, saman med video, som lagar eit enklare grunnlag for trenarar i startfasen. På denne måten er mål at det skal bli enklare å ta i bruk grunntrening av høg kvalitet med mindre erfarte trenarar/foreldre. Saman med god tildelt treningstid i hall er mål med dette å skapa eit godt grunnlag og miljø for auka aktivitet på høgt nivå, samt å ivareta det sosiale behovet i framtida.

Bildet til høgre:

3. Seriekonkurranse i Bergen.

F.v Aspiranter Jonathan, Noah og Kristian har vist veldig gode resultater i 2018. Trenar Jan Roar Hovland bak. Her kan me sjå at 3 år med god trening no begynner å visa igjen ☺



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Konkurransegruppa Apparattturn har i 2018 bestått av:

Fornavn	Etternavn	Fødselsår	Klasse
Kristian	Semasko	2010	Aspirant
Jonathan	Bathgate	2009	Aspirant
Noah	Hovland	2008	Aspirant
Jonas Angel	Langli	2006	Rekrutt
Samuel	Evensen	2006	Rekrutt
Christopher	Dahl	2006	Rekrutt
Ask	Eldøy Rosland	2009	Miniaspirant
Olav	Andresen	2011	Miniaspirant
Kristian Andre	Løvland	2011	Miniaspirant
Martin	Heggøy Strauss	2012	Miniaspirant
Michael	Anthun	2012	Miniaspirant
Peter	Vedøy	2010	Miniaspirant
David	Kallevåg-Bjerke	2010	Miniaspirant



På bildet over ser me deler av nybegynnerpartiet og satsingparti ved oppstilling før Juleoppvisning.

Me har hatt deltakarar på desse konkurrsane / Aktivitetane:

Konkurranse /Aktivitet	Stad	Dato
Seriekonkurranse Nr 1	Stord	
Regionsamling nr 1	Bergen	
Seriekonkurranse Nr 3	Bergen	
Regionsamling Nr. 2	Stavanger	
Regionsamling Nr. 3 (Romjulssamling)	Stord	



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

I tillegg til konkurransane over, har me prøvd å vidareføra interne treningssamlingar for apparatturn og tropp frå 2017 for å auka kompetanse på trenarar samtidig som det gir vidare inspirasjon til utøvarar.

### Me har hatt desse interne samlingane 2018:

- 1x Fellessamling med Tropp saman med ekstern trenar Anatol.
- 4x Minisamlinger med Andrey i samarbeid med Laksevåg IL.

Dette er svært gode treningar og utvikling som me er avhengig av å arbeida vidare med i 2019

T.H: Bilde frå trening med satsingparti 2018



## ØKONOMI

Økonomien i turngruppa er god, og gruppa leverer eit positivt årsresultat på 100 000 kroner. I 2018 har dei store utgiftene vore i høve tilsettjing av trenarressursar, oppgradering av utstyr i turnhallen og kompetanseheving hjå trenarar. I tillegg nyttar me midlar på deltaking i konkurransar og diverse sosiale aktivitetar.

Turngruppa sin gode økonomi gjer det mogleg å fortsetja med kompetanseheving for trenarane og gymnastane våre med både interne og eksterne trenarar.

Det er ei målsetting i 2019 at turngruppa får utstyrt gymsalane der me har foreldre/barn-treningar slik at gruppene får mest mogleg likt grunnlag, ytterlegare vedlikehald og utskifting av utstyr i turnhallen og få til ein god samarbeidsavtale med dei som nyttar utstyret vårt utanom vår eigen treningstid.

I 2017 gjorde styret eit vedtak om endring i treningsavgift. Endringa innebar ei auke i treningsavgifta, og den vart fastsett til å vera 1000 kroner per treningstime i veka, per år. Det er også bestemt ein makspris på 4000 kroner per år for junior/senior og 3000 kroner for rekruttar. Dette er eit arbeid som styret jobbar kontinuerleg med, og det har vore vurdert fleire ulike løysingar for dette. Styret ser ingen grunn til å justere denne.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



### MAGNE MUGAAS FOND

Det vart ikkje delt ut stipend i 2018.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Lars Mugaas og Erik Skar.

### MINNEFOND LARS MUGAAS / KRISTIAN LUNDE

Det vart delt ut stipend til følgjande i 2018:

- Karoline Frederich 5.000 kroner
- Lars Mugaas Hegland 5.000 kroner

Stipend i 2018 vart delt ut med bakgrunn i framifrå innsats og framtidsretta aktivitet for troppsgymnastikk i turngruppa.

Fondstyret jobbar vidare med ønskje til skiparane om ei intern turnering i Stord turn.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Anne Sissel Mugaas og Bjørn Arve Lunde.

### TILLITSVERV I KRETS OG FORBUND

Erik Skar har hatt eit verv i Ærestegnskomiteen i HGTK.

### VALKOMITE

Då valkomite ikkje vart vald etter førre årsmøte, har valkomiteen også føre årsmøtet 2019 bestått av Bjørn Tømmervik, Guro Lund og Aslaug Grov Almås.

Stord, dato 12.mars 2019

For styret i Stord IL, turngruppa

Jon Eirik Kvalnes

Leiar



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



### Skigruppa, Stord IL Årsmelding 2018

#### **Sportsleg aktivitet.**

##### **- Eigne arrangement:**

##### **Rulleskirenn/kretssamling.**

Stord Ski har dei siste fire åra stått som arrangør av kretsrenn på rulleski i samband med avvikling av kretssamling i Hordaland. Grunna kollisjon med arrangement i regi av Vossalangrenn, måtte vi dessverre avlysa terminfesta kretssamling og kretsrenn tidsett første sundag i september. Styret i Stord Ski vonar at vi i 2019 kjem sterkare tilbake og då får gjennomført den årlege kretssamlinga, som vert avslutta sundagen med kretsrenn i rulleskianlegget i Prestagardsskogen.

##### **Tysdagstrimmen:**

10 trimmekveldar frå oktober til desember vart gjennomført frå Vabakkjen i samsvar med lang tradisjon. Siste runde i TYSDAGSTRIMMEN 2018 (33. sesong) gjekk 4. desember kl 19.00.

Skigruppa takkar dei trufaste hovudfunksjonærane Per Steinar Lunde og Audvald Kvamme. Alle namn og tider har vore på trykk i Sunnhordland.

##### **Rulleskikurs**

Skigruppa arrangerte onsdag 26. september rulleskikurs for ungdommar frå mottaket på Heliane. Det var ei spennande oppgåve. Dei var naturlegvis forsiktige i starten, men tinte snart opp då dei fekk fart på hjula i nedoverbakken. Kjekt å oppleva så stor framgang på kort tid.

Skigruppa har også arrangert eit nybyrkjarkurs for barn og ungdom, også dette i september. Fleire av dei frammøtte har halda fram som aktive medlemmer i skigruppa og utgjer no kjernen i barnegruppa med ei alderssamansetjing mellom 9 og 12 år.

##### **-Treningar:**

**Barne- og ungdomsgruppa** har hatt faste treningar kvar veke med oppstart sesongen 2018/2019 i september. Gjennom hausten er det gjennomført basistrening (løping med stav og spenst) og rulleskitrening (klassisk og fristil). Treningane er lagt opp etter aldersnivå og under leiing av Kjell-Inge Engvik og Øyvind Gaute Berg.

I tillegg til barne- og ungdomsgruppa sitt breiddertilbod, har Stord Ski hatt tre aktive ungdommar (ungdom/junior) som driv konkurranseidrett på ski i sesongen 2017/2018. Desse er Håkon Størkson Berg (2004), Simen Engevik (2002) og Jonas Engevik (2001). Jonas er 2.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



året på Voss Gymnas (toppidrett ski) og Simen er tilknytt NTG Geilo frå og med hausten 2018.

Dei aktive utøvarane i barne- og ungdomsgruppa har også delteke i andre aktivitetar, slik som sykkel, orientering og fotball.

Det har vorte etablert eit uforpliktande treningstilbod for veteranar kvar onsdag frå hausten 2016 i rulleskiløypa i Prestagardsskogen (kl. 1900). Tilboden har vorte vidareført i 2017 og 2018.

### - Deltaking på arrangement utanfor Stord:

#### **Ungdommens Holmenkollrenn**

Ungdommens Holmenkollrenn er uoffisielt noregsmeisterskap for ungdom (13 og 14 år) og vert arrangert kvart år i Holmenkollen i februar.

Frå Stordski stilte Håkon S. Berg (G14). Håkon gjekk 3 km klassisk laurdag og 3 km friteknikk sundag.

#### **Hovedlandsrennet**

Hovedlandsrennet er uoffisielt NM for 15 og 16-åringar. Hovedlandsrennet vart arrangert 23.-25. februar i Lygna. Frå Stordski deltok Simen Engevik (G16).

#### **KM**

Dei fleste av Hordaland skikrets sine krinsrenn føregår i Herresåsen på Voss og elles rundt i Voss- og Hardangertraktene. Ungdomsgjengen var hyppig representerte, og gjorde det godt i mange av renna, mellom anna vart det medalje til Stord ved Simen Engevik under krinsmeisterskapen 27. januar på Voss (klassisk). Simen vart her nr. 2 i klassen G16. Håkon S. Berg vart nr. 7 i klassen G14. Øyvind Gaute Berg og Kjell-Inge Engevik deltok i seniorklassen.

Den 28. januar vart det arrangert KM i Duathlon (Voss). Simen Engevik vart best plassert av Stord-løparane, med ein 2. plass i klassen G16. Håkon S. Berg vart nr. 4 i klassen G14, tre sekund frå pallplass.

Også deltaking av ungdomar og senior i desember 2018 i sesongstartrenn i Herresåsen og i Røldal.

#### **Andre skirenn**

Stord har elles delteke i dei fleste terminfesta turrenna i kretsen (Hordaland og Rogaland). Her kan nemnast Herresåsen rundt, Haukelirennet m. fl. Det har også vore deltaking i Birkebeinerrennet, Helterennet og Hovden tour m. v. blant veteranane. Fleire av veteranane har Birkebeinerrennet som årleg mål og Stordski var også i 2018 godt representert. Merketakarar denne gongen var Kjell-Inge Engevik, Jarle Haugland, Øyvind Gaute Berg og Åsmund Hellesøy.

Det har også i 2018 vore deltaking i utlandet. Marcialonga (Bernt Øyvind Vad m. fl.) Dolomitenlauf klassisk og Dolomitenlauf skøyting (Åsmund Hellesøy)



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

---

Breiddearrangementet Haukelirennet samlar også mange frå Stord, både aktive skiløparar og turgåarar.

Alpingruppa hadde drift i slalombakken på Heio i 2 månader vinteren 2018. Det har også vore deltaking i veterankonkurransar ved Erling Tyse, som endte på 2. plass i Sirdal vinteren 2018 (storslalom)

### Andre saker

#### -Anlegg og dugnad

**Prestagardsskogen:** Det er gjennomført jamlege dugnader i regi av barne- og ungdomsgruppa, der løypa og nærliggjande areal er rydda for skog m.m.

**Lysløypa og Heio:** Årleg dugnad vart utført seinhaustes, med rydding av traséane for greiner, røter, steinar og anna rusk. Det vart også leigd inn maskin som har utført ein større, men naudsynt jobb med grøfting, drenering og rydding rundt løypa. Det er også utført ein god jobb med felling av større tre, som har hindra snø i løypa. Også lysnettet har fått seg ein solid oppgradering, med bytte av pærer og fleire armatur. Fleire bedrifter har vert med å bidräge økonomisk for å få dette i hamn. Arbeid er i hovudsak utført på dugnad.

Vidare er det gjort ytterlegare grusing, rydding og forefallande vedlikehaldsarbeid rundt løypa, som gjer at denne no framstår betre en på fleire år før skisesongen 2018/2019.

Det vert også lagt ned ein betydeleg innsats i løypekøyring gjennom vintersesongen, særleg Magnar Hillesdal og Bernt Øyvind Vad har lagt ned mange dugnadstimar i løypemaskinen til glede for alle brukarar av løopenettet i fjellet.

#### Lundekollen

Alpingruppa med Erling Tyse i spissen, har halde fram med arbeidet med å fjerning av det gamle «skitrekket» i Lundekollen.

#### -Ymse

#### Heimesida: [stordski.no](http://stordski.no) Facebook og Skinnytt

**stordski.no:** Heimesida er jamleg i bruk. Sida vert nytta både til annonsering av arrangement (interne og eksterne), resultatservice og anna praktisk informasjon, ikkje minst løype- og føremeldingar om vinteren.

I tillegg kom det i 2014 ei open facebook-side for Stordski. Sida er eit supplement til [www.stordski.no](http://www.stordski.no) og nådde eit breitt publikum på kort tid. Per i dag vert info om løypemeldingar, arrangement, resultat m.m. publisert på fjesboka og brukarane er mange.

**Skinnytt:** Leiar i skigruppa, Odd S. Rommetveit, har sidan 2014 utarbeidd eit kortfatta informasjonsskriv til medlemmer og andre med interesse for skiidretten på Stord. I 2018 kom Skinnytt ut i tre utgåver.

**Mål- og aktivitetsplan:** Skigruppa har utarbeidd ein omfattande mål- og aktivitetsplan, med årleg rullering og årsmøtegodkjenning.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



**Medlemmer:** Skigruppa har i 2018 fått treningsavgift innbetalt frå i alt 41 personar.

**Økonomi:** Økonomien til skigruppa er god. Viser elles til rekneskap for 2018.

**Gruppeleiing:** Etter valet på årsmøtet 26.2.2018 var styret samansett slik:

**Leiar:** Odd Stuve Rommetveit, valt i 2018 for 1 år.

**Sekretær:** Øyvind Gaute Berg, valt i 2018 for 2 år.

**Kasserar:** Odd Stuve Rommetveit, valt i 2018 for 2 år

**Styremedlemmer:** Bernt Øyvind Vad, valt i 2017 for 2 år. Kjell-Inge Engevik, valt i 2017 for 2 år. Sigurd Sandvold, valt i 2017 for 2 år. Erling Tyse, valt i 2018 for 2 år. Åsmund Hellesøy, valt i 2018 for 2 år.

**Varamedlem:** Magnar Hillesdal, valt i 2018 for 2 år

**Trenarar og oppmenn:** Øyvind Gaute Berg, Kjell-Inge Engevik, Sigurd Sandvold og Stian Engevik.

**Takk** Styret i skigruppa takkar alle som gjorde ein innsats for skiidretten på Stord i 2018.

Stord, 18.2.2019

Odd Stuve Rommetveit  
Leiar og kasserar

Kjell-Inge Engevik  
styremedlem

Bernt Øyvind Vad  
styremedlem

Øyvind G. Berg  
styremedlem

Erling Tyse  
styremedlem

Asmund Hellesøy  
styremedlem

Sigurd Sandvold  
styremedlem

Magnar Hillesdal  
varamedlem



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

### Årsmelding for Stord IL Skeisegruppa 2018



#### Styret 2018

Leiar	Henning Nordfonn
Nestleiar	Bjørn Dalen
Kasserar	Onar Westerheim
Skrivar	Harald Westerheim
Styremedlem	Terje Almås
Styremedlem	Svein Gunnar Notland

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



### **Andre funksjonar:**

Ispreparering:	Jan Henriksen og Henning Nordfonn
Kioskstyrar:	Frank Einar Pedersen
Stemneansvarlig:	Bjørn Dalen
Trenarar:	Terje Almås(elitegruppa) Kjell Storelid(talentgruppa) John Kvarme(juniorgruppa) Lene Onarheim Waage(rekruttgruppa)
Økonomigruppa:	Bjørn Dalen Henning Nordfonn Onar Westerheim

**Medlemer:** Skeisegruppa har 47 medlemer pr 31.12.2018

**Styremøter:** Det vart avvikla 2 styremøter i 2018

### **Eksterne møter og representasjoner**

Arbeidsgruppa for hallprosjektet har hatt eit titals møter  
Deltakarar: Henning Nordfonn, Kjell Storelid og Magne Jostein  
Mikkelsen, Silje Sivertsen, Sølve Rusten, Leif Arne Kjærland ,Roy  
Amundsen og Lovise Vestbøstad

### **Akivitetar/arrangement**

Årsmøtet vart avvikla 28.02.2018  
Årsfesten for gruppa vart arrangert 26.04.2018  
Gruppa arrangerte 2 rekruttløp/klubbløp på Vikahaugane i 2018.  
Olav Nylund, Anja Sporsheim og Terje Almås dreiv skeiseskule nokre  
tysdagar og i vinterferien med 20-tals deltakarar  
Gruppa har hatt følgjande dugnader: Parkeringsvakt Aker Stord, Vakt  
handballfestivalen, Støyping, maling, vask og vedlikehald på  
skeisebanen

### **Driftsoppgåver knytta til skeisebanen**

Skeisegruppa har også i år hatt ansvaret for preparering av is,  
snørydding i helgar og ettermiddag/ kveldstid. I tillegg til dette  
generelt reinhald rundt og omkring anlegget.

### **Drift av kiosk/skeiseutleige**

Gruppa har hatt kioskdirfta i publikumstida samt vakt på banen  
mandag, onsdag ,fredag og i helgane .5000 selde biletta



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

**Sponsorar:** SKL Kværner DNB

### Veterangruppa år 2018



Premieseremoni VM-Sprint i Moskva. Onar Westerheim vann M70

Veterangruppa kan sjå tilbake på eit aktivt år med mange gode resultat.

I gruppa er det i alt 7- 8 veteranar. 5 av desse har delteke på fylgjande løp:

Kretsløp : 5 deltakrar.

OC-løp i Stavanger: 5 deltakrar

Masters i Vikingskipet : 2 deltakrar

NM for veteranar på Geithus : 4 deltakrar:

Her vart det oppnådd fylgjande plasseringar( 4 distanser + samanlagt )

Onar Westerheim M70 : 5 gull

Harald Westerheim M70 : 3 sølv og 1 bronse

Kjell Håvard Belsvik M55 : 3 gull og 2 sølv

VM Allround i Baselga: 2 deltakrar

Onar Westerheim M 70 3.plass (15 delt)

Harald Westerheim M 70 6.plass

VM Sprint for veteranar i Moskva: 1 deltakrar

Onar Westerheim meister i H70 (14 delt)

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Klubben held fylgjande noregs- og verdensrekordar pr. 31.01. 2017

### Verdensrekordar :

Onar Westerheim M65	Sprint firkamp	173,390
Onar Westerheim M65	Stor firkamp	186,732

### Noregsrekordar :

Onar Westerheim M65	5000m	8,02.09	Hamar
Onar Westerheim M65	10000m	16,34,60	Stavanger
Onar Westerheim M70	1000m	1,30,36	Inzell
Harald Westerheim M70	5000m	8.33.23	
Harald Westerheim M70	10000m	17.47.43	

### Årsbeste 2018

	500m	1000m	1500m	3000m	5000m	10000m
<b>M50</b>						
Kjell Håvard Belsvik	42,98	1.25,56	2.14,72	4,45,32		17,20,47
<b>M70</b>						
Onar Westerheim	45,16	1.30.36	2.22.33	4.55,43		
<b>M70</b>						
Harald Westerheim	49,23	1.36,74	2.32,64	5.02,93		
Jan Henriksen	49,22	1.41,76	2.52,30	5,46,46		25,52,36
Frank-Einar Pedersen	54,53	1.50,63	2.46,96	5.55,32		22.41.30



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

### Elitegruppa

Flere av våre beste løpere i klubben har satset «proff» siden 2014. Magne Notland og Espen Brask Nordfonn har og er en del av Canadisk skøytelag i Calgary. Dei har fra våren 2018 satsa i Norge.

Magnus Brask Nordfonn deltok på et sprintlag i Salt lake City i USA frem til våren 2018 og har etter dette satsa vidare heima på Stord

Magne Espen har deltatt på stevner i Canada og Norge i dette året Magnus har deltatt på stevner i Norge og USA.

#### Magne Notland

Magne bodde og trente i Calgary i Canada til og med våren 2018. I denne perioden har han satt personlig rekorder på 3000 meter og 5000 meter.

Magne har fra våren 2018 flytta til Østlandet hvor han trener med Aktiv laget på Valle Hovin i Oslo. Han har dessverre slitt med sykdom høsten 2018



#### Personlige rekorder:

500m	36,60
1000m	1.11,04
1500m	1.48,24
3000m	3.53,23
5000m	6.41,93
10000m	15.44,20

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



### Magnus Brask Nordfonn

Magnus satset våren 2018 på ett sprint lagt i Salt Lake City i USA sammen med en treningsgruppe der. Han har siden våren 2018 staset videre heime på Stord. Magnus har satt personligrekord på 500 meter og 1000 meter. Har denne sesongen deltatt på NM Sprint på Gol

#### Personlige rekorder:

500m            37,47

1000m        1.16,23

1500m        1.59,49



### Espen Brask Nordfonn

Espen bodde og trente i Calgary, Canada frem til og med våren 2018 hvor han trente med en treningsgruppe. Espen har fra og med våren 2018 satsa vidare på Stord. Espen har denne sesongen deltatt på NM sprint på Gol

#### Personlige rekordar:

500m            36,76

1000m        1.12,85

1500m        1.51,97

3000m        4.10,86



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

### Junior Gruppa

Juniorane har i løpet av året lagt ned mange timer trening med fokus på mengde og styrke. Alle har vist stor framgang både på barmark og på is. Juniorane har vert mange helger i Stavanger og sommaris på Hamar. Dei har deltatt på løp i Bergen, Stavanger, Bjugn, Hamar og Arendal

#### **Marcus Kvarme**

Marcus har dette året satt personlige rekorder på alle distanser han har gått. Han har deltatt i NM Allround for senior og vart nummer 18. Han har tatt store steg både teknisk og fysisk.



#### Personlige rekordar:

500m	40,55
1000m	1.20,36
1500m	2.02,81
3000m	4.21,16
5000m	7.41,56

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



### Erlend Belsvik

Erlend har fra høsten 2018 flyttet på skule til Stavanger og har trent i lag med elitegruppa til Stavanger Sandnes skøyteklubb og tatt store steg teknisk og fysisk. Han har satt personlige rekorder på alle distanser han har gått.

#### Personlige rekorder:

500m	40,48
1000m	1.20,37
1500m	2.03,74
3000m	4.23,52
5000m	7.38,59

### John Granli

John Granli starte denne hausten på idrettslinja på Stord VGS toppidrett skøyter. Han har tatt store steg teknisk og fysisk. Han har satt personlige rekorder på alle distanser han har gått. Han deltok også på NM Allround for Senior og vart nr 17.



#### Personlige rekorder:

500m	39,85
1000m	1.20,19
1500m	2.01,19
3000m	4.18,73
5000m	7.35,52



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

### Thomas Haraldsen

Thomas har fortsatt sin fine framgang på isen og byrjar no få til mange teknisk elementer på is og har no fått godt tak på svingar i høg fart. Han har satt personlig rekord på 500 meter og 3000 meter

#### Personlige rekorder:

500m	50,43
1000m	1.42,25
1500m	2.36,33
3000m	5.48,15
5000m	11.15,11

### Olav Nylund

Olav har fortsatt sin framgang i sprint og har nå også fått taket på de lange distansane. Han har satt personlig rekord på 3000 og 5000. Deltok i NM sprint for Junior i Bjugn og vart nummer 11.

#### Personlige rekorder:

500m	39,09
1000m	1.18,91
1500m	2.02,45
3000m	4.30,51
5000m	8.20,98



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



### Dina Storelid:

Har fortsatt sin framgang og byrjar nå også få tak på dei korte distansane. Landsmeister på 1500 meter i klassen 13 år og 3. plass på 1000 meter



### Personlige rekordar:

500m	46,31
1000m	1.31,72
1500m	2.22,64
3000m	4.54,75

### Johannes Kroka

Johannes har slitt med vondt i knærne denne sesongen og har nå tatt pause frå skeisinga

### Personlige rekorder:

500m	47,16
1000m	1.39,96
1500m	2.51,37
3000m	5.57,13



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

---

### **Emma Onarheim Waage**

Har vist fin framgang på tross av vonde anklar. Ble nr 5 på 500m på Landsmesterskapet og nummer 6 på 1000 meter.

#### **Personlige rekorder:**

500m	46,36
1000m	1.36,31
1500m	2.33,11
3000m	5.30,24

### **Rekrutt Gruppa:**

Rekruttane har også denne sesongen trent i lag med juniorane. Dei har vert på trenings samlingar til Stavanger og på sommaris på Hamar.

#### **Samuel Onarheim Waage:**

Har stor framgang teknisk og fysisk. Han har satt personlig rekord på alle distanser.

#### **Personlige rekordar:**

500m	48,90
1000m	1.39,30
1500m	2.32,32
3000m	5.28,91

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



### Simen Storelid

Fortsetter solid framgang og viser god treningsvilje. Har satt personlig rekord på alle distanser denne sesongen.



#### Personlige rekordar:

500m                  49,69

1000m                1.38,88

1500m                2.28,14

3000m                5.21,66

### Johannes Almås

Har vist stor framgang på is. Har slitt med vonde tær denne sesongen.

#### Personlige rekorder:

500m                  52,42

1000m                1.47,49

1500m                3.03,30



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

---

### Bastian Onarheim Waage

Har deltatt på skeiseskulen og vert med juniorane på mange økter

300m                    47,40

500m                    1.32,27

For Styret i Skeisegruppa

Harald Westerheim

skrivar

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



### Årsmelding 2018 –Volleyballgruppa



Speleglede i fokus på yngre serierunde U17 i Stord Idrettspark 5. januar 2019.

#### STYRET

Svein Andersland - leiar  
Kjetil Djuve - trenaransvarleg  
Katarzyna Kaczorowska - styremedlem/kioskansvarleg  
Line Kannelønning Halwe - økonomiansvarleg  
Åshild Giving - skrivar  
Ingrid Synnøve Ladehaug - ungdomsrepresentant  
Marie Aadland Djuve - ungdomsrepresentant

#### MEDLEMAR

Det var registrert 70 medlemer i sesongen 2018-19.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

### LAGRAPPORTAR

#### Dame senior 2. divisjon

##### *Sesongen 2017/2018*

Laget hadde ein stabil og veldig god 2017/2018 sesong, med bronseplace for andre år på rad. Sluttresultatet er sum av seriespelet (2. plass) og rankingturnering (4. plass). Laget har hatt ein stabil tropp med ein erfaren grunnstamme som trente saman to gonger i veka. Spelande trener har vore Ane Kristine Storebø og Turid Verdal.



*Glade bronsevinnarar, frå venstre: Gry Tuset, Ruth Løvø Steinsvåg, Katarzyna Kaczorowska, Siw Haaland Pedersen, Marianne Velure, Turid Verdal, Ane Kristine Storebø. Emma Bulie held pokalen.*

##### *Sesongen 2018/2019*

Laget har hatt ein litt tråare start på sesongen enn førre sesong. Me har vore få spelarar, noko som nok har prega resultata litt. Men me er ein spleisa gjeng som står på og gjer det beste ut av det, slik me gjorde kampen mot Søre Neset der tidlegare stordspelar Tonje Haaland Pedersen som arbeidar i Bergen/Oslo stilte sporty opp utan trening i forkant og me vant kampen 3-2 med 6 spelarar. Med utgangspunkt i få seniorspelarar har difor vore spesielt gledeleg og inspirerande at fleire av J17-spelarar har vore med oss på treningar og kampar. Ingrid Synønve Ladehaug har vore med oss heile sesongen og teke store *hopp - gøy!* Etter nyttår har fleire vore med oss på kampar også (Juste Ivanauskaite og Nanett Halwe). Me vant 2 av 6 spelte kampar i 2018 som gav ein 5. plass ved nyttår. Laget har hatt to treningar i veka.

Spelande trener har vore Ane Kristine Storebø og Turid Verdal. Spelarar på kampar hausten 2018: Ingrid Ladehaug, Emma Bulie (t.o.m 13/01-19), Kasia Kaczorowska, Gry Tuset, Siw Haaland Pedersen, Ruth Birgit Løvø Steinsvåg, Ane Kristine Storebø (t.o.m. oktober 2018), Turid Verdal og Marianne Velure.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Glimt frå seriekampen mot Rossvoll 7. februar 2019.

### Herre senior 3. divisjon

Stord Volleyball sitt herrelag vann 3.divisjon sesongen 2017/18. Målet for sesongen 2018/19 har difor vore å igjen vinne serien. Så langt har herrelaget gjort jobben, og det er mykje som tyder på at når sesongen er ferdig 7. april så er det Stord som er seriemeister i 3.divisjon.

Sidan herrelaget har gjort det bra i 3.divisjon, vart me invitert til å delta på ei turnering for 2. divisjonslag i Hordaland. Dette takka me ja til, men fleire av spelarar som er fast på laget hadde ikkje moglegheit til å delta. Me var likevel akkurat nok folk til å stille, der juniorspelar Adrian Sørdal Misini (15 år) fekk sin debut i 2. divisjon og leiar i klubben, Svein Andersland, gjorde comeback. Me enda på 4. plass, men det var ørsmå marginar og det kunne fort blitt 2.plass. Herrelaget har også denne sesongen hatt utfordringar med rekruttering og å kunne ha ein brei spelarstall. Etter nyttår har det likevel vore mykje positivt og fleire juniorspelarar har no tatt steget opp og blitt med herrelaget. Fleire nye seniorspelarar har også dukka opp etter nyttår, og det kan no sjå ut som herrelaget vil få ein brei spelarstall til neste sesong. Det vil kunne gje moglegheit for laget å ta steget opp i 2. divisjon.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Seriemeister 3. divisjon våren 2018, her fra siste serierunde i Sotra Arena. Frå venstre: Øyvind Langballe Storebø (spelende trenar), Erik Nilsen Onarheim, Adrian Holm Nes, Bendik Sierra, Anders Haga, Anders Kalleklev Voreland, Svein Andersland



Frå ranking 2. div i Øystese 10. feb 2019: Frå venstre: Anders Haga, Øyvind Langballe Storebø, Anders Kalleklev Voreland, Håvard Utbjøe Andersland, Adrian Holm Nes, Adrian Sørdal Misini, Svein Andersland. Adrian Sørdal Misini i angrep i foto til høgre.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



### Jenter U17

#### Våren 2018

Året starta med regionsmesterskap U15 i Sveio. Endre Bjørn Ladehaug leia laget til fjerdeplass, og dei kvalifiserte seg med det til NM i Haukelandshallen i april. Det vart ei stor oppleving for spelarane og ei god kjelde til inspirasjon for vidare satsing. Sportsleg enda laget på 14. plass, noko mesteparten av spelarane var godt nøgde med. Sosialt hadde dei fleste det kjekkare enn kjekkast, med tre netter på hotell, men rett nok tidlege morgonar og lite matlyst trass fin frukost.



Jenter U15-laget, inkludert støtteapparat, som deltok i junior-NM U15 i Bergen, Haukelandshallen 6.-8. april 2018. Bak frå venstre: Kjetil Djuve (trenar), Nanett Halwe, Juste Ivanuskiene, Malene Sørli, Maria Handeland, Endre Bjørn Ladehaug (trenar). Midten frå venstre: Geir Mosaker (oppmann), Marie Aadland Djuve, Marie Remine Theisen Kristensen, Ingrid Synnøve Ladehaug, Margrete Mosaker. Foran frå venstre: Selma Rimmereid Aanderaa, Lovise Nordtveit, Eline Holsen Handeland, Jannice Kristin Føyen

Seriesesongen 2017/2018 vart avslutta med 3. plass samanlagt, med pokal og diplom til alle. Før sommaren hadde vi ei sosial samling og spelarmøte på Atheno kor alle fekk lufta motivasjon og meininger omkring det sportslege opplegget for J17-hausten. Nyttig for trenargruppa.

Parallelt med J15-laget trente det ein stor gjeng i teknikkgruppa, opp mot 20 spelarar var regelmessig innom.



Kamp mot Svelgen IL i NM.



Klare for bankett i NM.

### Hausten 2018

Halvåret vart definert med å lage to lag, J17-1 og J17-2. Ambisjonane med å la eks-teknikkgruppespelarane bli med på seriehelg vart difor innfridde, med Aud Jorunn Vedøy som god trenar, oppmuntrar og motivator. Kjekt å vere ein så stor tropp, det viser att i hallane vi er i. Om lag 20 spelarar løyste lisens for 2018/2019-sesongen. Kjetil Djuve gjekk tyngre inn i trenararbeidet med det erfarne laget, og treningsmengdene for jentene auka frå sesongen før. I tillegg har Jon Vegard Ladehaug hatt positive bidrag i siste del av sesongen.

Tre spelarar vart tekne ut til regionssamlingar for uttak til NM U16. Desse var Ingrid Synnøve Ladehaug, Juste Ivanuskiene og Nanett Halwe. Nanett og Juste vart til slutt med i det endelige uttaket. Desse to har representert klubben på ein flott måte på treningssamlingar og representasjon for Hordaland i NM U16 regionslag i Oslo i januar 2019.

Elles har det vore noko vanleg dugnadsarbeid omkring HobbyVolley-helgene. Trenarapparatet og lagleiar har samarbeidd veldig godt. Til sist: Gruppa vil takke styret og klubben for stor økonomisk stønadsvilje i samanheng med NM-deltakinga. Tusen takk!

### Gutar U17

G17 deltok i Sveio på 3. serierunde 6. januar 2018. Guttane var få våren 2018, med 6-7 stk på treningane. Siste serierunde i februar klarte ikkje G17 å stille lag. Frå hausten 2018 kom det fleire nye gutter til G17. Dette var svært bra, då det var fleire gutter som sluttar til sommeren, og det var usikkert på om det blei nok spelarar til eit lag.

Frå hausten 2018 har G17 bestått av Tor Våge, Roger Hermansen, Tobias Meland, Maher Siyam, Sander Giving Iversen, Bjørn Sigurd Sælevik, Eric Laukhammar, Haakon Hellesøy, Lars Lilleheie og Adrian Sørdal Misini. Gutane var med på 2. serierunde i Haukelandshallen, her spelte fleire av gutane for første gang i seriespel. Gutane tapte kampane, men vant fleire sett og fekk god kamptrening. G17 var og med på 3. serierunde i Sveio i januar 2019. Frå G17 er det og svært gledeleg at Adrian Sørdal Misini vart tatt ut for å representer Hordaland i NM U16 regionslag i Oslo i januar 2019.

Hovudtrenar for G17 dette året har vore Anders Kalleklev Voreland med oppmann Linda Sørdal Misini. Hjelpetrenarar har vore Adrian Holm Nes og Håvard Utbjøe Andersland.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



### Minivolley U13

Denne sesongen har det vore mange nye spelarar, og me har ei stabil stamme på 12-13stk. Framgongen har vore veldig fin. Me har også vore så heldige at me har fått med oss fleire foreldre som hjelper til på treningane. Dei er til uvurderlig hjelp.

Eit populært tiltak denne sesongen har vore hjelpetrenarar frå G17/J17 som har vist ulike teknikkar og triks. Det håpar me å fortsette med i kommande sesong også.

Trenarar inneverande sesong har vore Per Øystein Kannelønning og Vidar Nilsen.

### REGIONSLAG U16

Tre stordspelarar vart tatt ut til å representere Hordaland i NM U16 regionslag i Oslo 11.-13. januar 2019. I tillegg var Ingrid Synnøve Ladehaug med på dei første uttakssamlingane. På jentelaget vart Juste Ivanauskaitė og Nanett Halwe til slutt tatt ut, medan Adrian Sørdal Misini kom med på gutelaget. Alle tre fekk godt med speletid på sine lag. Hordaland sitt jentelag vann ein flott bronsemedalje, medan gutelaget endte på 6. plass.



*Adrian Sørdal Misini, Juste Ivanauskaitė og Nanett Halwe som representerte Hordaland i NM U16 regionslag.*

### ARRANGEMENT

**Kvaerner HobbyVolley** vart arrangert 21. april (nr 36) og 17. november (nr 37) 2018. Vårtturneringa trakk 27 lag, medan hausturneringa opplevde rekordpåmelding med 49 lag. For første gang vart det innført påmeldingsstopp og venteliste for HobbyVolley. For første gong var det og deltakande lag frå Austlandet, nærmere bestemt frå Tønsberg. Turneringa er eit felles løft for volleyballgruppa og involverer stort sett alle laga frå dei yngste til dei eldste.

**Yngre serierunde** for jenter U17 vart arrangert 5. januar 2019. Stord stilte med to jenter U17-lag i denne serierunden. Serierunden vart delt med Sveio som arrangerte for gutter U17.

### Jule- og sommaravslutning

Sosiale arrangement er viktig for volleyballgruppa og tradisjonen tru vert det arrangert felles avslutning til sommar og jul. Dette samlar særleg dei yngre laga med felles aktivitet med turneringsspel i Gamlehallen før ein god matbit etterpå.



Frå juleavslutninga 17. desember 2018. Felles oppvarming, blanda lag i turneringsspel og pizza i Idrettsstovo etterpå. Per Øystein Kannelønning leiar an i allsongen med medbrakt gitar.

### KURS

Det har vore arrangert eitt kurs i dommar 1 denne sesongen, 8.-10. februar i Bergen. Her deltok heile åtte medlemer frå Stord, i tillegg var det venteliste for fire spelarar. Dei som deltok var Endre Bjørn Ladehaug, Tuva Giving, Malene Sørli, Tobias Meland, Marie Aadland Djuve, Ingrid Synnøve Ladehaug, Tor Våge og Roger Hermansen.

Endre Bjørn Ladehaug har gjennomført trenar 2, del 1. Anders Kalleklev Voreland og Adrian Holm Nes har tatt første del av trenar 1-kurset, med planlagt fullføring av andre kursdel våren 2019.

### MØTEROMMET I GAMLEHALLEN

Møterommet i Gamlehallen er på det nærmeste ferdig oppussa. I skrivande stund manglar berre stolar. Ein god dugnadsgjeng har tömt rommet for gamle møblar mm og malt veggane. Det er kjøpt inn ny sofa og det er planar for vidare innreiing. Det er dei to ungdomsrepresentantane i styret som har hatt ansvaret for organiseringa av oppussing, så ein stor takk til Marie Aadland Djuve og Ingrid Synnøve Ladehaug.

### SANDVOLLEYBALL

Det var ein aktiv sommar 2018 for fleire stordspelarar med påmeldte spelarar i fleire Norges Tour-turneringar, regionsmeisterskap junior-NM og NEVZA U19 i Tylösand, Sverige.

### Ungdomskulemeisterskapen i Strandvik 8. juni - gull og bronse:

Her tok Ingrid Ladehaug og Nanett Halwe gull i jenteklassen. Det vart og bronse i mix med Adrian Sørdal Misini. Adrian deltok og i guteklassen. Kjekt var det og med instruksjon av våre nye sandvolleyballstjerner Anders Mol og Christian Sørum, og andre frå Beachvolley Vikings.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



*Instruksjon med Beachvolley Vikings og verdsstjernane Anders Mol og Christian Sørum var populært.*

### **Regionmeisterskapen i Øystese 17. juni - to gull og ein bronsse**

Ingrid Synnøve Ladehaug og Nanett Halwe tok bronse i U17-klassen. Ivar Utbjoe Andersland med makker Eirik Åsmul (Eikelandsosen) tok gull i U19 og open klasse.

### **Norges Tour**

Ivar og Eirik deltok på Norges Tour i Strandvik, Sola, Oddanesand og Oslo.

### **NEVZA U19 Tylösand, Sverige, 23.-24. juli 2018**

Ivar Utbjoe Andersland med makker Eirik Åsmul vart tatt ut til å representera Norge i NEVZA-turneringa for U19-lag i Sverige. NEVZA (North European Volleyball Zone Association) er i praksis eit nordisk meisterskap med deltaking dette året frå Norge, Sverige og Finland. Ivar og Eirik kom til slutt på fjerde plass etter å ha tapt bronsefinalen mot eit svensk lag.



*Mange sandvolleyballbanar og frisk vind på Tylösand ved Halmstad, del av "Beachvolley Veckan".*



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

### NM U19 i Oslo 31. juli-5. august 2018

Ivar Utbjoe Andersland og makker Eirik Åsmul (Eikelandsosen) klarte i år sølv i U19, eitt hakk opp frå bronse i fjor. I U21-klassen vart det 8. plass.



Ivar og Eirik med sølvmedaljar i junior-NM U19 i Oslo. Til høgre: Frå finalen.

### Inspirasjons-og treningstur til Canada

2.-15. oktober 2018 var Ivar Utbjoe Andersland og Svein Andersland invitert med TIF Viking til Edmonton, Canada. Ei samansatt gruppe spelarar frå fleire klubbar deltok på to juniorturneringar, i tillegg til ulike kulturelle aktivitetar og opplevingar. Turen var inspirerande og ga nyttig innsikt i kanadisk volleyball, både på junior- og seniornivå.

### ANNA

Volleyballgruppa har no svært god erfaring med å ha to felles treningsøkter i Gamlehallen, mandag og torsdag. Dette gjer at fire ulike treningsgrupper frå U13 til U17 kan trenere parallelt, og mellom anna dra nytte av felles treningskrefter. Det bidreg og til det sosiale i gruppa at dei ulike laga er synlege for kvarandre.

Det er og eit stort pluss både sportsleg og sosialt at møterommet i Gamlehallen no er oppussa og tatt i bruk. Dette styrker oss på treningsarbeidet der t.d. teorigjennomgang kan gjerast i møterommet. Sosialt opnar det opp for nye samlingsøkter som bidreg til ein felles kultur i gruppa.

### ØKONOMI

Volleyballgruppa har hatt eit godt økonomisk år i 2018, og har likvide midlar til å betale kostnader gjennom året. Drifta og budsjettet har vaksen dei siste åra, og ein satsar på å dekke kostnader gjennom sponsing, treningsavgift og sportslege arrangement. I året 2018 har ein gjennomført fleire gode arrangement og motteke sponsormidlar. Utgiftene er knytt til kampavvikling, trenarhonorar, kostnader til hovudlaget, revisjon, utstyr, NM U15, regionsamling og andre utgifter som omfattar annonser, interne arrangement med meir. Økonomien i gruppa er god med reserver til bruk om det må gjerast investeringar, eller auka behov til drift utover det som ligg i budsjettet. Syner elles til rekneskap for 2018.

Gruppa har generelt ein sunn økonomi og fornuftig pengebruk. Inntektene kjem frå arrangement, treningsavgift og støtte/sponsor/dugnad. I 2018 har vi i tillegg til sponsorstøtte frå

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Kværner motteke sponsorstøtte frå fleire verksemder direkte knytta til NM U15. Vi har i år som i fjor også motteke midlar frå Sparebanken Vest som er øyremerka opprusting av sandvolleyballbanen ved Nordbygdo ungdomsskule. I tillegg har vi motteke støtte for gjennomføring av arrangement frå Hordaland Volleyballregion.

Stord, 5. mars 2019

*Svein Andersland  
Leiar*

*Line K. Halwe*

*Kjetil Djuve*

*Katarzyna Kaczorowska*

*Åshild Giving*



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.1.7 - ÅRSMELDING IDRETTSMERKE

---



### ÅRSMELDING FRA IDRETTSMERKEUTVALGET 2018

Utvalet har hatt 2 møter med planlegging av dagar og der tider for prøvane vart bestemt.

Utvalet har hatt 3 kveldar om våren og 3 kvelder om høsten kor deltagarane har kunne avlagt prøvane.

44 har tatt Idrettsmerke i år. Komt til nokre yngre. Veldig bra. Elles så vil vi framdeles anmoda om at gruppene tar tak og får fleire til å ta Idrettsmerke. Her konkurrerer ein kun med seg sjølv. Veldig kjekt. Og det er øvelsar for alle.

Oversikt over dei som har greid krava vart sendt til Hordaland Idr. Krets, Bergen.

Merka vart delt ut på den årlige tilstellinga me har i Idrettstova.

Desse har vore i utvalet i 2018: Gisle Tjong, Per Lunde, Sigurd Riise, Nils Søvold, Johannes Belsvik og Marit S. Cruickshanks.

Utvalet vil takka Tools/Maskinhjørna AS for lysinga i Bladet "Sunnhordland".

Elles vil eg sei at det er ein veldig entusiastisk gjeng som er med her.

Kjekke å jobba saman med.

Håpar å sjå deg på stadion i mai eller september.

Helsing

Marit Sætre Cruickshanks

Leiar Idrettsmerkegruppa



# Årsmelding allianse- idrettslag





SIL ÅRSRAPPORT 2018  
SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---



**STORD FOTBALL**  
**1918 - 2018**

**ÅRSMELDING 2018**

MARS 2019

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



## ÅRSMELDING FOR STORD FOTBALL 2018

### Organisasjon og tilsette

Stord Fotball har i 2018 hatt det niande året som eige idrettslag i allianse med Stord Idrettslag.

9.desember 2009 vart det i ekstraordinært årsmøte i Stord IL vedteke at Stord IL skal organiserast som eit allianseidrettslag. I skipingsmøte same dag vart Stord Fotball skipa som eige særidrettslag i allianse med Stord IL.

Samla var det vore 59 lag i Stord Fotball i 2018, medrekna 9 trear-lag. Dette er om lag like mange lag som i 2017.

Medlemsmassen til Stord Fotball har hatt ei negativ utvikling. Barnefotballen knytt til Hystad skule har tradisjonelt vore ein vesentleg del av Stord Fotball sitt aktivitets- og medlemsområde. Dei siste åra har imidlertid nærleiken til gode baneanlegg i Nordbygda, og manglande prioritering frå Stord kommune når det gjeld nytt baneanlegg på Hystad, medført at store deler av medlemmane har skifta klubb. Det var registrert ca. 500 medlemmer i 2018. I tillegg kjem trenrarar, oppmenn og lagleiarar som samla utgjer ca. 110 engasjerte kvinner og menn.

Roger Matre har vore dagleg leiar i 2018. Han vart tilsett i Stord Fotball ved årsskiftet 2014 / 2015 etter at Stord Fotball og Sunnhordland Toppfotball slo seg saman. Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane er tilsett i delte stillingar mellom administrative oppgåver og trenrarar for aktivitetar knytt til talentutviklinga i både barne og ungdomsgruppa. Espen Haugland har hatt ei viktig rolle i drifta av Akademiet.

Frå 01.01.2017 vart Jon Pall Pallmason tilsett som hovudtrenar for senior herrer med delansvar for Akademiet og Talentskulen. Avtalen med Jon Pall Pallmason gjaldt for 2 år, 2017 og 2018, men opsjon på lenging. Hausten 2018 vart det inngått ny avtale for ytterlegare 2 år.

### Visjon og målsetting

Vår visjon er nedfelt i mottoet «Breidde og Topp».

Stord Fotball har ambisjonar om å være ein viktig del av idretts- og kulturlivet i Stord kommune kor venskap, identitet, inkludering, nærliek, kvalitet og utvikling skal vere førande for vår aktivitet.

Stord Fotball har som mål å gi eit tilbod til alle som ønskjer å spela fotball, og medverke til at barn og ungdom utviklar gode haldningar basert på gjensidig respekt både på og utanfor fotballbanen.

I barnefotballen ønskjer me å gi barna ei positiv oppleveling av meistring saman med vene i eit trygt og kjent miljø. For ungdomsfotballen ønskjer me å gi eit variert tilbod til alle, med mål



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

om at fotballen vil vere ein arena kor både det sosiale og sportslege er motivasjon for å drive fysisk aktivitet. Ein kombinasjon av lag spel og individuell utvikling kor god helse og fysiske ferdigheter i sunn konkurranse med jamnaldrande er bærekrafta.

Stord Fotball har i tillegg eit mål om gi eit tilpassa tilbod til dei som har lyst til å trene meir. Dette gjer me gjennom betre opplæring av trenarar, lagleiarar, dommarar og styremedlemmar. Gjennom motivasjons – og spelarutviklingstiltak for barn og ungdom i ”Talentskulen”, ”Jenteløftet” og ”Teknikkskulen”, samt ”Akademiet” (Fotball SFO) for dei yngste, ønskjer me å gi eit tilbod med høg kvalitet til både medlemmar i Stord Fotball og også til andre klubbar i regionen.

Stord Fotball har i 2016, 2017 og 2018 lagt ein bevisst framtidig strategi når det gjeld rekruttering til seniorlaga for menn og damer med fokus på ein balansert kombinasjon av eigenutvikling og tilføring av nye spelarar frå andre klubbar. Me har som mål at kvalitet og satsing på sportsleg utvikling vil gjere Stord Fotball til ein attraktiv arena og førstevalet for motiverte og treningsviljuge fotballspelarar i regionen.

### Senior damer

Damelaget spelte i 2018 i 3. divisjon, etter at laget enda på 2 plass i 2017, like bak Voss som rykka opp. Jentene viste gjennom 2017 sesongen at dei nå var klare for å ta eit nytt steg, og målsettinga for 2018 var klar. Me skulle bli betre enn fjoråret, og rykka opp til 2 divisjon.

Laget fikk trent godt gjennom vinteren og var gjennom tre treningskamper mot Bremnes 5-0, Haugar 1-2 og Avaldsnes 2 5-0, før me i første del av påsken reist på en 5 dagar lang treningsleir til Salou like utanfor Barcelona.

Målet med treningsleiren var å bygge vidare på samhaldet i gruppa, og få terpet på detaljar i treningsarbeidet inn mot seriestart. Dette ble en vellykket tur på alle måter; med gode baner, supre boforhold og god variert mat. Totalt hadde me 8 treningsøkter, samt kamp mot Bergen Nord med seier 4-0.

Me var godt i rute inn mot seriestart. Den einaste bekymringa var at stallen var liten, med 15 spelarar totalt og berre ein keeper. Noko som gjorde laget sårbart for skader og sjukdom. Utfordringa var at dei yngre gruppene bak damelaget også var fåtallige. I god dialog med trenarane og lagleiinga frå lagene valgte me derfor å ikkje ta opp fleire jenter til damegruppa i fare for å øydeleggje for dei andre gruppene. Me klarte å hjelpe kvarandre med spelarar, slik at me kunne komma oss gjennom sesongen utan å måtta trekka lag, og følgjeleg stå i fare for å ikkje ha eit tilbod til alle.

Laget starta serien 8. april med 8-0 seier borte mot Loddefjord, og fulgte opp med ytterlegare 5 strake sigrar før det vart 0-0 og uavgjort borte mot Bønes. Helga etter ble det 3-0 seier borte mot ENK. Når vårsesongen var unnagjort låg me suverent på toppen av tabellen med 9 sigrar 1 uavgjort og målskilnad 37-8. Me var i rute og hadde tatt grep om opprykkspllassen.

Me tok «ei heil veka» treningsfri på sommaren, og holdt elles i gong med treiningar inn mot Norway Cup der me skulle stilla i J19 klassen. Denne turneringa ville me bruka som oppkjøring inn mot haustsesongen. Turneringa enda med finale og 1-0 siger over meritterte Tiller frå Trondheim.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Etter turneringsseier i Norway Cup og få dagar til første haustkamp, var jobben no å få nullstilla jentene med fokus hovudmålet om opprykk til 2. divisjon. Jentene viste kva som bur i dei og banka Loddefjord 4-0. Deretter såg me oss ikkje tilbake. Med 59 poeng, 19 sigrar 2 uavgjort og 1 tap, og målskilnad 91-19 hamna me 11 poeng føre Fyllingsdalen 2 på andre plassen. Me kunne jubla for å ha nådd årets målsetting med opprykk til 2 div. Sanne B.D. Lekven ble med sine 26 mål toppscorar i 3 div. avdelinga for andre år på rad..

Øyvind Mellemstrand har vore hovudtrenar. Hjelpetrenarar har vore Håkon Vestbøstad og Atle Ersland. Rune Pedersen har vore oppmann / lagleiar, og Åse Eide har vore kasserar.

### Senior menn

Etter at Stord hadde redda plassen i 3. divisjon 5 minutt på overtid, var det knytta spenning til korleis sesongen 2018 skulle bli. Det var relativt få utskiftingar i stallen frå 2017 sesongen til 2018.

Laget reiste på treningsleir til Tyrkia i vinterferien. Fine banar og eit flott hotell gjorde at laget fikk eit godt utbytte av turen, både sportsleg og sosialt. Viktig for laget å etablere eit godt samhald før sesongen starta.

I første seriekamp møtte Stord tøff motstand borte mot opprykksfavoritten Sotra. I ein til dels fartsfylt kamp tapte Stord fortent 3-0, men viste i periodar at laget absolutt kunne spille jamnt med Sotra.

I andre kampen kom det første poenget. Kampen mot Øystese på Vikahaugane endte 2-2. Stord leia lenge 2-0, men slapp inn 2 mål på slutten av kampen. Dette skulle i løpet av sesongen vise seg å bli en utfordring for laget. I tredje kampen møtte Stord Fyllingsdalen borte og tapte til slutt 3-1. Stord var lenge inne i kampen og kunne med litt hell, tatt med seg poeng frå denne kampen.

I den andre heimekampen møtte laget Tertnes. Også denne kampen endte uavgjort, etter at Stord hadde leia 1-0. Første seier kom mot Varegg. Endelig hadde laget litt flaks og vant 2-1. Tredje heimekamp var mot eit ungt, men godt Viking 2. I denne kampen ble Stord utspelt og tapte fortjent 1-3. Det er lenge siden Stord har vert lengre unna poeng i ein kamp i 3 divisjon. Resten av kampane i vårsesongen gav lite uttelling. Når ferien kom stod Stord med fattige 10 poeng og dei aller fleste på Stord hadde nok gitt opp at laget skulle klare å halde plassen i divisjonen. Tore Kannelønning returnerte til Stord i løpet av sommaren og tilførte laget sårt tiltrengt rutine.

Første kamp på hausten starta uvanleg bra. Stord utspelte Lysekloster i ein  $\frac{1}{2}$  time og leia fortjent 2-0. Det varte imidlertid ikkje lenge, og laget tapte til slutt 6-2.

I heimekampen mot Brodd gjentok historien seg om at laget slapp inn mål på overtid. Da alle trudde at laget hadde sikra seg 3 viktige poeng, scora Brodd utlikninga godt på overtid.

I neste heimekamp vart det et nytt tap for Sotra. Kampen endte 0-1, men kunne like gjerne endt med seier til Stord. På dette tidspunktet var det nok ingen som trudde at Stord kom til å redde plassen i 3 divisjon. Før bortekampen mot Tertnes kom Viktor Segatta tilbake til Stord. Ingen hadde gløymt kva han gjorde for Stord i 2017. Kampen endte 2-2, etter at Viktor fikk annullert eit mål rett før slutt. Etter kampen uttalte Jon Pall at laget garantert skulle unngå nedrykk.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

Laget reiste til Førde med fornja sjølvtillit og vant fortent 2-1.

Etter at Rune Mo kom fra Lyeskloster til Stord hadde laget fått viktige forsterkningar i alle lagdelar. Dette gjorde at Stord brått vart haustens lag i divisjonen.

Med seier 5-2 over Varegg, var det plutseleg optimisme å spore igjen.

Slik forsatte haustsesongen. Ny sterk borteseier mot Viking og 2-1 heime mot eit godt Sogndal, gjorde at det no var realistisk å håpe på fornja kontrakt.

Fana vart overkjørt av Stord i Bergen, og laget gav seg ikkje før det sto 4-1.

Når Stord klarte 2-2 borte mot Brann og Tertnes tapte 4-3 mot Sotra, var Stord på trygg plass.

Helga etter møte Stord eit opprykksjagande Lysekloster som til slutt vant fortjent 2-0 på Vika.

Når Sogndal vant 1-0 mot Tertnes var i realitetten snuoperasjon et faktum. Stord hadde nærmere 20 mål å gå på før siste kamp borte mot Brodd. Denne kampen vart imidlertid ein stor nedtur og Stord reiste heim med 6-1 i kofferten.

Likevel, laget kan være særskilt nøgd med haustsesongen 2018. Publikum kom tilbake til Vika, og mange av oss kjente på at det er kjekt med litt fotballfeber på Stord igjen.

Trenrarar, spelarar og støtteapparat rundt A-laget har gjort en formidabel jobb også i 2018.

Ikkje minst har oppmannsapparatet gjort en kjempejobb med tanke på tilrettelegging for trenrarar og spelarar både i forhold til kamp og trening. God oppfølging frå Sindre Askeland og Henrik Vervik har bidratt til relativt få alvorlege/langvarige skadar.

Årets Spelar for Stord 2018 er ikkje utnemnd.

Årets Toppscorar Viktor Segatta

### Barne- og ungdomsfotballen

#### Barnefotballen

- Barnefotball 6–12 år, trear-, femmar- og sjuarfotball.

I 2018 vart pilotprosjektet med trearfotball vidareført i Hordaland. Dei som vart 7 år i 2018 spelte trearfotball. 8-åringane spelte i 2018, femmarfotball. Desse to årsklassane hadde ikkje seriekampar. Dei hadde «Serieturneringar». Det vil seie at laga samla seg og spelte 3-4 kampar kvar speledag. I 2018 hadde dei 4 slike turneringar. Solid og Fitjar var arrangørar på våren, Trott og Stord på hausten.

Alt i alt var det 36 lag, frå Stord Fotball, påmeldte i barnefotballen i året som gjekk. Ein liten nedgang med 2 lag samanlikna med 2017.

Det er starta både jente- og guttelag på Leirvik skule. På Langeland skule er det berre starta opp guttelag, men det er med 3-4 jenter i denne gjengen. Målet er å få på plass eit jentelag frå Langeland skule i denne årsklassen i 2019. Rekruttering av nye spelarar og organisering av barnefotballen er ein kontinuerlig prosess kor Kjersti Høgås Klingsheim er kontaktperson for rekruttering av nye medlemmar.

Stord Fotball jobbar aktivt for at samarbeidet mellom laga internt i klubben funger godt på tvers av klassar og årstrinn.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Barnefotballen i Stord Fotball er delt inn i skulekrinsane Langeland, Leirvik og Hystad. Hystad skule kretsar no, på grunn av geografisk plassering og nærleik til nye banar i Prestegardsskogen, til Trott. I 2015 mista Stord Fotball sine siste lag på Hystad skole, da eit 2007 og eit 2003 lag melde overgang til Trott frå 01.01.16

Stord Fotball har i 2018 hatt fokus på oppfølging av dei yngste laga, og har mellom anna gitt tilbod til nye trenarar og lagleiarar om lagleiarkurs i UEFA C-lisens, no kalla «Grasrottrenaren». I 2018 var det fleire trenarar som tok trenarkurs samanlikna med dei føregåande åra.

Stord Fotball ønskjer å ha eit godt sportsleg og pedagogisk tilbod til barn gjennom trening leia av gode trenarar. Treningane skal ha fokus på leik og moro kor alle er inkludert, og opplever meistring og utvikling.

Morten Tislevoll har i 2018 vore trenarveileiar for gruppene i barnefotballen.

I forkant av 2017- sesongen vart det bestemt at NFF Hordaland skulle delta i eit pilotprosjekt som påvirker barnefotballen frå 2017 sesongen. Dette vart vidareført i 2018. Speleforma er slik:

- 6 - 7 år : 3 ar fotball
- 8 - 9 år : 5 ar fotball
- 10 - 11 år : 7 ar fotball
- 12 år : 9 ar fotball

Tilbakemeldingane frå trenarane er at 3 ar fotball er eit godt tilpassa kamptilbod for dei minste.

Puttefestivalen vart som vanleg avvikla siste helga i august, 25.08 – 26.08, i flott vær, med deltagning frå 140 lag, og strålende nøgde born og entusiastisk publikum.

### **Ungdomsfotballen - jenter og gutter 13-19 år**

#### **Jentene 13 – 19 år**

Stord Fotball har markert seg på ein fin måte i ungdomsavdelinga i sesongen 2018.

Jentefotballen i Stord fortsetter sin positive trend der gode treningar står i høgsete. Stord Fotball har no fått mange gode trenarar og lagleiarar til å utøve godt og klokt leiarskap. Samarbeidet mellom laga er godt.

Å ha ei slik ungdomsgruppe med godt over 100 flinke jentespelarar som hevdar seg sportsleg på alle nivå er klubben særstolte over. Det kjem til å bera frukter i mange år. Jobben som vert gjort er unik.

Stord fotball har ei lys framtid på jente/damesida.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### Jenter 12

Jenter 12 med Lars Klingsheim og Oddvard Skard som trenarar spelte i 13 års klassen. Laget spelte i 2. divisjon og vann si pulje på målforskjell enn lag nr. 2.

I sluttspellet møtte laget Sotra heime i første kampen, og vinner 3-2 etter ei sterk avslutning av kampen. I finalen om meisterskapet møtte det særskjulte ungene laget Nore Nesi på deira heimebane. Også i denne kampen kjem jentene under 0-2, men med flott og fin fotball snur jentene på nyt kampen i andre omgang og vinner fortent 3-2.

Jentene kan dermed smykke seg med tittelen «meistrar», noko som er ein stor prestasjon når me i tillegg veit at dei spelar ein årsklasse opp.

Laget deltok også på Voss cup med to lag, kor dei vant alle sine kamper.

Laget består av ca. 15 spelarar og er talentfulle jenter.

### Jenter 13

Jenter 13 som trenast av Jan Erik Stenberg, Ørjan Stokka og Kåre Natvik hadde ein flott sesong. To lag stilte i serien. Førstelaget spelte i 1. divisjon Rogaland. Etter å ha møtt god motstand heile sesongen vinner laget avdelinga si, og får dermed spele rein kretsmeisterfinale mot Staal Jørpeland i Randaberg hallen. Finalen blir en jamn batalje der Stord jentene ikkje scorar på sine målsjansar, medan Staal er effektive scorar på sine sjansar. Kampen endar 1-4, noko som er eit flatterande resultat ut frå spel og sjansar. Sesongen sett under eit viser gruppene har gjort ein verkeleg en sterk prestasjon.

Andrelaget frå denne gruppa spelte i lokal 2. divisjon og vart nummer 2 i serien.

Seriemeisterskapet vart avgjort på målforskjell, kor nettopp J12 vann serien på betre målforskjell. Nok ein flott prestasjon.

Gruppene deltek med to lag i Sør cup i Kristiansand. Her får det eit laget særskjulte tøff motstand og ryker ut etter puljespelet. Det andre laget gjer ei fantastisk turnering og spelar seg helt fram til finalen på Sparebank Sør Arena i denne prestisjetunge turneringa. Kampen er direkte sendt på TV og Stord gjer en særskjulte god kamp, skaper god målsjansar og dominerer banespelet. Men så skjer det som ofte skjer i fotball, motstandarlaget får kontre inn 1-0 på slutten. Laget som igjen blir jentene sine «banemenn» er Staal Jørpeland. Jentene vinner likevel sølv og kan være særskjulte over sin prestasjon.

J13 deltar også på Lerøy jentecup og tar ein flott 3. plass. Gruppene fekk fram to kretslagsspelarar, samt ei rekke jenter som deltek på sonesamlingar. Gruppene har bestått av 22-23 spelarar. Denne gruppa kommer klubben til å høyre meir frå i åra som kjem.

### Jenter 14 og jenter 15

Jenter 14 og 15, som trenast av Atle Heggøy, Bjarte Litlabø og Elisabeth Sætrevik består av 27-28 spelarar frå 2003 og 2004 kullet. Laget hadde to lag i seriespelet. Eit lag i 1. divisjon og eit lag i 2. divisjon Hordaland.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



I 1. divisjon tek laget ein sterk 4. plass.

Det andre laget vant si avdeling etter ei dramatisk avslutning på sesongen, og får spele om tittelen som «meistrar». I semifinalen møtte dei Nymark som har lange tradisjonar for jente fotball. J15 spelar sin beste kamp nokosinne og feiar Bergensarane av banen med heile 3-0. Dermed er dei klar for finalespel mot Loddefjord i Bergen.

Med seg til finalen i Bergen har laget eigen buss med supporterar, og det følast som om dei spelar på heimebane og vel så det. Kampen vert jamn. Då det nærmar seg slutten og kreftane tek slutt kjennast det som om det er heiropa og støtta frå gjengen som avgjer det heile.

Jentene vinn 3-1 og kan feira sigeren i champagnesprut og tårer. Ei oppleveling som vil bli hugsa heile livet. I hovudsak var andrelaget jenter som var 14 år, og eit år yngre enn sin motstandarar.

Gruppa deltok elles på Danacup med J14 og J15 lag. J14 ryk ut tidleg i A-sluttspelet mot laget som går heile vegen til semifinalen. J15 spelar seg heilt fram til B-finale og taper her mot sterk dansk motstand, men kan nok ein gong ta med seg ein flott stor pokal heim til klubben.

Gruppa deltok også på Haugesund Sparebank cup og Lerøy cup. I Haugesund vart det ein sterk 2. plass i A-sluttspel på 14 åringane, og siger i B-finale for 15 åringane. Dermed har gruppa henta heim masse «edelt» metall til klubben sin i 2018.

### Jenter 16 og jenter 17

Stord jenter 17 i 2018 var ei lita gruppe på bare 13 spelarar då sesongen starta opp. Med så få spelarar såg trenarteamet det som utfordrande å få gjennomført ein lang sesong.

Trenarteamet, som inneholdt Kjell Petter Nesi, Svein Ove Eikenes, Tommy Holm og Nils Anders Nilsen, meinte likevel det var verdt forsøket å stille til seriestart. Gruppa var særstak talentfull og alle jentene var pliktoppfyllande i høve til å stille på trening.

Gruppa inneholdt hovudsakleg jenter frå - 2002 årgangen, det vil seie 16 åringar. Det betydde at ein i seriespel kunne låne både frå 2001 og 2003 kullet. Dette var avgjerande for at sesongen vart ein suksess trass at gruppa hadde få spelarar.

Det starta med Lerøy Cup i mars. I denne cupen stilte alle dei beste laga i Hordaland. Cupen gjekk over to helger og laget kom heilt til semifinalen. Fyllingsdalen vann semifinalen 2-1.

Parallelt med oppkøyringa til seriestart kunne 2002 jentene på vårparten få teste seg i kvalifiseringa til NM for jenter 16 år. Jentene imponerte her stort og laget vart einaste lag frå Hordaland som kvalifiserte seg for NM turneringa som er for dei 16 beste laga i Noreg. Jentene vant tre kvalifiseringskamper. Fleire på dramatisk vis som til dømes etter ekstraomgangar mot Gneist. I NM vart Haugar for sterke i 1/8 finalen kor heimelaget vant 3-0 i Haugesund.

I serien leverte jentene variabel innsats. Laget vart prega av at mange av jentene i løpet av året spela seg inn på damelaget. J17 måtte derfor innimellom låne frå dei andre laga i Stord. Dette gav litt "nye" lagoppstillingar og nokre tap av og til. På sitt beste viste laget at dei var heilt i toppen. Mellom anna vart serietoar Fyllingsdalen slått 4-1 heime på Langeland i vårsesongen.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Laget spelte også 1-1 mot kretsmeister Nore Neset / Os i haustsesongen heime på graset på Stord Stadion.

Høgdepunktet vart Gothia Cup. Der stilte laget i J17 klassen. Laget kom i ei knalltøff pulje mot mellom anna Minnesota med dei beste frå heile staten Minnesota, og mot svenske Ekberg som hadde kome til semifinalen året før. Begge laga vart for tøffe og Stord enda på 3. plass av fire lag i pulja. Dermed måtte laget til B-sluttspellet. Skuffande for Stordjentene som hadde store ambisjonar, men jentene klarte å restarte og B-sluttspellet vart ein opptur og parademarsj heilt fram til finalen. Der vart det tap etter straffesparkkonkurranse, men alt i alt vart suksessen i B-sluttspellet eit godt «plaster på såret».

Serieresultatet vart til slutt 3. plass i 1. divisjon Hordaland. Nore Neset/ Os og Fyllingsdalen fekk dei to første plassane berre to poeng føre Stord. Laget hang med i tetkampen til siste slutt, og laget kan vera stolte av innsatsen.

Etter endt sesong har heile seks spelalarar frå laget teke plass i damelaget sin tropp. Det seier litt om kor god denne gruppa har vore. Fleire enn dei seks vil i løpet av kort tid kunne slå følgje til damelaget om dei opprettheld treningsinnsatsen.

### Jenter 19

Stord Jenter 19 starta 2018 sesongen med 19 jenter, 7 jenter frå 2000 kullet og 12 jenter frå 2001 kullet. Laget fikk etter kvart ein 2001 spelar frå Trott og ein 2000 spelar frå Fitjar. Det var følgjeleg 21 spelalarar i stallen ved inngangen til ny sesong. Nokre av jentene har også dverre vore plaga med skader.

Leiarteamet rundt laget har vore trenarane Thomas Steensohn og Arve Havnerås, og Hans Jakob Skard som oppmann.

Laget spelte i Jenter 19 serien i Rogaland Nord Fylke. Heile laget har blitt ein samansveisa gjeng med bra miljø, og har gjennomført kvalitetsmessig gode treiningar tre dagar i veke i tillegg til kampar. Trenarane har gjennomført ein fast «policy» når det gjeld speletid kor alle skal få spele minimum ein omgang når dei er teken ut til kamp.

Laget deltok i «Vinterserien» for J19 i Rogaland Nord Fylke og gjennomførte gode og jamne kampar, og tok til slutt andrelassen i serien. Vinterserien var også ein prøve på samarbeidet med J16 og damelaget når det gjeld utlån av spelalarar mellom laga. Samarbeidet fungerte godt begge vegar.

Ved seriestart vart talet på spelalarar redusert grunna skader, jobb og at nokon hadde slutt. Laget var avhengig av å låne spelalarar frå damelaget og Jenter 17. Til tross for avgang av spelalarar leverer laget særskilt gode kampar med fantastisk god innsats og godt samspele med «gjestespelarane». Det vart spilt mange jamne kampar med få scoringer. Mot serieleiar Stegaberg er vi nære med å slå dei i seriekampane, men tapte med eit mål i begge kampane. Laget vert til slutt nummer 3 i serien.

Laget tok tidleg i sesongførebuinga avgjerd om å delta i Norway Cup i 2018 grunna gode minner og opplevelingar frå Norway Cup i 2017. Me spelar innleiingsvis mot gode lag i ei sterkt

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



pulje og taper mot Lyn og Raufoss. Me går vidare til B-sluttspelet kor laget presterer veldig bra, men vert slått ut av vinnaren av B-sluttspelet Sandviken J19 med 0-2.

Gjennom sesongen har me hatt nokre gode duggnader i samband med Sparebanken Vest si ombygging. Me har hatt sosiale samlingar heime hos Arve som har vore veldig populær. J19 er ein flott treningsvillig jentegjeng med masse humor og god tone. Lån av spelarar internt har vore med på å bryte ned små barrierar mellom laga, og gitt ei positiv oppleving av å tilhøyre jente miljøet totalt sett i klubben. Me har også hatt fokus på små ting som til dømes det å ta imot og ønskje velkommen og inkludere nye eller lånte spelarar.

Etter endt sesong er det 4 jenter som slutter av ulike årsakar.

Me ser no fram mot ny sesong som eit «Dame Rekrutt lag» med oppstart i 5. divisjon avdeling 2 i Hordaland. Det vert nok ein ny kvar dag med reising over Bjørnefjorden med ferga til Bergen, men det går seg nok til.

### Gutane 13 – 19 år

#### Gutar 13

Stord G2005 ser tilbake på ein særslig god sesong med mange høgdepunkt. Gruppa bestod av om lag 25 særslig ivrige og fotballglade spelarar. Spelarane viste flott framgang gjennom året, og imponert med mykje fint spel og god innsats i både serie og cup kamper.

Me satte oss 2 hovudmål før sesongen:

1. Halde på flest mogleg av spelarane gjennom ungdomsåra
  - Me skal ha fokus på eit godt miljø med samhald og mykje humor
  - Me skal ”sjå” alle spelarane – og gjere det me kan for å halde dei i miljøet
2. Utvikle gode fotballspelarar
  - Me skal styre kamper med offensiv, hurtig og ”spelande” fotball
  - Me skal vere ferdighetsmessig og fysisk rusta til å utfordre dei betre laga i Noreg

Gruppa trente tre gonger i veka i tillegg til kamper. Totalt blei det gjennomført 118 fellestrenings, og 76 kamper i gruppa i sesongen 2018. I tillegg har veldig mange av spelarane vore med på klubben sin talentskule. Mange har også vore flinke med eigentrening.

I mars arrangerte me vår eigen Stord cup. Det vart ein stor suksess med mange gode tilbakemeldingar frå tilreisande lag. Cupen var ein invitasjonscup inndelt i 2 nivå. Sportsleg vart cupen også ein suksess for Stord G13, med seier i begge klassane til våre 2 lag. Me deltok med 2 lag i serien, eit lag i 1.divisjon Hordaland og eit lag i 2.divisjon (Sunnhordland). Lag 2 fekk ein flott 3. plass på våren, og 4. plass på hausten. Lag 1 vant sin 1.divisjon i Hordaland med klar margin både på våren og hausten. Laget spelte totalt 20 kamper, og det blei imponerande 19 sigrar og 1 uavgjort.

Me har hatt god rotasjon mellom laga, og ekstra kjekt har det vore at alle våre spelarar spelte for lag 1 i løpet av sesongen.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

Som seriemester var me kvalifisert for kretsfinalen i G13. Me reiste til finalen med heile troppen vår. Det var eit særslig flott augneblink då alle marsjerte samla ut på banen før kampen. Ei flott ramma på noko som skulle bli ein særslig bra og spanande kamp mot eit godt lag frå Fyllingsdalen. Kampen endar til slutt 2-2 etter ekstra omgangar. Fyllingsdalen trakk deretter det lengste strået i straffesparkkonkurransen.

Vårsesong blei avslutta med flotte og fotballfylte dagar på Sør Cup. Me deltok med to jamne lag i 13-års klassen, 9'er fotball. Begge laga gjorde eit solid gruppespel og kom til A-sluttspillet. Her blei det til slutt stopp i 8-dels finalen for begge. Det eine laget tapte knepent for klassevinnaren Vigør, mens det andre laget tapte for eit solid tysk lag. Totalt blei det 9 kamper med 6 sigrar og 3 tap, og ei godt gjennomført turnering. I tillegg deltok me med lag på Zinken cup i Odda, Macron Elitecup i Notodden, Regy cup og Haugesund Sparebank cup, samt med eit samarbeidslag med G2004 på Bauge Elitecup i Haugesund.

Laget har hatt mange spelarar med på sone- og kretssamlingar. Fem spelarar har deltatt på kretslaget og vore med i FKH-team.

Hovudtrenar for gruppa var Jan Kennet Henriksen og Trond Eirik Samdal Nielsen. Trenare har vore Gustav Hamre, Kenneth Littlehamer og Magne Klingsheim. Hovudlagsleiar har vore Linda Heidenreich-Riis. I tillegg hadde gruppa med fleire hjelptrenare og lagsleiarar.

### Gutar 14

I G14, som er gutar fødd i 2004, har Stord Fotball ei gruppe med kjekke og ivrige fotballspelarar frå Leirvik- og Langelandsområdet. I 2018 var gruppa på om lag 23 spelarar. Denne gruppa har over fleire år vore gode representantar for Stord Fotball i form av god innsats og god framferd. Dette har igjen gitt seg utslag i mange gode prestasjonar og resultat. Når ein talte opp etter 2018 sesongen hadde denne gruppa hatt 111 fellestreningar. Dei aller fleste med godt oppmøte. Vidare hadde gruppa spelte 61 kamper i 1. divisjon Nord Rogaland, 2. divisjon Sunnhordland, Norway Cup, Adidas cup og Bauge Elite Cup.

Stord G14 markerte seg fint i seriespelet i 2018. Høgdepunktet i sesongen var nok å vinne vår-runden av 1. divisjon Nord Rogaland. I Norway Cup var gruppa representert med eit 11'er lag og eit 9'er lag. Begge laga presterte godt her også. 11'er laget kom til 8. dels finalen i A-sluttspillet. Noko som må seiast å vera ein veldig god prestasjon. I tillegg fortener spelarane ros for særslig god oppførsel under denne turneringa.

I 2018 har Stord G14 samarbeida godt med laga i årsklassane over og under seg både i forhold til trening og kamp. Dette har vore både nødvendig og nyttig for alle laga. Takk til laga over og under!

I apparatet kring Stord G14 fann ein i 2018 Johnny Raunholm som trenar og lagsleiar, Einar B. Valland som trenar og lagsleiar, Karin Toft som oppkvinn og Norbert Sandela som keepertrenar.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### Gutar 15

G15 ser tilbake på ein god sesong med sportsleg framgang, og veldig bra miljø i gruppa. Laget ønskje å spille utviklande fotball, med god røyrslle og raske pasningar langs bakken.

Før oppstart vart spelargruppa styrka med 5 «eigne» spelalarar som hadde hospitert opp nokre år tidlegare, ein spelar frå Solid og en spelar frå Njardar.

Også trenerteamet var nytt av året.

Etter ein «bli kjent» periode i desember og januar «satte» gruppa seg, og talte 16 spelalarar. Frammøte til trening har vore jamnt og godt gjennom heile sesongen. Laget har trent 3-4 ganger i veka gjennom heile året på Langeland. Diverre mista me 2 spelalarar etter sommarferien.

G15 spelte i 1.divisjon Rogaland i serien. Laget endte på 2. plass i serien. Laget deltok på følgjande cupar : Zinken cup i mars, Norway cup i august og Haugesund Sparebank-cup i oktober. I tillegg hadde laget 3 helger med treningssamlingar; Avaldsneshallen i januar, Heio på Tysnes før oppstart haustsesongen, og avslutningstur til Viking i Stavanger i november.

Laget har hatt spelalarar på sone- og kretssamlingar og inn mot FKH-team. I tillegg har nokre spelalarar fått moglegheit til å hospitere med G16.

Hovudtrenar for G15- gruppa var i 2018 Svein Ove Eikenes. Han har hatt med seg Kjetil Hauge og Bernt R. Mehammer trenarar, og Svein G. Vik som lagleiar

### Gutar 16

Laget ser tilbake på nok ein sesong med god sportsleg framgang, og kanskje som den sesongen der gutane «slo gjennom». Me fekk i år endeleg betalt for det gode og langsigktige arbeidet som er lagt ned, ikkje minst av spelarane sjølv, men og av trenarapparatet som har jobba langsigktig og hatt trua på desse gutane. Til tross for ein fin 5. plass i 1. divisjon Hordaland året før fekk me ikkje «tillatelse» frå kretsen om å stille i 1. divisjon Hordaland med lag-1 frå våren av. Lag-1 måtte derfor starte i 2. divisjon men slo hardt tilbake og rykka rett opp igjen etter å ha vunne alle kampane i pulja ganske klart.

I gruppa vår stilte me også med eit 2-lag i 2. divisjon Nord-Rogaland, slik me har gjort dei siste åra. Mange spelalarar rullerte også i år mellom begge laga i vårsesongen, men etter sommaren måtte me diverre trekke lag 2. Dette var mykje grunna nokre fråfall på grunn av skulegang. Når me då allereie var få spelalarar frå før til to lag og var avhengig av ein del 2003 spelalarar fann me det lurast å trekke lag-2 og fortsette som eit lag. Resten av gruppa fullførte då ein særskilt god haustsesong i 1. divisjon Hordaland. Etter 6 sigrar og 4 tap vart det til slutt ein fin 6. plass i serien.

I staden for sommarcup reiste laget denne gongen på ein fantastisk treningsleir i Salou, som er ein liten by litt sør for Barcelona. For tredje året på rad deltok laget i Adidas cup med lag-1 og gjekk for første gang vidare i pulja si. Dette etter å ha spilt 1-1 borte mot Fana, slått Gneist 6-3 borte og slått Sædalens 8-2 heime. I første sluttspelkamp enda det imidlertid med eit kjedeleg tap for Os.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

I NM slo gutane Arna-Bjørnar 3-0 på bortebane i 2. runde. I 3. runde endte det med eit knepent tap for eit sterkt Bergen-Nord lag, som stilte med fleire seniorspelarar i troppen. Kampen var imidlertid jamn og måtte avgjeras via ekstraomgangar.

Etter sommaren deltok også ein del av gutane våre på Bauge Auto Elite cup i Haugesund og fekk der brynt seg mot god motstand, noko som ga to sigrar og to tap.

Alt i alt har det vore ein særslig flott sesong der sportsleg utvikling og godt sosialt miljø har vore i fokus.

Hovudtrenar for gruppa var Atle Nilsen. I løpet av sesongen har også Svein Ove Eikenes, Atle Heggøy, Morten Tislevoll, Per Martin Furevik medverka godt på trenarsia, medan Kjersti Klingsheim Høgås har stått i bresjen for ein uvurderleg oppdamejobb.

### Gutar 19 -1 Junior

Junior 1 var i 2018 sesongen spelarar frå årskulla 1999, 2000 og 2001. I løpet av sesongen fekk også nokre 2002 modellar kampetrening i ein skilde kampar.

I vårsesongen spalte laget i 1. divisjon, som er høgaste nivået i Hordaland. Laget hamna på 5. plass med 6 sigrar, 1 uavgjort og 3 tap, og ein målskilnad på 34 - 24. Resultatet i vårsesongen kvalifiserte laget til vidare spel i 1. divisjon på hausten.

Laget vart trent av Robin Øvrevik og Ivar Andre` Vedå på våren.

I haustsesongen overtok Jon Andre` Røyrane trenarsvaret for Robin Øvrevik.

Laget enda sesongen på 5. plass med 6 sigrar, 1 uavgjort og 1 tap, og ein målskilnad på 30 – 27.

### Gutar 19-2 Junior

Tilbodet for junior 2 vart gjennomført for andre året på rad. Trenar Jan Morten Haukefær gav her eit «lågterskeltibod» for dei som berre ville drive med fotball eit par gonger i veka. Målet var å tilby ei trening i veka samt kamp , og at eit slikt tilbod ville bringe tilbake spelarar som i utgangspunktet hadde slutt med fotball. Ideen slo til og oppmøtt varierte frå 5-6 til over 24 gutar. Laget deltok i kretsserien 3. divisjon i Rogaland i 2018. Sesongen vart gjennomført med stor entusiasme og mange fine kampar. Laget hamna litt under midten på tabellen. Kjetil Skulstad har også vore med og gjort en flott innsats for at vi skal kunne ha eit slikt tilbod.

«Lågterskeltiboden» og eit stort G 16 kull gjer at Stord Fotball går inn i 2019 sesongen med rekordmange gutar i junior alderen, om lag 40 spelarar delt på fleire årsklassar.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### Talentutvikling 2018

Medlemmar i klubben har moglegheit til å prøva seg på Leirvik Talentskule, Jenteløftet, Teknikkskulen og Akademiet.

Teknikkskulen og Akademiet vart starta i 2014. Apply Leirvik Talentskule er eit tilbod for gutter (4. -10. klasse) og jenter (5. -10. klasse), Jenteløftet er eit treningsstilbod for jenter (2. - 5. klasse), Teknikkskulen er eit ekstratilbod for gutter (4. og 5. klasse), medan Akademiet er ei fritidsordning for gutter og jenter (1. – 4. klasse). Føresetnaden, som er satt for å driva eit slikt arbeid, er at dette skal være eit tilbod som kjem i tillegg til det ordinære fotballtilbodet som alle har gjennom sine eigne lag og at det ikkje skal gå ut over breiddetilbodet.

Leirvik Talentskule har no vore i drift i meir enn 10 år. Erfaringa so langt er at dette har vore vellykka med fleire krins-, sone-, og landslagsspelarar i klubben enn me har hatt på mange år. Dette skuldast vel så mykje godt arbeid i eigne lag. Styret trur det er samspelet mellom talentskulen og lagsarbeidet som er nøkkelen til suksessen. Leirvik Talentskule hadde på hausten 2018 89 deltagarar. Det vart i løpet av hausten 2018 oppretta ei eiga jentegruppe som trenar i lag ein gong i veka. Det var totalt 17 jenter i denne gruppa ved utgangen av 2018.

Jenteløftet hadde ved utgangen av 2018 13 elevar, Dette er ein liten nedgang frå 2017 Tilboden er godt likt av dei som har delteke sidan starten, og den sportslege utviklinga til elevane har vore god. Jentene vart i 2018 trena av Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane.

Teknikkskulen vart starta opp i september 2014, og er eit populært tilbod med god oppslutning. Det har vore mellom 32-36 betalande deltagarar i 2018. Den sportslege utviklinga i 2018 har og vore god. Fleire av deltagarane har etter kvart blitt flytta «opp» til Talentskulen. Gutane vart i 2018 trena av Robin Øvrevik, Jon Andre Røyrane og Jon Pall Pallmason

Akademiet kom i gang i februar 2014.

Ved skulestart hausten 2018 endra me frå å tilby valfri enkeltdagar til 3 «låste» dagar eller 5 dagar. Dette for å kunne gjennomføre aktivitet i samband med dei andre prosjekta me driv på best mogleg måte for deltagarane og dei tilsette.

Talet på elevar varierer gjennom året. I desember 2018 var det 20 elevar som gjekk på Akademiet, fordelt på frå 5 dager i veka og 3 dagar i veka. Aktivitetane på Akademiet har hovudsak vore leia av Jon Andre Røyrane og Robin Øvrevik.

Akademiet jobbar kontinuerleg med opptak av nye elevar. Gjennom god kvalitet, varierte aktivitetar og engasjerte vegleiarar er interessa for Stord Fotball sitt fritidsordning- tilbod aukande.

Våre beste spelarar i ungdomsavdelinga:

- Ida Holm Næset - 2003
  - Var ved utgangen av 2018 sesongen kalla inn til Equinor talentsamling i Porsgrunn – ho var då ein del av ein tropp på 40 jenter født i 2003 frå heile landet
- Ida Natvik – 2005
  - Vart ved utgangen av 2018 sesongen tatt ut til NFF Hordaland sitt krinslag
- Denice Bratthammer – 2005
  - Vart ved utgangen av 2018 sesongen tatt ut til NFF Hordaland sitt krinslag



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

- Cille Nilsen - 2006
  - Vart ved utgongen av 2018 sesongen tatt ut til NFF Hordaland sitt krinslag, sjølv om ho er 1 år for ung
- Ole Eikenes 2003
  - NFF Hordaland krinslag 2018
- Jonas Skjerven Valland – 2004
  - Vart ved utgongen av 2018 sesongen kalla inn til Equinor Talentsamling i Porsgrunn - han var då ein del av ein tropp på 40 gutter født 2004 frå heile landet.
- Martin Alvsaker - 2005
  - NFF Hordaland krinslag 2018
- Brage Røtnes Nielsen - 2005
  - NFF Hordaland krinslag 2018
- Sander Østraat – 2005
  - NFF Hordaland krinslag 2018
- Albert Sjo Hystad – 2005
  - NFF Hordaland krinslag 2018

Alle desse spelarane har delteke på klubben sine ulike ekstra tilbod.

### Anlegg

#### Garderobebygg og klubbhus

I 2014 kunne Stord Fotball flytte inn i eigne garderobebygg både på Langeland og Vikahaugane. Bygging av garderobebygg og klubbhus vert gjennomført utan finansiell medverknad frå Stord kommune. Stord Fotball har realisert og fullfinansiert prosjekta sjølv med låneopptak, eigenkapital og spelemedilar. Bygga har allereie vist seg å være ein suksess og føresetnaden for gjennomføring av terminfesta kampar på Langeland og Vikahaugane.

Fullføring av klubbhusdelen på Vikahaugane var satt litt «på vent». I 2016 vart samanbygging av «Fotballstova» og «Klubbhuset» med tilhøyrande universelt utforma tilkomst og uteområde fullført. Klubbhuset Vikahaugane var fullført våren 2018, og er no ein viktig møteplass for alle medlemmane i Stord Fotball. Styret vonar at klubbhuset og miljøet som vert skapt gjennom ein trygg sosial møteplass vil skape identitet og motivasjon for å drive med idrett.

Stord Fotball har søkt Stord kommune om lån og finansieringsmedverknad for garderobe – og klubbhusanlegga. Totalt er det utbetalt 3,0 mill. kr. i spelemedilar for garderobar og klubbhuset; 1,0 mill. kr. for kvart anlegg.

#### Baneanlegg

Banekapasiteten til Stord Fotball er tilfredstillande med unnatak av Hystad området. Dei «nye» kunstgrasbanane på Ås og Langeland gjer at både trening og kamplogistikken i barne- og ungdomsfotballen vert planlagt og gjennomført på ein oversiktleg og rasjonell måte.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Oppgradering av Hystad banen vart tatt ut av Stord kommune sitt budsjettet for 2015, men var i langtidsbudsjettet utsett til 2018, og ytterlegare utsett i budsjettprosessane hausten 2018. Manglande oppgradering av banen avgrensar fotballaktiviteten på Hystad, og utøvarane som tidlegare var knytt til Stord Fotball har gradvis sokna meir og meir til Prestegårdskogen og Trott.

Kunstgrasbanen på Vikahaugane er den mest brukte banen i kommunen. Kunstgrasert vart lagt i 2003. Stord Fotball søkte i 2014 om tippemidlar for utskifting av kunstgraset, og har vore i nær dialog med Stord kommune både administrativt og politisk for å få gjennomført rehabiliteringsarbeidet. Oppgradering av banen vart fullfinansiert i Stord kommune sitt budsjett for 2016. Anleggsarbeidet med utskifting av kunstgraset, nytt lysanlegg og nytt ballfangarnett rundt heile banen vart utført i fotballferien slik at Stord Fotball til «Puttefestivalen 2016» hadde ein heilt «ny» kunstgrasbane på Vikahaugane. Stord Fotball takkar Stord kommune for eit målretta og konstruktivt samarbeid i realisering av prosjektet. Kunstgrasbanen på Vikahaugane står fram som eit moderne, komplett og brukarvenleg anlegg.

Grasbanen på Vikahaugane var i god forfatning i sesongen 2018 utan at den vart nytta som kamparena for A-laget. Stord Fotball sitt A-lag spilte sine heimekampar på kunstgrasbanen i 2018. Det er von om at Stord kommune skal rehabiliter grasbanen i 2019 / 2020.

Styret meiner at 2018 har vore eit positivt år for anleggsida til Stord Fotball, sjølv om me har tatt på oss store og langsiktige økonomiske pliktar.

### Dommarar

Ved utgangen av 2018 var det 7 aktive dommarar i Stord Fotball. Dei dømte til saman ca 250 kampar i senior/ungdom gjennom sesongen, noko som må seiast å være veldig bra.

Dommargruppa har hatt 5 samlingar i 2018. Sesongen vart avslutta med oppsummering og Pizza i november.

I april var 56 ungdommar frå G/J 13 og G/J 14 laga på klubbdommarsamling. Dei gjorde ein kjempejobb med dømming i barnefotballen gjennom sesongen og under Puttefestivalen i august.

I Sunnhordland er det ved inngangen til 2019 manko på dommarar. Ein bør oppmøde både vaksne og ungdommar, som av ein eller anna grunn gir seg/trappar ned med fotball, til å ta dommarkurs både for å oppleve glede ved dømming og for fortsatt å vere knytt til fotballmiljøet.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### Kurs og utdanning

Trenarar i Stord Fotball får tilbod om kurs gjennom e-post og på heimesida til Stord Fotball. Det er også informert om kurs og mogleg vidareutdanning i trenarforum og lagleiarmøter.

I løpet av 2018 vart det gjennomført følgjande kurs:

#### Etterutdanning UEFA B-lisens :

- 1 deltakar

#### Grasrottrenaren (tidlegare UEFA C-lisens) deler av kurset :

- 6 deltagarar

Stord Fotball har som målsetjing at flest mogleg av klubben sine trenarar skal ha ein eller fleire deler av Grasrottrenaren (C-lisensen). Arbeidet med å tilby kurs vil vere tema på alle lagleiarmøter og trenarforum i 2019. Det er også ei målsetjing at fleire skal ta UEFA B-lisens i 2019.

Det vil også vere tilbod om Førstehjelpkurs for trenarar og lagleiarar i 2019.

### Økonomi

#### Rekneskap 2018 og budsjett 2019

Rekneskapen for Stord Fotball pr. 31.12. 2018 syner eit driftsresultat med eit overskot på kr. 222 237. Ordinært resultat inklusive finanspostar viser eit overskot på kr. 49 327. Eigenkapitalen er auka frå kr. 235 pr. 31.12.2016 til kr. 1 229 232 pr. 31.12.2017 og til kr. 1 278 559 pr. 31.12.2018.

Budsjett for 2018 var i balanse med ei inntekt på ca. 8,0 mill kr. Rekneskapen viser ei samla inntekt i 2018 på ca. kr. 8 130 000. Samla drifts- og kapitalkostnader var i 2018 ca. kr. 8 080 000. Resultat for 2018 er soleis i samsvar med budsjett.

Samla gjeld pr. 31.12.2018 er kr 3 784 447; lån i Sparebanken Vest kr. 1 504 447 og lån hos Stord kommune kr. 2 280 000.

Låna gjeld nesten i si helheit finansiering av garderobebeanlegga på Vikahaugane og Langeland, og Klubbhus på Vikahaugane. Spelemidlane for garderobebeanlegga totalt 3,0 mill., kr., 1,0 mill. kr. for kvart bygg, er utbetalt frå Hordaland Fylkeskommune .

Avskrivningar og renter knytt til garderobebygga og klubbhus utgjorde ca. kr 340 000 i 2018. Styret har i 2018 arbeidet med refinansiering av låna knytt til garderobebygga og klubbhuset. Etter målretta arbeid innvilga Stord kommune lån til Stord Fotball på kr. 2 400 000 i «Kraftsalsfondet» til ei rente på ca. 1,6 – 1,7 %. Lånet var gitt med verknad frå 01.07.18 og med ei nedbetalingstid på 10 år. Restlånet i Sparebanken Vest knytt til investeringane var kr. 1 465 000 pr. 31.12.2018. Avskrivningar og renter knytt til garderobebygga og klubbhuset er i budsjett for 2019 kalkulert til ca. kr. 230 000.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Styret viser til revidert rekneskap med noter.

Rekneskapet er i 2018 ført av Aktiva Økonomiservice AS

KPMG har revidert rekneskapet for Stord Fotball i 2018.

Styret legg fram eit budsjett for 2019 til årsmøte som balanserer med en inntekt på ca. 8,3 mill. kr.

### Klubbutvikling

Styret i Stord Fotball vil ha fokus på ei målretta utvikling av klubben kor me alle dreg i same retning. Ei utvikling kor det er samanheng mellom det me seier og det me gjer og kor ein sunn og føreseieleg økonomi ligg i botn for aktivitetsnivået på alle plan. Stord Fotball har i 2015 og 2016 hatt økonomisk resultat som ikkje svarar til dei måla klubben har sett seg. Årsakene er samansett og varierer frå år til år. Stord Fotball har i 2017 og 2018 hatt spesielt fokus på tiltak som betrar den økonomiske situasjonen i klubben, og sikrar ei berekraftig utvikling. Det økonomiske resultatet for 2018 er tilfredsstilande, og er eit godt grunnlag å byggje vidare på. Me skal byggje ein robust og profesjonell organisasjon kor samhandlinga mellom dei friviljuge og dei tilsette er nøkkelen til sportsleg og organisatorisk vidareutvikling under mottoet «Breidde og Topp».

Ein vesentleg del av organisasjonsutviklinga vil vere retta mot eit felles verdigrunnlag som skaper identitet og klubbkjensle. Dei fysiske omgjevnadane for Stord Fotball er til stades gjennom full råderett over «Spikerbua» med fotballstova som møteplass, samt klubbhuset også kalla «Nye fotballstova» som var klar for innflytting våren 2018.

Den organisasjonskulturelle arena for samhandling, entusiasme og trivsel krev bevisstgjering om kven me er, og kva med står for frå alle medlemmane på alle nivå. Styret vonar at ein i løpet av 2019 får fullført arbeidet med «Kvalitetsklubbprosjektet».

Stor takk til Aud Litlabø og gjengen hennes som tok utfordringa på strak arm og restarta arbeidet med å få godkjent Stord Fotball som kvalitetsklubb.

Sportslege mål når ein ved hardt og målretta arbeid over tid. Om me har fokus på dei rette oppgåvane og tiltaka kjem suksess og måloppnåing som eit naturleg resultat av rett prioritering. Me ser no resultatet av mange års fokus på kvalitet i treningsarbeidet gjennom "Apply Leirvik Talentskule" med påfølgjande satsing gjennom "Jenteløftet" og "Teknikkskulen" og "Akademiet" (Fotball SFO) for dei yngste,

Stord Fotball er heilt avhengig av eit næringsliv som ser verdien av å støtte organisasjonen sin aktivitet i lokalsamfunnet. Me ønskjer eit opent og nært forhold til våre sponsorar, og trur at me saman kan vere med å skape eit positivt oppvekstmiljø og moglegheit for sportslege utfordringar i alle aldersgrupper. Styret vil takke sponsorar og samarbeidspartar som har gjort det mogeleg å drive Stord Fotball i 2018, og ser fram til mange gode stunder på Langeland, Ås og Vikahaugane framover.

Styret vil takke administrasjonen og dei tilsette i Stord Fotball med innsatsen i 2018.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

Me har lagt bak oss ein sesong kor Stord Fotball fylte 100 år. Stord Idrettslag vart stifta i 1914 med turn, friidrett og bryting som idrettsgreiner frå starten. Då Åsbanen vart bygd i 1916 og 1917 lå det til rette for oppstart med fotball frå 2018.

Styret har ikkje klart å markere 100 – års jubileet som planlagt, men vonar at det nye klubbhuset som var jubileumsgåva til oss sjølvé vert nytta til å skape ein trygg og god arena for utvikling av Stord Fotball sin identitet og sær preg.

Me ser alle fram til ein spanande fotballsесong i 2019.

**Stord 10.03.2019**

Roy-Sverre Amundsen  
Styreleiar

Yngve Hjelmeland  
Nestleiar

Åge Ådland  
Styremedlem

Carl Ove Larsen  
Styremedlem

Linda Heidenreich-Riis  
Styremedlem

Holger Iversen  
Styremedlem

Atle Tungeland  
Varamedlem

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2018 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

#### Årsmelding

Blant sportslege prestasjoner i sesongen så kan me nemna at me hadde NM deltaking av Bjarthe Westerheim og Kenneth Westerheim, dei stilte i NM ultralang på Høydalsmo og fekk fine plasseringar med 25. og 35. plass. Flott innsats også av Kenneth på O-festivalen med 2. plass på mellomdistansen og 6. plass på sprinten.

Fleire resultat finn ein under avsnittet "Sportslege resultat".

I sesongen 2018 har orienteringsgruppa hatt følgjande styre :

Leiar	:	Henrik Ottesen
Kasserar	:	Nina Hagerup
Styremedlem rekruttering	:	Ingen
Styremedlem kart	:	Åge Hovden
Styremedlem teknisk og nestleiar	:	Irinja Almås
Varamedlem	:	Bjarthe Westerheim

I tillegg har desse nemndene fungert:

Kartråd	:	Åge Hovden
Materialforvaltar	:	Kenneth Westerheim
Rankingførar	:	Ove Vedøy
Rekruttering:	:	Ingen
Turorientering	:	Storatraven :Arne Henrik Hovden, Steinar Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes Litlatraven, Gerda Øen, Jan Ove Øen
Uttaksnemnd	:	Jarle Halland
Valnemnd	:	Jarle Halland, Tove Agdestein
Revisor	:	Arne Henrik Hovden og Arne Bjelland

#### Arrangement

Stord Orientering har avvikla følgjande løp i 2018-sesongen:

- Kretslosp: KM natt 7.april og Kristtornløpet 8.april på Heiane. Det var 154 løpare som deltok i Kristtornløpet og 34 i KM natt.
- Lokalløp: 6 av 10 rankingløp i Sunnhordland (Halsnøy, Sveio, Onarheim og Fitjar arrangererte resterande 4 rankingløp), 2 av 4 sprintløp/nybyrjarkarusell (Fitjar arrangerte 2), Romjulslopet og nokre gate/nattløp på vinteren.
- I gjennomsnitt har det vore 31 deltakarar på rankingløpa. Talet på løpare varierte mellom 20-41. Det er andre gang på rad at gjennomsnittet var under 40 løpare. I sprintløp har det vore i gjennomsnitt 27 deltakarar.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2018 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Løp. nr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	Gj. snitt
1994	115	120	109	96	102	122	71	39	98	85			96
1995	96	93	80	90	66	84	68	80	79	58			84
1996	81	105	91	91	92	84	83	74	83	89			87
1997	108	76	87	83	79	94	92	85	70	51			83
1998	75	77	76	88	64	71	65	58	50	68			69
1999	72	71	069	75	52	66	73	80	70	49			68
2000	49	91	64	38	83	61	58	77	68	64			65
2001	63	59	59	90	48	34	60	62	59	62			60
2002	75	58	53	64	63	45	44	57	41	45	56	57	55
2003	66	72	60	71	69	68	54	50	60	54	58	38	60
2004	65	61	53	57	66	31	54	54	51	64	67	66	58
2005	53	64	42	51	50	44	45	52	60	62	59	66	55
2006	38	53	61	54	74	57	54	57	35	50	60	65	55
2007	56	57	59	43	60	47	62	42	65	58	58	60	56
2008	59	63	58	36	56	35	33	66	58	51	31	56	50
2009	49	72	55	40	53	51	44	52	35	56	51	56	49
2010	66	69	47	28	58	51	38	30	55	59	50	49	50
2011	69	59	66	40	43	41	35	44	49	63	54	36	50
2012	57	67	36	75	48	47	55	62	61	51	55	53	55
2013	78	62	70	36	56	69	63	61	58	41	65	49	60
2014	65	68	56	41	62	26	51	63	49	48	33		52
2015	72	56	39	43	51	42	49	35	35	39			46
2016	63	41	63	36	36	59	40	35	32	40			44
2017	46	32	48	38	34	39	37	36	42	27			38
2018	31	39	32	28	31	26	41	20	22	40			31

Løypeoversikt for 2018 sesongen											Gj. snitt	Ulike løparar	
Lang	13	13	10	10	14	10	14	8	9	14		12	23
Mellom	14	16	16	13	12	6	12	7	10	14		12	35
Kort	3	8	6	4	5	6	8	5	3	6		5	17
Nyb.	1	1				1	3			3		1	14
N11-16		1		1		3	4			3		1	
<b>Tot.</b>	<b>31</b>	<b>39</b>	<b>32</b>	<b>28</b>	<b>31</b>	<b>26</b>	<b>41</b>	<b>20</b>	<b>22</b>	<b>40</b>		<b>31</b>	<b>89</b>
<b>Arr.</b>	<b>Fitjar</b>	<b>Stord</b>	<b>Stord</b>	<b>Onarheim</b>	<b>Stord</b>	<b>Stord</b>	<b>Stord</b>	<b>Halsnøy</b>	<b>Sveio</b>	<b>Stord</b>			

Sprintløp 2018	1.sprintløp	2. sprintløp	3.sprintløp	4.sprintløp	Gj.snitt
Sprint	18	21	21	23	
Nyb./under 12 år	9	3	8	5	
<b>Total</b>	<b>27</b>	<b>24</b>	<b>29</b>	<b>28</b>	<b>27</b>

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2018 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

#### Turorientering

Det vart seld 457 tur-o konvoluttar totalt for begge «travane» i år. Storatraven 257 stk og Litlatraven 200 stk. Dette er ein nedgang frå i fjor, ref tab. 1.1 og graf.

Karta i år for Storatraven var Dyvikesåto, Hatlandskogen og Landåsen aust, for Litlatraven var det Sjoalemyro og Almåsmarko.

202 personar har registrert klippa sine i «Tur-o på nett» sida i 2018

Totalt 77 personar tok alle postane i Storatraven (60 postar), og 65 personar i Litlatraven (30 postar).


Det var 48 personar som tok alle 90 postane.

Mange hadde registrert seg i postkassane for månadens post og kvar «månadens post» vinnar fekk gåvekort på kr. 300,-. 292 personar hadde registrert seg ein eller fleire gonger på månadens post, av dei var det 27 stk som hadde vore på alle 5 månadens post. Vinnaren i år vart Silje Vatna som fekk gåvekort på kr. 1000,-.

Storatraven vart avvikla for 47. gong og Litlatraven for 6. gong.

statistikk tur orientering	år								
	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
selde tur o posar									
Storatraven (1972)	230	213	277	278	278	244	297	306	257
Litlatraven (2013)				150	185	175	210	253	200
totalt begge	230	213	277	438	463	419	507	559	457
personar delteke :									
tur-o nett brukar	112	114	122	188	148	167	218	236	202
alle postar Storatraven	42	36	52	67	52	53	73	77	77
alle postar Litlatraven				42	44	55	60	64	65
registrert månadens post (bok)				296	188	213	215	227	202

Tab.  
1.1





# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2018 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

#### Ungdom og rekrutt

Ungdoms og rekruttarbeidet har diverre vært meir eller mindre fråverande i 2018. Me har ingen som har vore villige til å ta ansvar for det.

Det vart arrangert sommaravslutning 19. juni i Sponavikjo i samband med 2. sprintløp/nybyrjarkarusell. Her var det godt frammøte til å være siste løp før ferien. Det vart servert godt bakverk og brus til alle.

Det vart også arrangert o-løp for Nysæter ungdomsskule i gruveområdet på Litlabø.

#### Kart

O-kartet over Digernesmarka er ferdig. Kartet er synfart og teikna av Gunnar Gytri.

Åge Hovden har synfart ferdig kart over Almåsskogen nord for Sagvågsvegen, samt området i Neshaugen og vidare ned mot Valvatnavågen og Klubben. Er komme i gong med synfaring i Sætravikjo mot Grunnavågen.

Det er vidare utført vedlikehald synfaring (hogstfelt) i Valvatnasvingen, Litlabø krysset på E39 og Prestegårdskogen (nytt anleggsområde).

Gatekartet er oppdatert på Vikahaugane Sportsenter/Ungdomskulen.

Det gamle Solidkartet over Dyvikåsen er digitalisert i Ocad og nytta til tur-orientering for 2018.

Skulekartet over Vikahaugane/Ungdomsskulen er oppdatert.

Etter som det ikkje vart tildelt anleggsmidlar for o-karta Landåsen-Lundeåsen og Digernesmarka for 2018, er den same søknaden sendt inn for 2019.

Åge Hovden har utført kart kontroll for Hordland o-krets for dei tre ovannemnte kart.

#### Økonomi

Økonomien i gruppa er god, me har brukt litt av oppspart kapital til oppgradering av kart. Det var lagt inn i budsjettet å bruke 109 000,- av oppsparte midlar. Av dette vart det brukt 45 567,-. Det blei brukt 65 681,- på kartarbeid mot 70 000,- budsjettet.

Av andre litt større avvik mellom budsjett og resultat kan nemnast:

-3986 Turorientering blei noko lågare enn budsjettert, dette var på grunn av færre selde konvoluttar og at 6 800,- frå Sport 1 sitt salg kom inn etter nyttår.

-Det er også lavare reisekostnader enn budsjettert.

-6540 Materiell og utstyr blei noko høgare grunna innkjøpt utstyr til skulepakke som me fekk tilskot til på 2017 regnskapet.

-7090 Andre kostnader gjekk i pluss grunna 11 370,- inn på konto, dette er tilbakeføring av avsetning i 2015.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2018 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Når det gjeld utgifter med kart så har me søkt om nærmiljøkart midlar for karta Landåsen, Økland - Kyvik og Hatland - Digernes ved Digernes. Denne utløyste ikkje midlar i 2018 men søknaden er vidareført for 2019. Det er søkt om å få igjen 300 000,-.

#### Sportslege resultat

**KM Natt, Stord Orientering:** H19 Bjarthe Westerheim 1. plass

**Vestlandsmesterkap, IF Gular:** Mellom distanse H21 Kenneth Westerheim 7. plass. Lang distanse H21 Kenneth Westerheim 6.plass.

**KM mellom/ Fitjar:** H17 Kenneth Westerheim 1.plass, Sigvald Robberstad 1.plass

**NM ultralang Høydalsmo:** H21 Bjarthe Westerheim 25.plass, Kenneth Westerheim 35.plass

#### Norsk O-festivalen/Fossum:

**Mellom:** H45 Kenneth Westerheim 2. av 78

**Sprint:** H45 Kenneth Westerheim 6. av 69



Årsavslutning med tur-o merkeutdeling

Styret



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING

ÅRSMELDING 2018



## STORD SYMJING



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING



## ÅRSMELDING 2018



### Innholdsfortegnelse

Styret	3
Rapport frå styreleder	4
Stemner i 2018	5
Sportslege resultat	6
Trenere i klubben	10
Stord Swim Cup	11
Sosiale arrangement	12
Treningsleirer	13
Rekruttering	14
Symjeskulen	15
Tidtakaranlegget/utstyr	16



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING

---

### ÅRSMELDING 2018



#### Styret

Styret 2018 har bestått av;

- Vanja Storetvedt - Leiari
- Terese Blom Emanuelsson - Nestleiar
- Iren Valvik - Kasserer
- Jostein Weiby - Styremedlem med ansvar for medlemsregisteret
- Leif Magne Malme - Styremedlem og oppmann
- Marie Emilie Isdahl - Styremedlem
- Espen Nylund - Styremedlem med ansvar for det tekniske
- Rebecca Hildebrandt-Paulin - Ansvar for symjeskulen
- Anna Kjøpstad Rimmereide - Utøvarrepresentant i styret
- Oda Karin Nordfond - Varamedlem til styret
- Kasia Kasprzak - Varamedlem til styret

Styret har frå sist årsmøte avholdt 9 styremøter.

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING



## ÅRSMELDING 2018



### Rapport frå styreleder

Stord Symjing er godt organisert. Samarbeidet internt i styret og med trener-gruppa fungerer bra.

KlubbAdmin er systemet som vert brukt til medlemsadministrasjon, dette er eit verktøy for oversikt og kontroll over klubbens medlemmer, inklusiv utsendinga av faktura for medlemskontingent og treningsavgift.

Den Interne Facebook gruppa (lukka gruppe) vert nytta til formidling av intern informasjon på ein rask og god måte. I tillegg brukes mail for å distribuere viktig info.

Den eksterne Facebooksida er open for alle, denne nyttes til allmenn info og nyheter frå Stord Symjing.

Heimesida blir brukt til generelle informasjon for Stord Symjing.

Handboka vart oppdatert etter at nytt styre tiltredde, info og link til handboka vart distribuert til alle medlemmer.

Stord Symjing har sidan oktober 2017 vart medlem i Rent idrettslag som er eit samarbeidsprosjekt mellom Norges idrettsforbund og Antidoping Norge.

I 2018 bytta gruppa namn frå Stord Symjeklubb til Stord Symjing, dette på oppfordring frå NSF.

Stord Symjing's symjeskule er tilslutta Grenskolen i Norges Svømmeforbund (NSF).

Trenersituasjon har vort god i 2018. Trener-teamet vårt fungerer godt. Me har knytta til oss 4 nye trenere, 1 for Minsteparti, 1 for Mellomparti og 2 for Satsing. Det har vort godt oppmøte på treningar og stemner og det har vort flott framgang som viser at konseptet fungerer bra.

Me har hatt ei flott sportsleg utvikling også i 2018, det er god sportsleg bredde i klubben med nokre topp utøver som har kvalifisert seg til NM og UM. Nora Visnes kvalifiserte til UM og langbane NM, Sondre Fjeldstad og Odin Hildebrandt-Paulin kvalifiserte til UM.

Stord Symjing skulle gjerna haft kapasitet til å ta inn fleire symjarar både på trening og Symjeskulen. Utfordring for å få dette til er i første omgang bassengtilgang og deretter kapasitet på trenere.

I 2018 investerte Stord Kommune i nye startpaller og ryggstartere til bassenget i Stord Kulturhus, dette har gitt gruppa eit stort løft, treningsvilkåra er bedra og me kan tilby moderne utstyr på vårt årlege storstevne.

I 2018 har me hatt driftsinntekter på 1.283.375 kroner og driftskostnader på 1.261.209 kroner. Det totale rekneskapan viser eit overskot på 22.414 kroner før skatt, noko som er veldig gledeleg med omsyn på at klubben då framleis har eigenkapital på 603.261 kroner.



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING

### ÅRSMELDING 2018



#### Stemner i 2018

##### Approberte stemner

Dato	Stemne
13.01.-14.01.	Haugaland Kraft Open
20.01-21.01	(LÅMØ Kvalik )
09.02.-11.02.	LÅMØ Vest Bergen
17.02.-18.02.	Allers Invest Cup
15.03.-18.03.	Senior NM kortbane 2017 Bærum
17.03-18.03	Vårskvetten
13.04-15.04	Bergen Swim Festival
26.05.-27.05.	HA-Open
22.06-24.06	AdO Cup
12.07.-15.07.	NM Langbane
31.08-02.09	<b>Oppstartsleir Bømlo</b>
15.09-16.09	Araber Swim
28.09-30.09	Ado Open
05.10-12.10	<b>Haustferie Treningsleir Mallorca</b>
20.10-21.10	Stord Swim Cup
02.11-04.11	Nordsjøstevnet
15.11-18.11	NM/UM junior 2018 Asker
01.12-02.12	Nordialog Cup

##### Uapproberte stemner

17.03.2018 Rekruttstevne Karmøyhallen

##### Internstemner

17.06.2018	Sommaravslutning Kulturhuset
	Internstevne Kulturhuset. På dette deltok også Solid med god oppslutning.
14.10.2018	
15.12.2018	Basarstemne Kulturhuset

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING



## ÅRSMELDING 2018



### Sportslegeresultat

25 på topp - beste poengsum i 2018-sesongen:

1	Navn	Distanse	Poeng	Dato	Sted	Bassen		
2	Visnes, Nora	50m Bryst	<u>33,83</u>	606	14.01.2018	Karmøy	25m	1 30
3	Visnes, Nora	100m Bryst	<u>1.15,96</u>	553	13.01.2018	Karmøy	25m	4 50
4	Rimmereide, Anna Kjøpstad	100m Bryst	<u>1.16,35</u>	544	28.09.2018	Bergen	25m	5 62
5	Rimmereide, Anna Kjøpstad	50m Bryst	<u>35,4</u>	529	04.11.2018	Kristiansand	25m	10 90
6	Hildebrandt-Paulin, Odin	100m Fri	<u>55,81</u>	522	16.09.2018	Haugesund	25m	8 134
7	Hildebrandt-Paulin, Odin	50m Fri	<u>25,18</u>	520	29.09.2018	Bergen	25m	3 125
8	Fjeldstad, Sondre	50m Butterfly	<u>27,9</u>	519	24.06.2018	Bergen	50m	8 97
9	Rimmereide, Anna Kjøpstad	100m Fri	<u>1.02,52</u>	519	16.09.2018	Haugesund	25m	19 153
10	Teetzmann, Simon	100m Fri	<u>58,37</u>	519	13.04.2018	Bergen	50m	17 152
11	Visnes, Nora	200m Bryst	<u>2.47,45</u>	519	03.11.2018	Kristiansand	25m	11 73
12	Rimmereide, Anna Kjøpstad	50m Fri	<u>29,46</u>	518	22.06.2018	Bergen	50m	18 151
13	Hildebrandt-Paulin, Odin	200m Fri	<u>2.04,14</u>	512	20.10.2018	Stord	25m	13 146
14	Teetzmann, Simon	50m Fri	<u>26,15</u>	511	23.06.2018	Bergen	50m	6 100
15	Teetzmann, Simon	400m Fri	<u>4.26,04</u>	507	13.01.2018	Karmøy	25m	30 130
16	Rimmereide, Lovise Kjøpstad	50m Bryst	<u>35,95</u>	505	04.11.2018	Kristiansand	25m	13 117
17	Rimmereide, Anna Kjøpstad	200m Individuell medley	<u>2.33,05</u>	504	14.01.2018	Karmøy	25m	13 117
18	Rimmereide, Anna Kjøpstad	100m Individuell medley	<u>1.11,08</u>	502	15.09.2018	Haugesund	25m	17 126
19	Teetzmann, Simon	200m Fri	<u>2.04,99</u>	502	27.05.2018	Haugesund	25m	26 158
20	Visnes, Nora	50m Fri	<u>28,88</u>	500	29.09.2018	Bergen	25m	33 185
21	Rimmereide, Anna Kjøpstad	50m Butterfly	<u>30,73</u>	499	16.09.2018	Haugesund	25m	20 127
22	Rimmereide, Anna Kjøpstad	200m Bryst	<u>2.50,55</u>	491	27.05.2018	Haugesund	25m	8 105
23	Rimmereide, Anna Kjøpstad	100m Butterfly	<u>1.09,31</u>	489	15.09.2018	Haugesund	25m	13 109
24	Malme, Iver Thoresen	100m Fri	<u>59,8</u>	482	13.04.2018	Bergen	50m	45 211
25	Rimmereide, Lovise Kjøpstad	200m Bryst	<u>2.51,53</u>	482	03.11.2018	Kristiansand	25m	20 117
26	Fjeldstad, Sondre	50m Fri	<u>25,91</u>	478	02.11.2018	Kristiansand	25m	25 226
27	Hildebrandt-Paulin, Odin	50m Butterfly	<u>27,9</u>	477	21.10.2018	Stord	25m	13 160
28	Husebø, Frida Storetvedt	50m Bryst	<u>36,64</u>	477	20.10.2018	Stord	25m	28 152
29	Fjeldstad, Vebjørn	50m Butterfly	<u>28,73</u>	475	24.06.2018	Bergen	50m	18 157
30	Rimmereide, Lovise Kjøpstad	50m Fri	<u>29,42</u>	473	29.09.2018	Bergen	25m	32 281
31	Teetzmann, Simon	800m Fri	<u>9.29,61</u>	471	27.05.2018	Haugesund	25m	18 95
32	Hildebrandt-Paulin, Odin	400m Fri	<u>4.32,90</u>	470	09.02.2018	Bergen	25m	32 187

Nora Visnes passerte 600 poeng og hadde årsbeste på 50 bryst med tiden 33,83 som er ranket til 30 totalt. Odin Hildebrandt-Paulin ble 3dje best i landet i sin klasse med 25,18 på 50 Fri. Videre fikk Nora Visnes 4, Anna Kjøpstad Rimmereide 5, Simon Teetzmann 6 og Sondre Fjeldstad og Odin Hildebrandt-Paulin 8 plass i sine klasser.

7 Svømmer reiste til Låmø vest i Ado Arena : Sondre Fjeldstad, Vebjørn Fjeldstad, Lars Isdahl Føyen, Odin Hildebrandt-Paulin, Pia Østrem, Lovise Kjøpstad Rimmereide og Tønnes Valvik Tønnessen. Tønnes klarte en fin 4 plass på 100 fly og ble nummer 8 sammenlagt i sin klasse.

Så var det Nora Visnes som ble eneste svømmer til Senior NM kortbane. Hun deltok på 50 og 100 bryst.

I april reiste vi til Ado og Bergen Swim Festival: Sondre Fjeldstad, Vebjørn Fjeldstad, Simon Lukas Hammer Haga, Odin Hildebrandt-Paulin, Frida Storetvedt Husebø, Tiril Storetvedt Husebø, Lars Isdahl Føyen, Hedda Aas Løken, Iver Thoresen Malme, Elias Nordfonn, Oskar Råen , Tobias Emanuelsson



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING

### ÅRSMELDING 2018



Samuelson, Simon Teetzmann, Tønnes Valvik Tønnessen og Nora Visnes. Fire svømmere klarte å plassere seg blant topp 50, som er veldig bra i internasjonal konkurranse. Dette var Nora Visnes, Simon Teetzmann, Vebjørn Fjeldstad og Sondre Fjeldstad.

Til avslutning sesongen før sommaren deltok 27 symjarar frå mellomparti og satsing på AdO cup i Bergen og til saman 11 finaler viser stor bredde. Både Nora Visnes, Tønnes Valvik Tønnessen, Vebjørn Fjeldstad og Sondre Fjeldstad kom blant de 3 beste i finalen.

NM Langbane deltok Nora Visnes på 100 og 50 bryst og fikk sterke 16 og 17 plass

Stord deltok med 13 symjarar under Nordsjøstevnet 2018. Dette er den største troppen til Stord så lenge eg kan huske. Lars Isdahl Føyen og Nora Visnes klarte begge å bli nr 4 i sin klasse. Anna Kjøpstad Rimmereide, Nora Visnes, Lovise Kjøpstad Rimmereide og Odin Hildebrandt-Paulin klarte alle meire en 500 poeng.

15.-18.11. stilte 2 utøver til UM i Nadderudhallen. Sondre Fjeldstad og Nora Visnes deltok. Det var første gang for Sondre. Odin Hildebrandt-Paulin som også hadde klart krav fikk ikkje stille pga 8 ukers regelen. Sondre fikk ein fin 14 plass på 50 fly, mens Nora klarte 17 og 18 på henholdsvis 50 og 100 bryst.

Før jul var det igjen felles stemne for mellomparti og satsing i Bergen – Norddialog Cup.

Veldig god utvikling hos flere svømmere og hele 6 svømmere rykker opp til satsing og starter der i 2019.

Flere resultat ligg på:

<http://livetiming.medley.no/>

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING



### ÅRSMELDING 2018



Me har også delt ut milepælsdiplomar til symjarar som har oppnådd tider etter kriteria gjennom sesongen 2018. Det vart delt ut 16 for satsing og 7 for mellompartiet.

#### Krav jenter:

Øving	Bronse	Sølv	Gull
100m bryst	1.52.50	1.40.00	1.25.00
100m fri	1.30.00	1.15.00	1.05.00
100m rygg	1.40.00	1.25.00	1.15.00
50m butterfly	46.00	38.00	33.00

#### Krav gutter:

Øving	Bronse	Sølv	Gull
100m bryst	1.52.50	1.40.00	1.20.00
100m fri	1.30.00	1.12.00	1.00.00
100m rygg	1.40.00	1.25.00	1.12.00
50m butterfly	46.00	38.00	30.00



# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING

## ÅRSMELDING 2018



### Trenere i klubben

#### Trenarar:

##### **Måndag:**

Mellom: Ronny Onarheim  
Satsing: Jan Kåre Fjeldstad og Stina Karlsen Heimnes

##### **Tysdag:**

Minste 1: Elin Moe Ese, Gro Østrem / Silje Marie Helland Dahl  
Satsing: Jim Steinsland

##### **Onsdag:**

Mellom: Andrea H. Aadland og Mathilde Cruickshanks Wilhelmsen  
Satsing: Jan Kåre Fjeldstad og Frida Storetvedt Husebø

##### **Torsdag:**

Minste 2: Øyvind Løken  
Minste 3: Johanne Thoresen Malme / Aleksander Hystad Ottesen  
Satsing: Geir Inge Rimmereide

##### **Fredag:**

Mellom: Christel Hollund  
Satsing: Geir Inge Rimmereide

##### **Laurdag:**

Elite: Eigentrening

##### **Søndag**

Satsing: Jim Steinsland

Stord Symjing har i 2018 hatt følgende deltakelse på kurs/konferanser:

- 2 fra styret deltok på Kretstinget
- 2 trenere fra Minsteparti og Satsing deltok på HSK sin trener/leder konferansen
- Instruktør frå Symjeskulen på instruktørkurs på Stord hos Solid
- 3 trenere fra Satsing og Mellomparti deltok på Kompetansehelga / Trener/Lederkonferansen
- Symjeskuleansvarlig deltok på instruktørkurs i svømmemeopplæring for funksjonshemmede

# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING



### ÅRSMELDING 2018



#### Stord Swim Cup

20.-21.10.2018 arrangerte vi vårt eget stemne Stord Swim Cup, som har blitt ett av de største stemne på vestlandet. 435 deltagere var med og det var nesten rekord.

Fikk mange gode tilbakemeldinger fra deltagende klubber som viser at vårt konsept er godt likt.  
God stemning hele helga og ekstra stas med finaler.





# SIL ÅRSRAPPORT 2018

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING

### ÅRSMELDING 2018



#### Sosiale arrangement

- Stord Symjing har gjennomført tre internstemner i året 2018. På stemne i oktober deltok også Solid, dei stilte med saft, kaffi og kaker.
- Sommaravslutning med sosialt samvære i kunstsalen på Kulturhuset.
- Julestemne med basar i kunstsalen på Kulturhuset og utdeling av milepælspremiar.
- Sosial komité for Mellompartiet har hatt pizza og brettspel i idrettsstova på Vikahaugane.
